



Fylkesmannen i Rogaland



Årsrapport 2017

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	4
1.4 Andre forhold	4
Sted, dato og fylkesmannens signatur	4
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	6
2.4 Andre forhold	9
3 Årets aktiviteter og resultater	10
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	10
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	10
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	11
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	13
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	14
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	15
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	15
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	18
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	19
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	20
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	20
3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptrappingsplan for rusfeltet 2016-2020	23
3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid	25
3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	25
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	26
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	26
3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	26
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	27
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket	28
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	31
3.1.1.15 Andre oppdrag	32
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	32
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	32
3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	33
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	33
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	34
3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktnings situasjonen	34
3.1.2.6 Andre oppdrag	35
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	35
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	35

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	38
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	40
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	43
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	44
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	44
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	44
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	44
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	45
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	45
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	45
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	45
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	45
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	45
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	45
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	45
3.2.9 Landbruksdepartementet	45
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	45
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	71
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	71
3.6 Andre forhold	72
4 Styring og kontroll i embetet	73
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	73
4.1.1 Embetets risikostyring	73
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	73
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	73
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	73
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	73
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	73
4.3 Andre forhold	74
5 Vurdering av framtidutsikter	75
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	75
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	75
5.3 Andre forhold	75
6 Årsregnskap	76

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

FM Rogaland er styrt ryddig og effektivt også i 2017.

Det er dei samla menneskelege og økonomiske ressursane som gjer at me får til gode resultat. Me har høg kompetanse. Ei undersøking mellom ordførarar og rådmenn viser at me og har høg tillit.

Me er oss medvitne dei nasjonale måla og er stadig merksame på korleis me brukar ressursane for å nå best moglege resultat.

I 2017 har me for første gong prøvd ut felles verksemdsplan. Me utvidar denne arbeidsfoma til å gjelda fleire oppgåver i 2018.

Gjennom å løysa prioriterte oppgåver på tvers av avdelingane, har me både arbeidd meir effektivt og lært å spela enda meir på kvarandre sine kunnskapar. Embetsleiinga, avdelingsdirektørane og assisterande direktørar, har saman gjennomført leiarutviklingsprogram. Det gjer og at me kan nytta kvarandre sine positive sider meir for å skapa eit enda betre felles lag.

Me skulle gjerne nådd enda lenger på utvalde rettstryggleiksoppgåver, og ser i så måte fram til ny budsjettfordelingsmodell. På samordning er me gode. Samordning av tilsyn vert opplevd svært positivt ute i kommunane, dette gjeld både våre egne og dei andre statlege tilsyna. Me meiner og at me sjølv er gode på samordning av eventuelle motsegner.

I ein krevjande sysselsetingssituasjon i fylket, er eg stolt over at fleire av avdelingane våre har gitt rom for praktikantar. Me har og inngått samarbeid med institusjonar for høgare utdanning slik at studentar kan delta i ei avdeling for ein periode som grunnlag for masteroppgåvene sine.

Me melder frå til sentrale styresmakter både gjennom høyringar og ved signal me får elles. Av beredskapsomsyn melde me uro for HV 08 i samband med Langtidsplanen for forsvaret. Me sa frå om at introduksjonsprogrammet for nyankomne innvandrarar burde flyttast til KD og er svært nøgde med at det no er blitt slik. Me trur det vil bidra til betre inkludering.

Byvekstavtalen vart underskriven i juni. Fylkesmannen har delteke både i arbeidet med den banebrytande avtalen og også i andre arbeidsgrupper som har ei berekraftig utvikling som oppgåve.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Dei sentrale styringsdokumenta; det årlege tildelingsbrevet og verksemds- og økonomiinstruksen blir tydelegare og meir konkrete etterkvart og gir dermed også klarare føringar for korleis Fylkesmannen skal prioritere mellom oppgåvene. Likevel er det slik at styringssignala har ulik vektning, samstundes som behova for tiltak og innsats kan variere frå fylke til fylke og frå år til år. Dette pregar prioriteringane våre.

Gjennom årleg oppdatert startegidokument, og frå og med 2017 felles verksemdsplan, legg leiinga sine føringar for verksemda komande år. Her slær vi fast mellom anna at lovpålagde oppgåver og rettstryggleiksoppgåvene skal behandlast først. Vi legg derfor stor vekt på å halde saksbehandlingsfristar og gjennomføring av tilsyn der enkeltpersonar sine rettar og står på spel. Av særskilt prioriterte oppgåver kan nemmast vidareføring av implementering av barnekonvensjonen/sjumilssteget, arbeidet med å få på plass ny Fylkes-ROS og oppfølging av flyktingar og asylsøkjjarar.

Arbeidet med kommunale og regionale planar har alltid høg prioritet hos FMRO. For året 2017 har vi dessutan særskilt prioritert arbeid med bærekraftig by og tettstadsutvikling, klima, forureina sediment og skogvern.

Vi nemner også etterarbeidet med kommunereforma og grensejusteringar, som held fram også i 2018.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Etter mange år på topp i vekst og velstand, har først og fremst oljeprisfallet og omstilling i olje- og gassnæringa dei siste åra gjort Rogaland til eit gjennomsnittsfylke, og til dels under, på sentrale indikatorar. Arbeidsløysa er framleis høgare enn landet sett under eitt og ligg ved årsskiftet på 3,2%. Dette er likevel ein nedgang med heile 31% på eitt år. Trygdeytningane og sosialutgiftene i kommunane har vakse som følge av arbeidsløysa. Likevel viser kommuneøkonomien relativt gode tal, men også her nærmar vi oss gjennomsnittet. Folketalsveksten var uvanleg låg også i 2017 - 0,3%, mot 0,4% i 2016. Nær halvparten av kommunane i fylket har nedgang i folketalet i 2017

På andre område som FM har særskilt oppfølgingsanavar for, som utdanning, barnehage og helse skårer fylket også gjennomsnittleg. Rogaland brukar litt mindre enn gjennomsnittet på skule, og har ei særskild utfordring når det gjeld oppfølging av barn og unge med særlege behov, først og fremst grunna i manglande kompetanse og kapasitet. Innføring av ny lov for handteringa av miljøet i skulane (mobbing), har prega arbeidet hos FM i 2017. Vi fekk tilført ressursar til dette arbeidet, og så langt ser det ut til at nyordninga er vellukka i den forstand at langt fleire saker blir avdekkja, behandla i skulane, eller hamnar hos FM.

Fylket har full barnehagedekning, brukar mest pengar på barnehagane av fylka våre, men har fleire ufaglærde i barnehagane enn landet elles.

Vurdert ut frå sjukefåværsstatistikken er Rogaland friskare enn resten av landet, røykjer likevel litt meir, men er elles langt på veg gjennomsnittleg også når det gjeld helseindikatorar.

Redusert vekst gir noko mindre utbyggingspress på arealet, og nedgang bustadprisar, utan at dette har gjort merkbar utslag i mindre planleggingsaktivitet og færre byggesaksklager her hos FM.

Arbeidspresset er stort på arbeidstokken, og årlege kutt i budsjetttrammene fører til redusert bemanning. I 2017 har bemanninga likevel vore relativt stabil, med turnover under 5%. Dyktige, dedikerte og erfarne medarbeidarar og leiing som følgjer opp, gjer likevel at vi får jobben gjort, med berre mindre avvik.

1.4 Andre forhold

Ingenting å rapportere

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Stavanger 28. februar 2018

Magnhild Meltveit Kleppa (sign.)

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er Kongen og regjeringa sin representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli fulgte opp.


Fylkesmannen skal med dette som utgangspunkt virke til gagn og beste for fylket og ta dei initiativ som er påkrevde.

Slik er § 1 i fylkesmannsinstruksen gjengitt i FMRO sitt sentrale styringsdokument "Slik tar vi vare på Rogaland". Instruksene gir her ei kortfatta skildring av samfunnsoppdraget vårt. Elles går oppdraget fram av ei rekkje lover, retningslinjer og andre sentrale styrande dokument, som årleg budsjettproposisjon, instruksar og ikkje minst styringsportalen for fylkesmannen. Oppdraget er såleis tydeleg, men likevel så mangearta og sprikande at prioriteringsutfordringane er betydelege og, ikkje minst, samordningsbehovet stort. Dette er likevel det som kjenneteiknar fylkesmannsrolla og skil FM frå andre regionale statlege etatar. Dette gir også gode muligheter til å følgje opp den nasjonale politikken i fylket, og særleg å syte for betre samordning av statlege mål og verkemiddel i fylket.

Fylkesmannen har i tillegg sine egne styringsdokument, der det fireårige strategidokumentet er det mest sentrale. Dokumentet inneheld visjon, verdiar, strategiar/arbeidsmåtar og blir oppdatert og eventuelt revidert av leiargruppa ved starten av kvart år.

Vi held fast på visjonen vår: Vi tar vare på Rogaland. Og verdiane: *Truverdig, open og tydeleg.*

2.2 Organisasjon og ledelse



Organisasjonskart for Fylkesmannen i Rogaland i 2017. (Foto: Fylkesmannen i Rogaland)

Fylkesmannsembetet er lokalisert sentralt i Stavanger - i Statens hus, saman med fleire andre statsetatar, men også Stavanger bispedømme og KS Rogaland frå hausten 2017.

Fylkesmannen har ikkje funne grunn til å gjere vesentlege endringar i organisasjon og struktur i 2017 og meiner dermed at vi har den organisasjonen som passar best til oppgåver, bemanning og styring.

Vi har framleis fem avdelingar og ein kommunikasjonssjef i stabsfunksjon direkte under embetsleiinga.

Dei aller fleste avdelingane er organiserte i lagseiningar. Miljøvernnavdelinga er likevel seksjonert. Alle avdelingane er leia av eit leiarteam med ein avdelingsdirektør og ein eller to nestleiarar.

Embetet har 183 tilsette, 116 kvinner og 67 menn. 21 av desse er deltidstilsette. Totalt utgjør dette 157 årsverk.

Embetet er leia av fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa og ass. fylkesmann Harald Thune.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Økonomistyring og budsjett

Kombinasjonen av eit hovudkapittel og fleire framandkapittel gjer økonomistyringa i embetet krevjande. Vi har dei seinaste åra gjort mykje for å betre styringa og gjere årsresultatet meir føreseieleg. Eit budsjettavvik for 2017 på 0,2 % viser at vi har lukkast med dette. Sjå elles pkt. 4.1.2.

Fylkesmannen i Rogaland har sett gjennom fleire år at vi har vore underfinansiert, samanlikna med andre embete, på ein del område. Vi ser difor fram til ny budsjettfordelingsmodell, som forhåpentlegvis rettar opp dette.

Personellsituasjonen

Vi viser til pkt. 4.1.3 i rapporten.

Vi har ein turnover på 4,8%. Det er lågt. Vi har i periodar hatt eit litt for høgt tal på midlertidig tilsette. Det skuldast i hovudsak lite føreseieleg finansiering av

nokre saksfelt, til dømes verjemål. Det er ikkje tilfredsstillande.

Vi har eit sjukefråver som er litt høgare enn IA-målsettinga vår. Det er variasjonar mellom avdelingane og det er i liten grad knytt til arbeidstilhøva. Vi ser ingen grunn til særlege tiltak på området.

Likestilling

Vi har ei stor overvekt av kvinner i embetet (63,4%). Vi veit ikkje kvifor det er slik. Det er vel ein generell trend at kvinner søker seg til staten, men det kan òg henge saman med at andre verksemdar løyner betre enn det vi maktar å gjere.

Vi ser likevel ikkje denne skjevfordelinga som noko stort problem, men forskjellen bør ikkje auke.

Vi har omtrent same kjønnsfordeling i toppleiinga (embetsleiing og avdelingsdirektørar) som i embetet elles (62,5% kvinner og 37,5% menn). Det må karakteriserast som viktig og bra. Blant avdelingsnestleiarane er fordelinga 46,7% kvinner og 53,3 % menn.

Gjennomsnittsløna for kvinner er noko lågare enn for menn.

Rekruttering og lønsutfordringar

Vi har til no ikkje hatt problem med å skaffe nødvendig kompetanse. Det er mange kandidatar til stillingane, noko som forsterka av den generelle arbeidsmarknadssituasjonen dei siste åra. Vi merkar likevel ein sterk konkurranse på løn, både frå kommunar og statlege verksemdar. Med ein endra arbeidsmarknad, kan difor rekruttering bli meir krevjande framover.

Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	7 380

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	265.0
Budsjettavvik (%)	0.2 %

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	119 212.0
Lønn 052501	96 797.0
Lønnsandel av driftsutgifter	81.2 %

Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	17 067
Husleie (% av driftsutgifter)	14 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	97 433	62 244	35 189

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
052501	120 160
052521	6 712
Post 01 (unntatt 052501)	35 520
Post 20-29 (unntatt 052521)	96 361
Post 30-39	2 969
Post 40-49	0
Post 60-69	183 112
Post 70-79	20 128
Post 80-89	2 750

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Totalt antall årsverk pr. 31.12.	157.1
Totalt antall årsverk for kvinner pr. 31.12.	95.8
Totalt antall årsverk for menn pr. 31.12.	61.3
Totalt antall årsverk for faste stillinger pr. 31.12.	140.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger pr. 31.12.	16.5
Sum andel administrasjon	12.9 %
Økonomi	4.2
Lønn	0.2
IKT	3.9
Personal	3.1
Arkiv	7.3
Resepsjon/sentralbord	1.6
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Per 31.12.2017 hadde embetet 157 årsverk. Desember er saman med mars og august dei månadane med lågast antall årsverk gjennom heile året. Gjennomsnittsårsverket for heile 2017 er 161. For berekning av årsverk i administrasjonsavdelinga per 31.12, er lærling ekskludert sidan det ikkje er ei eiga kolonne for dette. Embetsleiing er ikkje tatt med. Andel årsverk for "Resepsjon og sentralbord" gjeld kun resepsjon då vårt sentralbord er i Engerdal.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Turnover i prosent	4.8 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	187.6
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	9.0
Totalt antall ansatte som sluttet	20.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	8.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	12.0

Rapport som er nytta er ad hoc for å finne gjennomsnittleg antall tilsette. Det er tatt ut tall på aktive tilsette (faste+ midlertidige) per måned og rekna et gjennomsnitt. YHR TURNOVER er brukt i tillegg til omarbeida rapport S_PH9_46000223 for å sjå på antall fratredelsar i løpet av året og årsaka til desse. I rubrikkane som er fylt ut er ikkje dei fratrådte midlertidige stillingane tatt me, då desse ikkje blir erstatta. Det er 12 utløp av midlertidige tilsettingar i 2017, reknar ein med desse så er det totalt 32 antall tilsette som har fratrudd.

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 696.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.1 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	157.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1.0 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 539.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	6.0 %
Antall legemeldte sykedager for menn	38.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	0.2 %
Avtalte arbeidsdager for menn	15 211.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 207.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4.7 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	25 730.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	119.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.8 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	332.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.3 %

Sykefravær er rapportert på grunnlag av embetets egen beregning.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	116.0	63.7 %	66.0	36.3 %	555 065.2	587 983.0	94.4 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	5.0	62.5 %	3.0	37.5 %	970 980.2	935 900.4	103.7 %
Kategori 2: Seksjonsjef/Ass dir	7.0	46.7 %	8.0	53.3 %	749 900.3	775 428.0	96.7 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	34.0	57.6 %	25.0	42.4 %	578 439.9	590 896.0	97.9 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	49.0	68.1 %	23.0	31.9 %	523 173.0	562 397.1	93.0 %
Kategori 5: Kontorstillinger	21.0	77.8 %	6.0	22.2 %	427 662.9	424 901.5	100.6 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger		0.0 %		0.0 %			0.0 %
Kategori 7: Lærlinger	0.0	0.0 %	1.0	100.0 %	0.0	96 420.0	0.0 %

Rapport som er nytta her er YHR_LOKALE_FORHANL per 31.12.2017. Årslønn for deltidsstilsette er justert til 100% stilling. Det er ein pensjonistavlønna i embetet som er ekskludert fra berekningane. Antall menn vil derfor være ein mindre enn i nøkkeltall under "HR".

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Sum antall ansatte	183.0
Antall kvinner	116.0
Antall menn	67.0
Sum antall deltidsansatte	21.0
Antall deltid kvinner	17.0
Antall deltid menn	4.0
Sum antall deltidsansatte grunnet omsorg jf.AML §10-2, fjerde ledd og HTA § 20	5.0
Antall deltid kvinner, omsorg	4.0
Antall deltid menn, omsorg	1.0
Sum antall midlertidige ansatte	20.0
Antall kvinner, midlertidig	9.0
Antall menn, midlertidig	11.0
Sum antall ansatte med personalansvar	16.0
Antall kvinner, personalansvar	9.0
Antall menn, personalansvar	7.0
Sum antall ansatte	183.0
Antall ansatte under 20 år	1.0
Antall ansatte 20 - 29 år	16.0
Antall ansatte 30 - 39 år	38.0
Antall ansatte 40 - 49 år	46.0
Antall ansatte 50 - 59 år	54.0
Antall ansatte over 60 år	28.0

Antall tilsette og informasjon er henta ut og bearbeida frå rapport YHR_LOKALE_FORHANDL per 31.12.2017. Dei som er definert med personalansvar er fylkesmann, ass. fylkesmann, fylkeslege, avd. direktørar og ass. avd. direktørar.

2.4 Andre forhold

Ingenting å rapportere

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Generelt

Det meste av Fylkesmannen sitt arbeid og oppgaver høyrer heime under dette hovudmålet, sjølv om fleire av oppgåvene meir konkret er knytte til hovudmål 2 og 3. Nasjonal politikk er forankra både i lover, førsegner, politiske føringar, handlingsplanar, kampanjar osv. Både rettstrygg behandling og god samordning er likevel grunnleggande målsetjingar i den nasjonale politikken. Vi brukar såleis til dømes både tilsyn og klagebehandling til å følge opp og rettleie om korleis nasjonale styresmakter vil at kommunar og næringsliv skal innrette seg for at innbyggjarane i landet skal ha gode likeverdige levekår og muligheiter. God måloppnåing under hovudmål 2 og 3 verkar derfor inn på oppfølging av dette hovudmålet.

Det er ikkje alltid konkrete resultatmål innafor dette hovudmålet. Det kan derfor vere vanskeleg å måle resultat av arbeid og tiltak. Oversikt over aktivitet gir derfor det beste biletet av måloppnåing. Sett under eitt er vi godt nøgde med måloppnåinga under hovudmål 1.

Barnehage og utdanning

På barnehagefeltet har arbeid knytt til implementering av ny rammeplan vore prioritert dette året. Fylkesmannen gjorde avtale med IMTEC om gjennomføring av tre samlingar for kommunane, og dei fleste deltok. Den barnehagefaglege kompetansen er ikkje like solid i alle kommunane, men vi meiner dette opplegget har medverka godt til at rammeplanen kan bli omsett til praksis i barnehagane. I tillegg har samlingane førebudd kommunane på å drive barnehagebasert kompetanseutvikling, jf. ny kompetansestrategi. Rekruttering til barnehagelærarutdanning og til arbeid i barnehagen er framleis krevjande i Rogaland. Fleire kommunar har gode strategiar, og talet på dispensasjonar gjekk også dette året noko ned. Men ny «ped-norm» inneber at det må jobbast svært godt med rekruttering framover. Alle kommunane v/barnehagefagleg ansvarleg deltar i faste møte i Kommunalt Barnehageforum Rogaland (KB-R) saman med KS og Fylkesmannen. I tillegg deltar vi i dei tre nettverka under KB-R, og samla er dette tenlege samarbeidsarenaer for å gjere nasjonal politikk kjend og sett i verk.

For grunnopplæringa har nye reglar om trygt skolemiljø vore særleg prioritert i 2017, dette blir nærmare omtalt under hovudmål 3. Så har oppfølging av nasjonale mål i Meld St nr 21 (2016-17) med ny ordning for etterutdanning og oppfølgingsordninga vore sentrale oppgaver dette året. Tre kommunar i Rogaland er på den nasjonale lista over kommunar med svake resultat over tid, og Fylkesmannen har tett kontakt og m.a. kravd politisk forankra plan med konkrete tiltak frå alle. Arbeidet med å «rigge» eit system for den nye etterutdannings-ordninga har vore krevjande, men vi kom raskt i gang og fekk avklart at kommunane ønskte å bruke dei tre etablerte nettverka under Skoleeigarforum Rogaland (SF-R). Friskolane ønskte eige nettverk med Fylkesmannen som «sekretariat». Kommunennettverka har alle eigne arbeidsgrupper som har hatt hovudjobben med å utarbeide plan som alle kommunane i nettverket kunne einast om. Vi har deltatt både i nettverksmøta og i arbeidsgruppene saman med representantar frå UiS, HVL og Utdanningsforbundet. Nettverka har i ulik grad nådd heilt ut med konkrete etterutdanningstiltak til lærarane dette første året, og det er ei utfordring for UiS og HVL å løyse oppdraget på ein slik måte at ordninga kjem lærarutdanningane til gode.

Både regjeringsplattforma og framlegget frå ekspertutvalet om nye oppgaver til fylkeskommunane poengterer vaksenopplæring som eit særst viktig satsingsområde. Vi meiner vi har lagt eit solid grunnlag for vidare arbeid med etableringa av Vaksenopplæringsrådet i forfjor. I løpet av 2017 har vi med forankring i rådet utvikla ein mål- og handlingsplan, og partnarane er no i gang med dei første tiltaka. Introduksjonsordninga for nykomne innvandrarar er eitt av fem satsingsområde i planen. Både tilsyn, klagebehandling og kontakt med kommunane viser at det er nødvendig med tydeleg overordna forankring og god kompetanse i alle ledd i kommunen for å sikre forsvarleg kvalitet i tilbodet. Vi er svært nøgde med at ansvaret på statleg nivå no er overført til Kunnskapsdepartementet.

Planlegging etter plan og bygningslova

Fylkesmannen i Rogaland bidrar i stor grad til gode og effektive planprosessar gjennom formidling, dialog og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser. Vi har i 2017 medverka på ein god måte til utarbeiding og oppfølging av byutviklingsavtale for Nord-Jæren. Samordning av statlege motsegner er no godt innarbeidd i Rogaland, og samarbeidet er godt med øvrige statsetatar.

Gjennom ein større plan- og byggesakskonferanse har vi formidla nytt innan plan- og bygningsretten til kommuneadministrasjonen. Vi har også plantema på kurs og samlingar innan landbruk, klima, foreining, sosial boligbygging, barn og unge og vass- og naturforvaltning. Samarbeid med statlege regionale etatar og fylkeskommunen, om å bidra til gode kommunale planar, er godt. Vi har ei plangruppe som jobbar godt og effektivt på tvers i embetet, noko som gir godt samordna fråsegner til kommunale og regionale planar og rettleiing ovafor kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland er fast og aktiv medlem i Regionalt Planforum. Kommuneplanlegging og kommunal planstrategi er fast tema på kommunebesøk.

Trass i stor plansaksmengde og stort arbeidspress på planmedarbeidarane våre, er det ingen vesentlige avvik å melde når det gjeld planlegging etter plan- og bygningslova.

Naturforvaltning

Ansvar for samordning av planuttalar er hos oss lagt til miljøvernavdelinga som arbeider tett saman med landbruk- og beredskapsmiljøet vårt om dette. Dette gjev godt samordna og grunngevrne naturverninnspel til kommunale planuttalar store statlege utbyggingsprosjekt. Haldninga generelt sett i Rogaland til å ta omsyn til særprega og sjeldsynt biologisk mangfald er nok framleis skeptisk, men vi merkar ei positiv endring blant fagfolk i statsetatar og kommunar. Dette er ei gledeleg utvikling som monnar når det gjeld å finne løysingar vanskelege arealsaker som utfordrar viktige naturverdiar.

I 2017 har vi lagt ned ekstra innsats i å følgje opp nasjonale ambisjonar om frivillig vern innan skogbruk. Vi har også følgd opp frivillige lokale initiativ til utvida vern i strandområdene både nord og sør for Boknafjorden. Vi ser det som svært viktig at slike lokale naturverninitiativ ut over skogvern, vert følgde opp av oss og sentral miljøvernforvaltning.

Landbruk

Regionalplan landbruk er fylket sin viktigaste strategiske plan for den «regionaliserte» nasjonale landbrukspolitikken. Planen gir m.a. føringar for korleis IBU-midlane over Innovasjon Norge Rogaland blir prioriterte, for bruken av dei ulike miljøverkemidlane og er viktig for det meir generelle næringsutviklingsarbeidet. Gjennom gode regionale partnerskap kommuniserer og implementerer vi nasjonal politikk. I høve til politikarane, både i kommunane og fylket, skulle vi sett at det blei vist eit noko større eigarskap til landbrukspolitikken. Vi prioriterer vår oppgåve som kompetansesenter for kommunane, både ovanfor forvaltninga og folkevalde. I 2017 var vi ute i fleire møte med politiske utval. I sum vurderer vi stoda slik at nasjonal politikk både er kjent og iverksatt i fylket. I 2017 starta vi, saman med fylkeskommunen, arbeidet med regional jordvernstrategi. Ressursgruppa for arbeidet er breitt samansett og har gitt ei god forankring av mål og hovedstrategier.

Alkoholnettverk

Arbeidet med alkoholnettverket for folkehelse, kriminalitetsforebygging og ansvarleg alkoholhandtering er vidareført i 2017. Det er samansett av representantar frå KORUS, KS, politiet, næringa, kommunar og to av fagavdelingane til Fylkesmannen. I nettverket har vi ei styringsgruppe og ei ressursgruppe som diskuterer relevante tema og planlegg ein årleg nettverkskonferanse. Det var over 80 deltakarar på nettverkskonferansen, der ca. halvparten var frå skjenkenæringa. Hovudtema på konferansen var alkoholserving på større arrangement, med særleg fokus på alkoholpolitiske retningslinjar, erfaringar frå dei ulike partane, og omsynet til barn- og unge på festivaler og konsertar. Slik vi vurderer det, har møta og nettverkskonferansen bidratt til større rolleforståing og kunnskap hos aktørane. Dette kan også ha medverka til at vi har mottatt relativt få klagesaker etter alkohollova i 2017.

Helse, sosial og barnevern

Vi informerar om nasjonal politikk og prioriteringar i nettoppslag, e-post, kurs, videosnuttar med aktuelle tema og i møte med leiarar og tilsette i kommunane. Retningslinjer og rettleiarar blir gjort kjende via nettoppslag og strategi for bruk og implementering.

Fylkesmannen tar i barnevernleiaringsamlingar og konferansar, der barnevern og helse er samla, initiativ til at ny kunnskap blir tatt i bruk i dei kommunale barneverntenestene og/eller i andre tenester, som retter seg mot utsette barn og unge. Samarbeid mellom barnevern og psykisk helse har i 2017 vore ei prioritert oppgåve.

I arbeidet med sjumilssteget, i klagesaker, tilsyn og møte med kommunar og brukarar ser vi at tverrfagleg/tverretateleg samarbeid framleis er ei stor utfordring i kommunane. Det aukar faren for at utsette barn og unge ikkje får den hjelpa dei treng. Fylkesmannen har av den grunn prioritert BTI - betre tverrfagleg innsats for utsette barn og unge.

Det er etablert arenaer for kunnskaps- og kompetanseutvikling i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar som universitet -og høgskule, RKBU/RBUP, Bufetat og brukarorganisasjonar. Fylkesmannen er i dialog med kompetansesentra om deltaking og regionalt samarbeid, med utgangspunkt i kompetansesenterforum frå 2018. Det vil bidra til at oppdrag i større grad blir samordna regionalt og lokalt i det enkelte fylket, og til at nasjonal politikk er kjent og iverksatt i fylket.

Når det gjeld universitet og høgskule, er det etablert faste strukturar for samarbeid mellom Universitetet i Stavanger samt VID og alle avdelingar hjå fylkesmannen.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Generelt

Embetet har eigen instruks og retningslinjer for korleis vi handterer samordning både internt og eksternt. Instruksen seiere mellom anna at samordning er eit sentralt element i all saksbehandling, og inga sak er ferdig før samordningbehovet er vurdert.

Samordning er ei sær s viktig oppgåve for Fylkesmannen og kjenneteiknar Fylkesmannen sitt ansvarsområde samanlikna med andre regionale statsetatar. Samordning og heilskapstenking er leiargruppa og leiarmøtet sitt viktigaste føremål, og særleg samordning av statleg verksemd retta mot kommunane. Møte med statssetane min. to gonger per år og møte i fylkesberedskapsrådet har også samordning som overordna føring. Embetsleiinga har jamlege møte med leiinga i fylkeskommunen, og etablerte i 2017 ein ny møtearena der samla leiargrupper i dei to etatane møtest to gonger i året. Samordning og samarbeid er også her viktige tema. Det er også faste møte med NAV Rogaland, og frå 2017 med Universitetet i Stavanger.

Vi er totalt sett godt nøgde med samordningsarbeidet i 2017. Nokre av oppgåvene har tatt lenger tid enn opprinneleg planlagt, slik som arbeidet med ny fylkesROS og ny beredskapsplan for embetet. Dette blir fullført våren 2018. Nedanfor nemner vi særskilt samordningsarbeidet innafor nokre særskilde tema.

0-24

Samordning og heilskap er særleg viktig for utsette barn og unge, og samordningsinstruksen for saksbehandlinga i embetet skal sikre dette. Fylkesmannen sitt treårige prosjekt *Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland* har gått over i ordinær drift, og erfaringane i prosjektet viste at samarbeidet internt i embetet måtte styrkjast enno meir. I 2017 etablerte vi derfor arbeidsgruppa Barnekonvensjonen i praksis med medlemmer frå alle fagavdelingar, og også ei eiga styringsgruppe med forankring i embetsleiinga. Desse to gruppene tar seg av oppdrag knytte til implementering av barnekonvensjonen og 0-24-satsinga både i embetet og i kommunane og fylkeskommunen. Det blir utarbeidd eigen verksemdsplan for desse områda, med både interne og eksternt retta samordningstiltak.

Med Vaksenopplæringsrådet har Fylkesmannen i Rogaland lagt godt grunnlag for brei og godt samordna satsing på dette feltet saman med NAV, UiS, HVL, KS, kommunane, fylkeskommunen, VOFO, NHO og LO.

Vi nemner også at vi i 2017 tok initiativ til tettare samarbeid mellom leiargruppa i embetet og leiargruppa i fylkeskommunen. Vi har avtalt å møtast fast to gonger årleg om aktuelle emne som krev godt samarbeid til beste for innbyggjarane i Rogaland.

FylkesROS

Vi har et mindre avvik på målet om å oppdatere FylkesROS i løpet av 2017. Den vil bli ferdigstilt februar/mars.

Beredskapsplan

Vi har oppdatert beredskapsplanen i 2017, men har et avvik på revisjon av heile beredskapsplanen. Det vil bli gjort i 2018.

Samordning av tilsyn

Vi opplever god dialog både internt og med kommunane i samband med tilsynsgjennomføringa. Vi har i mange år hatt samarbeidsmøte og samordna tilsyna våre med dei andre statlege tilsyna og med kontrollutvalssekretariata. Denne samordninga gjev nyttig informasjon mellom tilsyna og god læring. Nytt av 2017 er at Skatt Vest og Statens vegvesen også deltek i samordninga. I vårt årlege kontaktmøte med ordførarane og rådmennene var fylkesmannens samordning av tilsyn eit av tema.

Plan, klima og miljø

Statlig samordning av motsegner er godt innarbeidd i fylket no og har bidradd til betre kontakt mellom plansakshandsamarane i dei statlege organa og heva kvalitet på fråsegner til kommunale planar. Det er ein vesentleg mangel at fylkeskommunen ikkje er med sine ansvarområde, inkludert kulturminne og BATP, i samordna brev til kommunane, men me prøver å bøte på dette med godt samarbeid om plansakene også med fylkeskommunen, deltaking i planforum og ikkje minst solid drøfting på lågast mogleg nivå for å løyse motsegner. Dei få me ikkje greier å løyse på denne måten, går til godt førebudde meklingar.

Klimautslepp og klimatilpassing

Som tidligere har vi gitt gode og sektorovergripande uttalar til kommunale klima- og energiplanar. Vi har i 2017, som i mange år, lagt vekt på både utsleppskutt og klimatilpassing i uttale til kommunale planar og dispensasjonar frå desse.

I 2017 har vi informert og stimulert kommunane våre til å få fram gode klimakutt-søknader i kommunebesøk med kommuneleing, deltaking i kommunale klimaarrangement og direkte oppmodingar. Miljødirektoratet har fått råd frå oss i forhold til tildeling.

Vi har styrka internt og regionalt samarbeid om klima og lagt vekt på å støtte opp om fylkeskommunen sitt klimaarbeid og bidra med faglig nettverk for deres to nye medarbeidere innen dette feltet. To regionale klimanettverk er etablert mellom kommunen og disse heier vi på og følger tett opp. Når det gjelder nettverket på Jæren, ser vi fram til å sjå kva dei kan få til med klimakutt i landbruk.

Vidare har vi sett i gong ein fersk toårig "tradisjon" med ein regional klimakonferanse for kommunar og andre viktige klimaaktørar i Rogaland, tidleg på året. Denne håpar vi kan utvikla seg til ein årleg konferanse i samarbeid med nabofylke, fylkeskommunane og KS.

Når det gjeld rettleiing og oppfølging av kommunane i forhold til effekt av klimagassutslepp, har Fylkesmannen i Rogaland deltatt i Miljødirektoratet sitt arbeid med å få til bedre tal for kommunale klimagassutslepp og vi er også med vidare i ei referansegruppe som skal bidra til at dette nye verktøyet vert tatt i bruk.

Forureining

Det er stort trykk på søknader om utsleppsløyver og også mange søknader om endringar. Dette speglar av stor omstillingsvilje- og evne i industrien vår. I tillegg kjem svært mykje arbeid med mudre- og dumpesaker, midlertidig anleggsverksemdutfyllingar og massedeponi. Stor planleggings- og byggeaktivitet med større veganlegg, gjev oss krevjande ekstraarbeid. Dette har gjort at vi ikkje har gjennomført fullt ut så mange tilsyn etter forurensingslova som vi hadde ambisjoner om, men vi har likevel ei god utvikling på dette feltet, med dyktige medarbeidarar som handsamar søknader og går tilsyn innan same bransje. I 2017 har vi løfta arbeidet med forurensa grunn og har lagt ned mykje innsats i ein vellukka konferanse for konsulentbransje og kommunane, som vart halden rett over årskiftet 17/18. Vi vil framheve den solide samordningsjobben som blir gjort i vår forvaltning etter forurensingslova med god samordning internt mot plan, natur, landbruk, folkehelse og beredskap - og samordning gjennom høyring av søknader og direkte kontakt med kommunar, kommunale IKS, fylkeskommunen, kystverket, politiet, forsvarret, vegvesenet, fiskeridirektoratet m.fl. Det er godt innarbeidd statleg samordning, utvikla over tid, som fylket vårt nyt godt av.

Vi deltar aktivt i Arbeidstilsynet si samordning av tilsyn med industrien.

Naturforvaltning

Innan naturforvaltning er samordningsrollane våre varierte, men som regionalt kompetansemiljø innan naturforvaltning er vi viktige samarbeidspartnarar og premisseleverandørar for alle offentlege instansar som brukar og planlegg for bruk av areal. Vi samordnar alle uttalar og vedtak som går ut frå embetet som gjeld naturforhold med landbruk og beredskap om deira sektoransvar er relevant i saka. Vidare har vi svært tett samarbeid med kommunane, forvaltningsstyret i SVR og SNO om oppfølging og skjøtsel i verneområda. Vi har og nær kontakt med alle friluftsråda våre. Kontakt med brannvesen, kommunar og IUA i øvingar og aksjonar knytt til akutt forureining er også ei stor og viktig kontakflate der me bidrar i stor grad til lokal, regional og statleg samordning. Samarbeidet og den støtta me gjer til politiet i deira regionale miljøforum, får me og gode tilbakemeldingar på.

Vi har godt samarbeid og god erfaring med fylkeskommunen og kommunane i arbeid med vassforskrifta.

Landbruk

Ulike partnerskap og nettverk er svært viktig for Fylkesmannen sitt arbeid på landbruksområdet. Tradisjonelt har vi arbeid for gode fellesløysingar i arbeidet med næringsutvikling, miljø og forskning. Så har vi dei siste åra intensivert samarbeid om utfordringar innan enkeltproduksjonar, t.d. innan storfekjøt, sauehald, frukt- og grønnsaksproduksjonane. I 2017 prioriterte vi arbeidet med dyre- og plantesjukdommar. Her er involveringa svært brei, og måla er at vi får initiert satsingar på desse viktige områda. Vi har i 2017 hatt møte med Arbeidstilsynet, og vi har godt samarbeid Mattilsynet.

Helse,- sosial og barnevern

Fylkesmannen sikrar samordning av sektorovergripande oppgåver på områda *Bolig for velferd, Opptreppingsplanen for rusfeltet, Barn som lever i fattigdom og utsette barn og unge (0-24)* i "Samordningsutvalget for bolig for velferd"

Med bakgrunn i årlege handlingsplanar og tiltaksplanar utarbeidar regional stat i samarbeid med kommunane forslag til kva verkemiddel som kan koordinerast og forslag til korleis koordinera. Vi kartlegg og kva arbeidsprosessar som kan settast i gong saman med kommunane.

Arbeidet er operasjonisert i tema : Heilheitleg planlegging, sårbare overgangar og opplæring og utvikling

Eit døme på samordning og tilrettelegging av heilheitlege løysningar er konferansen om sosial bustadbygging. Hovedtema i konferansen var å ha merksemd på det bustadosiale arbeidet i all kommunal planlegging- på heile levekårsområdet. Universell utforming i utvida perspektiv der tilrettelegging av buområder for barnefamiljar (felles uteområde og lokaler som samlingsarena) er viktig i arbeidet med å bekjempe fattigdom og fremje innanforskap. Kommunane sitt oversiktsarbeid og bruk av levekårsdata i kommunal planlegging er framheva i samarbeid mellom regional stat og kommunane.

Grunnkurs rus med tema knytt til velferdspilarane arbeid, helse, bustad og økonomi er med på å samordne sektorovergripande satsingar.

Det har i 2017 vore ei stor felles satsing mellom regional stat og kommunane kring bustadløyse og tjenesteyting retta mot dei mest sårbare innan rus og psykisk helse.

Konferansen "Null visjon for bustadløyse i Rogaland" har medverka til at to av dei største kommunane i fylket politisk har vedteke at ingen i kommunen skal vere utan bustad. I etterkant er det i tillegg stort fokus på teneste og metodeutvikling for å kome i posisjon overfor dei mest sårbare.

Det har vore lagt stor vekt på å samordne arbeidet kring strategien *Bustad for velferd* i 2017. Bustad er sentralt i alle sektorovergripande oppgåver, så bustad har av den grunn vore tema i: mellom anna kurs i offentleg helserett, nettverk for gjeldsrådgeving, opplæring til nytilsette i NAV, kurs for turnuslegar mv.

Fylkesmannen følger opp kommuner som tek imot tilskot til utvikling av sosiale tenester og tiltak i kommunane etter sosialtenestelova. Det same gjeld kommunar som tek i mot tilskot på helse og omsorg og barnevernsområdet. Dette gjer vi via eiga rapportering, i søknadsprosessane, i konferanse om tilskot og andre nasjonale verkemiddel og i møter med den enkelte kommune.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivarettatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Generelt

Saker der rettstryggleiken til enkeltmenneske er det grunnleggande tema, er særst høgt prioritert hos Fylkesmannen i Rogaland. Likevel er det område der vi ikkje maktar å fylle målsetjingane fullt ut. Dette skuldast i hovudsak for liten saksbehandlarkapasitet som igjen skuldast mangel på pengar. Dessutan konkurrerer ulike rettstryggleiksoppgåver med kvarandre, til dømes tilsyn og enkeltsaker. I denne konkurransen blir enkelttetsakene behandla først. Dessutan opplever vi vekst i saksmengde på fleire område, samstundes som budsjettet blir kutta. Effektivisering og/eller digitalisering fangar ikkje opp desse manglane fullt ut.

Vi er samla sett godt nøgde med det vi har fått til innfor dei ressursar vi har. Vi utnyttar ressursane effektivt og har stor merksemd på rettstryggleiksoppgåvene i den interne styringsdialogen, i leiarmøte og i kontakten med kommunane. Med litt større mannskap, skulle vi klart alt like godt. Effektiviseringsarbeidet vil halde fram.

Landbruk

Kommunane er landbruksforvaltninga si førstelinje og er viktig for at rettstryggleiken for dei inntekts- og velferdspolitiske ordningane. Vi erfarer at det er ei utfordring i enkelte kommunar å ha gode nok saksbehandlingsrutinar og kontrollsystem mot enkeltføretaka. Vi ser og at det kan svikta på kompetansen. Skogforvaltninga i kommunane våre er i dag relativt svak, både med omsyn til kapasitet og kompetanse. Her burde det blitt gjort meir for å bygge opp felles kompetansemiljø for fleire kommunar.

Når det gjeld vårt arbeid med sektorlover som jord- og konsesjonslov, erfarer vi å bli overprøvd på nasjonalt nivå. Dette gir oss utfordringar m.a. når det gjeld forskjellsbehandling.

Utdanning

God rettstryggleik føreset god forvaltningskompetanse og sikker kunnskap om kva lovfesta individuelle rettar inneber. Alle dei offentlege skoleeigarane har delegert mynde til å fatte enkeltvedtak til rektor, men dei sikrar ikkje like godt at rektor har den nødvendige kompetansen. På barnehagefeltet blir vedtak fatta på kommunalt nivå, men heller ikkje her er forsvarleg kompetanse på plass i alle kommunane. Vi satsar mykje på å medverke til at kompetansen blir styrkt, m.a. gjennom kurs for saksbehandlarar, møte med kommunane samla eller enkeltvis om ulike emne, rettleiing knytt til tilsyn og særleg oppfølging på utvalde område.

I samband med nytt oppdrag som handhevingsmynde i saker om trygt skolemiljø, prioriterte vi informasjon og rettleiing i forkant av regelendringane. Vi hadde eigne samlingar nord og sør i fylket for alle rektorar og skoleeigarar i grunnskolen og eiga samling for vidaregåande opplæring. Vi fekk NRK til å lage innslag i to omgangar i august, og vi laga ein liten film som vi publiserte på Facebook-sida vår og på YouTube (filmen er no vist over 30 000 gonger). I tillegg stilte vi på ulike samlingar i løpet av hausten etter invitasjon, t.d. frå kommunar, skolar, Utdanningsforbundet, friskolar/internasjonale skolar. På ein vidaregåande skole presenterte vi nye reglar for alle elevane i vgl, i ein stor kommune var alle foreldrerepresentantar samla saman med rektorane. På den årlege samlinga for ordførarar og rådmenn i desember hadde vi også ein gjennomgang av nye reglar og kva dei inneber for skolane og skoleeigar.

Vi meiner denne informasjonen både medverka til at skolane informerte betre enn dei elles ville gjort (vi gjekk gjennom alle grunnskolane sine nettsider nokre veker etter skolestart i august og gav tilbakemelding til skoleeigar), til at foreldre og elevar vart raskt kjende med den nye ordninga, og til at skolane vart betre i stand til å følgje reglane. Det er uråd å vurdere om dette samla sett har hatt betydning for talet på meldingar og saker til behandling hos Fylkesmannen, det får vi gjerne eit bilde av i løpet av 2018. Vi omtalar saksbehandlinga vår på dette feltet nærmare i kap 7.3.8.4.

Talet på klagesaker etter barnehagelova og opplæringslova elles er framleis lågt, samanlikna med andre saksfelt der Fylkesmannen er klageinstans. Dette kunne vore teikn på god regelverkssetterleving, men sidan tilsyn mest alltid fører til varsel om pålegg, inneber dette etter vårt skjønn at rettstryggleiken for dei som treng det mest, ikkje blir godt nok ivarettatt. Det gjeld t.d. elevar med særlege behov og minoritetsspråklege elevar. Vi har også dette året gjennomført hendingsbasert tilsyn, men vi burde hatt større rom for slike tilsyn. Tilsynet i 2016 knytt til ulovleg bruk av tvang i opplæringa er følgt opp både med rettleiing til kommunen og med ulike innlegg og foredrag i 2017 om dette emnet. Vi har ved fleire høve oppmoda om regulering i opplæringslova når det gjeld bruk av tvang fordi vi meiner det vil gjere det heilt naudsynt å styrkje kompetansen i skolen. Vi er glade for at Kunnskapsdepartementet no vurderer dette i samband med tvangsløvtvalet sitt arbeid.

Det er utvikla stadig tettare samarbeid mellom utdanningsavdelinga og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga knytt til barn i barnevernet, og vi opplever at god kjennskap til kvarandre sine regelverk og arbeidsmåtar gjer det mogleg å handtere saker og situasjonar på dette feltet meir resolutt og kraftfullt. For inneverande år har vi sett god opplæring for barn og unge i institusjon som eitt av tre mål i 0-24-satsinga vår. Å sikre rettstryggleiken for desse elevane er særleg viktig.

Også introduksjonsordninga må nemnast – her sviktar mange kommunar både når det gjeld kunnskap om regelverket, samarbeid på tvers og kompetanse i arbeidet med individuelle planar. Vi meiner det er svært viktig at ansvaret no er overført til Kunnskapsdepartementet – ordninga handlar jo først og fremst om opplæring. På dette området får vi relativt mange klagesaker til behandling, men rammene for tilsyn er for tronge.

Samarbeid på tvers av embeta er viktig for å sikre felles lovforståing og praksis, og på barnehage- og opplæringsområdet er avtalefesta og jamt samarbeid mellom embeta i Sørvest svært nyttig i denne samanhengen.

Helse, sosial og barnevern

I region vest har embeta felles møte for harmonisering av regelverkforståing og praksis innen både helse-, sosial- og barnevernsfeltet.

Embetet har vore svært aktive under innføring av endra lov om psykisk helsevern og deltatt i både lokale og nasjonale møte, samt spelt inn forslag til rettleiarar og malar.

Embetet har stor merksemd også på anna tvangslovverk. Vi driv utstrekt rettleiing av kommunane på regleverket på kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova. I 2017 har vi og hatt særleg fokus på kommunar, sjukehus og tannhelsetenester som fattar få vedtak etter regelverket i helse- og omsorgstenestelovens kapittel 4A, og bidrar i kurs og opplæring.

Embetet arrangerte i 2017 ein konferanse som samla kommunar, barnevernsinstitusjonar og spesialisthelsetenester kring temaet "Barn i barnevernsinstitusjoner sin psykiske helse", der både fagtema og juridiske tema vart drøfta. Konferansen blei svært godt mottatt.

Dei områda der vi ikkje oppnår målkrava er talet på tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester, samt saksbehandlingstid og talet tilsyn etter kapittel 9 i helse- og omsorgstenesteloven, bruk av tvang overfor personer med psykisk utviklingshemming.

Den formelle kontakten vi har med kommunane, både i møte om enkeltbrukarar, oppfølging av krevande tilsynssaker og langvarig oppfølging etter revisjonar, gjenspeglar i liten grad i talet på systemrevisjonar. Teljemetoden blir lagt om til neste år, og vil i større grad gjenspegle den faktiske tilsynsaktiviteten og den tette kontakten vi har med kommunane.

På kapittel 9-feltet gir vi mykje rettleiing til kommunane i samband med vedtak, og vi brukar mykje tid på å kvalitetssikre vedtak og sette kommunane i stand til å gjere dette arbeidet på ein god måte. I nokon grad så mykje at det går ut over vår eiga saksbehandlingstid og kapasitet. På den eine sida styrkar dette rettstryggleiken, ved at vedtaka er gode og gjennomarbeidde. På den andre sida svekker det den, ved at saksbehandlingstida blir lang og vi får gjort færre tilsyn. Vi arbeier heile tida mot å finne balansen i dette, og jobber for å komme nærmare målkrava.

Retts hjelp

På retts hjelpsområdet har vi forbetra sakshandstida fra i fjor til i år, frå om lag seks månader til tre månader. Vi har gjennomført tiltak for å få fleire advokater til å levere digitalt. Dette arbeidet vil halde fram i 2018, med fleire tiltak.

Verjemål

På verjemålsområdet har vi nådd målkrava. Vi har effektivisert arbeidet med verjegodtgjeringar, for handsaming av søknadar frå faste verjer, som har oppdrag med fast sats og for setteverje oppdrag.

Byggesaker

For byggesaker har vi eit mindre avvik frå 12 vekers kravet. Vi har hatt vakansar i fleire stillingar og har likevel auka talet på handsama saker med vel 10%. Vi har gjort tiltak for å omfordela saker, med sikte på at overskridingane på 12 vekers kravet blir så kort som mogeleg. Dette har gitt godt resultat.

Plan og miljøvern

Miljøvern avdelinga vår legg vår stor vekt på at rettsikkerheita skal vera godt ivaretatt i alle saker etter miljølovverket og i arbeidet med å følge opp kommunane i planarbeid etter plan- og bygningslova.

Døme er nivellering med andre embete i både natur- og forureiningssaker og stor vekt på presedensverknad av Miljødirektoratet sine klageavgjerdar. Vidare er kunnngjering, høyring før avgjerd, vektlegging av innspel og god informasjon om klagerett og kopi til alle sakspartar viktige prinsipp i vår miljøforvaltning. Det å rettleie kommunane i miljølovverket, og ikkje minst i krav til medverknad, ser vi som viktige prinsipp i miljøforvaltninga vår. Oppfølging av tips frå naboar og andre som har ulemper frå industri og anna som vi har ansvar for, er også med å sikrar rettstryggleiken. Kvalitetssjekk vi gjer av konsekvensutgreiingar og utgreiingar etter naturmangfaldlova er også viktige bidrag til rettstryggleiken for einskildpersonar og lokalsamfunn.

Praktisk talt alle kurs og samlingar Fylkesmannen held innan planlegging og miljøvern, vektlegg informasjon og kunnskap om rett bruk av lover og forskrifter, hos oss sjølve og hos våre samarbeidspartar i øvrig stat, fylkeskommune og kommune. Over tid er dette heilt essensielt for å trygge rettstryggleiken for alle.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Generelt

Tilbakemelding til sentrale styresmakter skjer gjennom ulike kanalar og metodar. Mellom anna gjennom denne årsrapporten og særreportar gjennom året. Fylkesmannen nyttar også høve til å dele erfaringar og synspunkt gjennom fråsegn til høyringar om endringar i lover og anna regelverk, som vedkjem Fylkesmannen sitt ansvar og roller. Dei siste åra har ulike strukturendringar i samfunnet også i stor grad involvert og engasjert Fylkesmannen.

Styrings- og dialogmøte med departement og direktorat gir sær gode muligheiter til å gje tilbakemelding begge vegar. Desse møta må vidareførast og gjerne intensiverast. Ideelt sett burde det, i alle høve på nokre felt, vore plass til dialogmøte før VØI og tildelingsbrev.

Konkurransen mellom dei ulike hovudmåla kan gå ut over hovudmål 4, i og med at målkrava her ikkje er like tydelege. Vi meiner likevel at vi i 2017 har god måloppnåing også her, sett i forhold til tilgjengelege ressursar.

Av særskilde innspel i 2017 kan nemmast at Fylkesmannen i 2017 vende seg til sentrale styresmakter med si bekymring for konsekvensane av nedskjeringar i Heimevernet, sett i eit samfunnstryggleiksperspektiv.

Barnehage og utdanning

Flytting av ansvaret for introduksjonsordninga er nemnt ovanfor, og vi meiner vi har medverka til at dette kom på dagsorden gjennom fleire innspel til ulike instansar og fagmiljø i 2017.

Vi gjentar endå ein gong at mange kommunar meiner nærskoleretten gir for lite handlingsrom til å utnytte skolekapasiteten effektivt. Det er behov for å klargjere dette handlingsrommet, og vi vil tru at det er råd å gjere utan at nærskoleretten blir vesentleg svekka.

Vi har også fleire gonger markert at trekk- og korreksjonsordninga knytt til friskolane bør vurderast. Slik ordninga er i dag, gir ho uheldige utslag i nokre kommunar.

Så vil vi peike på retten til individuell plan for barn og unge med langvarig behov for samordna tenester. Vi erfarer både i klagesaker, i tilsyn og i nokre saker om trygt skolemiljø at det ikkje finst slik plan, sjølv om retten er heilt klar. Skolen har etter § 15-5 plikt til å medverke i utarbeiding og gjennomføring av slike planar. Etter vårt skjønn bør skolen også ha plikt til å ta initiativ til å utarbeide planen. Vi er kjende med at Helsedirektoratet arbeider med ny forskrift om individuell plan, og det bør vere råd å vurdere dette i den samanhengen. Slike planar kan vere svært tenlege verktoy om dei blir brukte etter målsetjingane.

Landbruk

Det er viktig for oss å ha god kontakt med både departement og direktorat. Styringsmøtet i november opplevde vi som nyttig og avklarande. Likeeins var møtet vårt med departementet i desember kor vi fekk gode diskusjonar på bruken av IBU-midlane i Rogaland. I tillegg fekk vi løfta utfordringane vi har med plante- og dyresjukdomar. Likevel trur vi denne «tilbakemeldingsrolla» kan bli betre. Vi ønskjer eit årleg møte med sentrale myndigheiter i forkant av utarbeidinga av VØI og TB. Dette for m.a. å få diskutert forventningar, kompetanse og kapasitet, og særlege utfordringar i landbruksnæringa i fylket.

Plan og miljøvern

Dialog og samråd med Miljødirektoratet har over år vore svært god både på leiar og sakshandsamarnivå. Vi vil særleg framheve dette direktoratet si evne og vilje til å prioritere geografisk tilpassa innsats i samarbeid med fagavdelinga vår. Det gjer at vi, trass i relativt sett stort sakspress og avgrensa midlar, får gjort mykje godt miljøvernarbeid på ein effektiv og god måte. Miljødirektoratet sine føringar inn mot planarbeidet knytt til bruken av motsegn, er også framifrå i så måte. Det er likevel slik at vi hadde sett pris på om kontakten med Klima- og miljødepartementet hadde blitt styrka. Jamfør kontakt mellom Landbruks- og matdepartementet og Fylkesmannen. Etter at planavdelinga i tidlegare MD vart overført til KMD, er kontakten med KLD praktisk talt borte. Dette svekkar også vårt høve til å "ta initiativ" og halde dette departementet *orientert om tilstanden i fylket*.

Kontakten med planavdelinga i KMD og våre planmedarbeidarar og planansvarlege leiarar er god. Vi oppfordrar KMD til å legge vekt på intern samordning i departementet med tanke på styring av og bestilling hos fylkesmannen. Vidare ønskjer vi at både KMD og KLD held oss, som deira regionale statlege plan- og miljøverninstans, orientert og involverer oss ved behov om dei opptrer i Rogaland i saker som gjeld våre ansvarsområde.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Vi har også i 2017 prioritert arbeid med overordna kommunale og regionale planar inkludert kommunedelplanar for energi og klima. Vi vurderer også alle varsel og høyringar i detaljplanar og uttalar oss der der me har innspel til kommunen. 37 kommunale planar vart møtt med motsegn frå Fylkesmannen i 2017. Samordning av statlege motsegner er godt innarbeidd. 21 planar er møtt med samordna brev frå staten med samla oversikt over motsegner og faglege råd. I 10 av desse har også fylkesmannen hatt motsegn.

Vi uttalar oss og i dei fleste dispensasjonssaker og klagar på desse når vedtak er vesentleg i strid med viktige regionale og nasjonale interesser. I dialogen med kommunane har vi peika på at planlegginga skal vere berekraftig gjennom å sikre naturmangfald, strandsone, klima, folkehelse, omsynet til barn og unge og samfunnsikkerheit. Vi har også lagt til grunn det nye nasjonale jordvernmålet som eit viktig premiss for planlegginga.

Store samferdslesaker, som ny E39, er framleis utfordrande. Vi har vore tett på arbeidet med byvekstavtale for Nord-Jæren. Det er framleis krevjande å medverke til samordna areal- og transportplanlegging for å oppnå redusert klimagassutslepp, eksempelvis i spørsmål om lokalisering av handel. Etablering av nytt sentralsjukehus (SUS) har også vore ei krevjande sak.

Planprosesser – formidling av nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Vi har jamn kontakt og dialog med alle kommunar i fylket i arbeidet med planlegging etter plan og bygningslova. Vi formidlar statlege forventningar til nasjonale og regionale planomsyn gjennom Temakart Rogaland, kommunebesøk og kurs og konferansar med tema planlegging, klima og miljøvern, landbruk og beredskap. Vidare gjennom stor etterspørsel innan rådgjeving/rettledning til kommunar og konsulentar, kvalitetsikting av KU, deltaking i regionalt planforum,

deltaking i kommunal politikaropplæring, uttale til varsel om oppstart av planarbeid og planprogram, høringsuttalar til planar og dispensasjonar, drøfting av motsegner, klage på dispensasjonsvedtak og også gjennom egne medieoppslag og intervju i andre media.

Vi har frå 2011 organisert planarbeidet i ei tverrfagleg gruppe med deltaking frå alle avdelingar under fagleg leiing av plankoordinator knytt til Miljøvernnavdelinga. Fylkesmiljøvernsjef er fagleg ansvarleg direktør for planarbeidet. Dette har vist seg å vera ei robust ordning som bidar til god samordning internt. Kvar kommune har to planfagkontaktar internt i sakshandsmargjengen vår. Det byggjer tillit, kompetanse om kommunen og stabilitet i arbeidet vårt. Vi har framleis ambisjonar om å bli enno betre på dette slik at vi i enno større grad greier å gje kommunane nyttige og kvalitetshevande innspel til alle sine planar inkludert samfunnsdel og sektorplanar med handlingsprogram. Vi ser fram til neste reviderte 3. versjon av interdepartementalt samordna nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Andel relevante kommunale (fra kapittel 3.1.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100 %.

Fylkesmannen medverkar tidleg i alle kommunale og regionale planar som rårar våre sektorinteresser. I slike saker skal vi ha varsel om oppstart av planarbeid på høring og vi prioriterer å gje tilbakemelding på desse.

Regionalt planforum er ein viktig arena for drøfting av regionale og kommunale planar.

Mekling i planer med (fra kapittel 3.1.1.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100 %.

Mekling i planar med uløyste motsegner 100%

Med mindre kommunen bevisst legg bort, avsluttar eller utset arbeidet med ein plan med motsegn, så følgjer me opp alle slike med tilbod til kommunen om drøfting på lågast mogleg nivå. Om andre enn oss har motsegn, inviterer vi til felles prosess, men det er berre så langt som kommunen ynskjer det. Det er lang praksis for dette og det fungerer svært godt i Rogaland. Ei motsegn kan bli løyst veg at sakshandsamar i kommunen og hos oss har kontakt på mail eller telefon og kommunen gjev oss skriftleg tilbakemelding på at dei går for justert løysing. Det kan og vera møter med avdelingsleiing og kommunalsjefar involvert der vi finn løysingar. Dette er effektivt og gjer at det blir langt færre ressurskrevande meklingar. Og at saka oftast er godt moden for mekling når det skjer. Dei aller fleste meklingar fører også fram. I 2017 sende me berre ei lita prinsipiell sak om handel til KMD for avgjerd av egne motsegner. I tillegg vart ei anna sak der andre hadde motsegn, sent til KMD til sentral avgjerd i fjor.

Mekling i planprosesser med uløste innsigelser

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

Landbrukets arealressurser er (fra kapittel 3.1.1.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Landbrukets arealressurser er ivarettatt i alle planprosesser.

Fylkesmannen arrangerte fire regionale samlingar hausten 2016 som opplæringstiltak for kommunepolitikarar, der til saman 140 personar deltok. Vi har også vore inviterte ut til fleire kommunale utval i 2017, med jordvern som tema. Eit viktig mål var dialog og erfaringsutveksling om forvaltning av landbruksareala, mellom anna gjennom lokale eksempel-saker.

I vårt planarbeid er det dessverre slik at vi framleis må bruke relativt mykje ressursar på saker som gjeld avvik frå plan. Sjølv om vi har urovekkande mange dispensasjonssaker, ser vi samstundes ein positiv effekt av vårt opplæringsprogram for kommunane.

Som ledd i oppfølginga av nytt nasjonalt jordvern mål arrangerte vi saman med Fylkesmannen i Hordaland regional jordvernkonferanse i Haugesund 2. oktober 2017, med god deltaking. I fullmaktsbrev av 24.04.2017 fekk vi kr 300 000 til arrangering av jordvernkonferansen, frå kapittel 1100 post 21. Etter avtale med LMD er restbeløpet i desember 2017 ført over til medfinansiering av studietilbod om særlovane i landbruket, kurset blir gjennomført våren 2018. Vi har brukt ein del ressursar for å legge til rette for dette tilbodet, og det er god deltaking.

Rogaland fylkeskommune og fylkesmannen er elles godt i gang med å utarbeide ein regional jordvernstrategi. Vi ser allereie no at prosessen i seg sjølv har bidratt til å sette jordvern meir på dagsorden i kommunane.

Reduksjon i omdisponering (fra kapittel 3.1.1.1.1.6 i TB)

Rapportere på

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord sammenlignet med 2015.

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er stort utbyggingspress både gjennom overordna planar og ved innskildsaker etter plan- og bygningslova. Større samferdsleprosjekt er særleg krevjande når det gjeld jordvern og omfang på nedbygging av matjord, både på Jæren og i Nord-Rogaland.

Det blei omdisponert 557 dekar dyrka jord i Rogaland i 2016, ein reduksjon på 796 dekar frå 2015. I tillegg blei 282 dekar dyrkbar jord omdisponert i Rogaland i 2016. Den store reduksjonen i omdisponert areal er noko tilfeldig, men har også si årsak i redusert vekst i regionen. Samstundes kan det vere eit resultat av meir fokus på god arealutnytting.

Årleg omdisponering dei siste 10 åra i Rogaland har i snitt vore over 1200 dekar dyrka jord. Over 2/3 av dette var på Jæren.

Fylkesutvalet i Rogaland vedtok i 2017 at det skulle utarbeidast ein regional jordvernstrategi som oppfølging av det nasjonale jordvernmålet. Fylkesmannen deltek aktivt i dette arbeidet saman med fylkeskommunen. Den regionale jordvernstrategien skal mellom anna vise til aktuelle tiltak for å nå jordvernmålet. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har i nært samarbeid nå utarbeida eit strategidokument. Undervegs i prosessen har det vært vore fleire møte med ei bredt samansett ressursgruppe.

I den regionale jordvernstrategien er det sett eit konkret tal for maksimal årleg omdisponering som skal spegle det nasjonale jordvernmålet. Ein stor del av utarbeidinga av strategien er å greie ut tiltak for at målet kan nåast. Resultatet viser at det ligg eit stort potensiale i effektiv utnytting i den bygde byen og tettstaden. Skal vi nå jordvernmålet må derfor hovudgrepa gjerast innanfor ei god bustad-, areal- og transportplanlegging.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

Resultat. Så mye mindre ble omdisponert i 2016	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2015	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2016
796.0	1 353.0	557.0

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Prinsippa i statlege planretningslinjer blir i stor grad følgt opp i Rogaland, både i kommunale planar og i regionalplanarbeid. Unntaka er få og knytt til at lokalpolitiske omsyn blir vektlagt i vår vurdering av planar og dispensasjonar. I nokre få og utfordrande saker vinn lokalpolitiske vurderingar fram i drøfting, mekling og motsegnavgjerder i KMD, slik at resultatet blir i strid med gjeldande RPRar og RPBar. Særleg utfordrande er spørsmålet om lokalisering av handel på Forus og Raglamyr.

Ordlyd og ansvar for oppfølging av nasjonale føringar for barn og unge i planlegging, verna vassdrag og etablering av kjøpesenter bør oppdaterast og fornyast. Dei bør også sjåast i samanheng med RPR BATP (rikspolitiske retningslinjer for samordna bustad, areal, transport planlegging) .

Fylkesmennene i de fire største (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene i de fire største byområdene skal bidra i utarbeidelse og oppfølging av byutviklingsavtalene.

Bidrag til byvekst-avtalane

Fylkesmannen har prioritert høgt og deltatt personlig i arbeid med byvekstavtale med god fagstøtte frå planmedarbeidar i storbystilling. Vi har fått god tilbakemelding frå forhandlingspartane på at vårt engasjement, støtte og deltaking som observatør var nyttig.

Vi bidrar også gjennom å bruke byvekstavtalen som del av grunngjeving for faglege råd og motsegner i planuttalar. Og vi skal bidra vidare i reforhandling og oppfølging.

Ekstra midlar til storbystilling har vore avgjerande viktig både for å følge opp byvekstavtaleprosessen og for å ta opp att et ansvarsområde vi hadde "overlatt" til fylkeskommunen - kommunale planar for by- og tettstadsutvikling. Ekstraressursen fra KMD til dette er no redusert til halvparten av det opprinnelige. Det gjer at vi langt frå kan finansiere konkurransedyktig lønn med pålagt kontorskatt til i denne stillinga. Når det samme skjer parallelt med samordningsprosjektet, så taper det planarbeidet vårt for ressursar.

Alle relevante kommuner i (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle relevante kommuner i storbyområdene tilrettelegger aktivt for boligbygging.

Alle kommunane på Nord-Jæren tilrettelegg aktivt for boligbygging. Dei gjer det på litt ulikt vis, men er alle dyktige og har tilstrekkelig areal i form av transformasjon, fortetting, sentrumsområde med høg bustadell eller nye reine bustadområde. Dei følger godt opp regionalplanen for byutvikling på Nord-Jæren.

Alle planer etter plan- (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnsikkerhet, herunder klimaendringer.

Alle kommuneplanar og større reguleringsplanar er vurderte med omsyn til klimaendringar. I tillegg mange mindre reguleringsplanar vurdert. Men talet på planar er høgt, at me ikkje kan garantere at alle planane er vurderte i forhold til slike omsyn.

3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

Resultatmåla her er avgrensa til kor nøgde barnehagemynde og skoleeigar er med informasjon og rettleiing om tiltak knytte til kompetanseutvikling. På skoleområdet er det ikkje separate tal for Rogaland, men for landet er 47 % nøgde eller svært nøgde. Dette er likt med fjoråret, men delen av svært nøgde er auka frå 8 % til 16 %. Det er uråd å vurdere årsaker til desse skårane for Rogaland sin del.

Deltakinga i vidareutdanning har vore god i fylket, og har auka jamt dei siste åra. Det er framleis om lag hundre søkjarar som kvart år får avslag på søknadene sine. Dei spørsmåla som Fylkesmannen får om ordninga, er stort sett spørsmål om lokale reglar og kva skoleeigar sine avtalar med lærarane skal innehalde og korleis dei kan utformast.

I den nye desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling kom vi raskt i gang, og det vart avklart med Skoleeigarforum Rogaland (SF-R) at samarbeidet skulle forankrast i dei tre etablerte nettverka i fylket. Prosessen har vore krevjande, og nettverka meiner vi har sett høge krav til innhaldet i planen som måtte utarbeidast for å få midlar. Men etter vårt syn har det vore naudsynt med tydelege forventningar. Sjølv om vi skal målast på kor nøgde kommunane er, er det faktisk oppdraget vårt å tildele pengar slik at dei kjem skolane, lærarane og elevane til gode. Så må det tålast at vi set grenser når kommunane ønskjer større fridom til å bruke midlar til administrasjon, reiser og leiging. Vi har tildelt midlar til nettverka etter at dei har blitt einig om prioriterte område og samarbeid med UH. Etter vår vurdering har vi løyst oppdraget godt og i tråd med føringane, men alle nettverka og alle kommunane er nok ikkje like nøgde med prosessen. Vi har vore tydelege i vår informasjon og rettleiing og det har vore naudsynt for det vidare arbeidet fordi nettverka no veit kva dei skal forholde seg til og kva rammer som gjeld.

I tillegg til dei tre kommunenettverka har vi oppretta eit friskolenettverk i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Friskolane gir uttrykk for at dei er særskilt godt nøgde med dette.

På barnehageområdet er måla for kor tilfredse kommunane er med Fylkesmannen si rettleiar- og støtterolle innanfor kompetanseutviklingstiltak redusert frå 4 i 2016 til 3,41 i 2017. Dette er også lågare enn landssnittet på 3,7. Vi veit ikkje kvifor det er slik, men også på barnehagefeltet set vi større krav til strategiar og planar frå kommunane. Det er dei ikkje alltid nøgde med. Vi arbeider tett med nettverka i fylket og får gode tilbakemeldingar på dette arbeidet.

I vår plan for implementering av rammeplanen har vi prioritert å styrkje kompetansen til eigar og mynde. I nokre av tiltaka inkluderer vi også styrar, pedagogisk leiar og fagarbeidar, i tillegg til Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Vi meiner at kunnskap om implementering, barnehagebasert kompetanseutvikling og barnehagen som lærande organisasjon er viktig når ein skal sørje for at rammeplanen sine mål og verdiar blir forstått og praktisert ute i barnehagane. Derfor har desse emna, i tillegg til sentrale og nye omgrep i rammeplanen blitt prioriterte. Vi har fått gode tilbakemeldingar fra barnehagesektoren på tiltaka i planen, som i tillegg til metodekompetanse har stor fokus på at felles forståing av innhaldet i og kunnskap om korleis rammeplanen blir broten ned til kvardagspraksis.

Vi har også laga ein heilheitleg strategi for fylket der vi har prioritert å gi støtte til fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarlaget, og vi har sjekka at alle kommunane har kompetanseutvikling innanfor dei nasjonalt prioriterte områda i planane sine.

Når det gjeld informasjon og rettleiing er vi aktive i nettverka i fylket med faste kontaktpersonar både på barnehage- og skoleområdet. Vi arrangerer regelverksamlingar ved behov, både av eige tiltak og etter oppmoding frå kommunane. Vi brukar nettsida vår mykje, og vi har laga eit "årshjul for nett" slik at vi systematisk informerer om område det erfaringsmessig er behov for informasjon om i fylket. I tillegg brukar vi sjølv sagt nettsida til aktuelle mediesaker. Alle barnehagefaglege- og skolefaglege ansvarlege og friskolane i fylket abonnerer fast på nettsidene våre, og vi får tilbakemeldingar frå skoleeigarane om at nettsidene er viktige og informative. Vi prøver å utforme nettsaker i eit klart og enkelt språk slik at også innbyggjane kan forstå kva reglar som gjeld og kvar dei kan vende seg for å få hjelp. I tillegg har det dette året vore enno meir fokus på å lage gode søkjeord, slik at alle kan nytte ulike plattformer til å finne informasjon om det dei er ute etter.

2017 har det vore særskilt fokus på informasjon om dei nye reglane i kap 9A i opplæringslova. Her nemner vi spesielt ein kortfilm vi laga for å informere elevane og foreldre. Filmen er vist meir enn 35 000 gonger på Facebook og Youtube.

Vi har dette året nominert Høyland ungdomskole til Dronning Sonjas skolepris. Dei fekk ikkje denne prisen, men skolen fekk Benjaminprisen.

I sum meiner vi at informasjonen vår er tydeleg og målretta og at måloppninga på dette området er god.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Fylkesmannen i Rogaland har tett samarbeid med dei tre nettverka i fylket der vi gir informasjon og rettleiing. Fylkesmannen er også medlem i Kommunalt Barnehageforum Rogaland og arbeidsutvalet til KB-R, som blei etablert i 2015. Fylkesmannen er også medlem i Spesialpedagogisk nettverk der vi gir informasjon og rettleiing på regelverk og anna. Dette og anna dagleg kontakt gjer at vi har gode prosessar også knytt til tildeling av midlar til ulike kompetansetiltak på barnehageområdet.

Fylkesmannen i Rogaland ønskjer å ha god kvalitet i arbeidet vi gjer, men det er naturleg at kommunane ikkje alltid er nøgde med at dei får fleire krav og varsel om pålegg i ei tid med stort press på barnehagesektoren. Nokre kommunar manglar framleis barnehagefagleg kompetanse på kommunalt nivå. Kommunar som er aktive og deltar i kompetanseutviklingstiltaka, gir god tilbakemelding på heilheitleg plan for kompetanseutvikling i fylket og tiltaka i planen.

Vi veit ikkje kvifor barnehageeigar er mindre nøgde med Fylkesmannen si støtte og rettleiing på dette området i 2017 enn i 2016, men ei mogleg forklaring kan vere at rapporteringa vart gjennomført medan vi var tidleg i prosessen. Kommunane hadde på det tidspunktet hatt ein samling med IMTEC, og Heilheitleg plan for kompetanseutvikling vart presentert seint på våren. Jamt over har vi fått tilbakemeldingar som viser at kommunane er tilfredse med planen og dei tiltaka som er skisserte.

På skoleområdet er resultatmålet det same som i 2016, men vi registrerer at det er dobbelt så mange som i år rapporterer at dei er "svært fornøyde". Det er uråd å tolke dette resultatet, sidan utvalet er lite, vi veit ikkje kva kommunar som har svart, og vi veit heller ikkje kven i kommunen som har svart. Skoleeigarane har gitt uttrykk for at arbeidet med ny regional ordning for etterutdanning er utfordrande. Nokre meiner nok at Fylkesmannen har stilt for strenge krav og sagt nei til tiltak som dei ville bruke midla på. Men mange skoleeigarar melder også at prosessane har vore greie, at samarbeidet med representantane våre i nettverka er godt, at vi gir god rettleiing på samlingar og pr telefon/ e-post og at nettsidene våre er gode, aktuelle og informative.

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
- 0.3	3.7	3.4

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
47.0 %	0.0 %	47.0 %

Resultatmålet er likt som i 2016. Men vi registrerer at det er dobbelt så mange som i år rapporterer at de er "svært fornøyde".

3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap

Fylkesmannen har eit tett og godt samarbeid med kommunane. Alle kommunane har minimum ein beredskapskontakt. Vi har tradisjon for å samle dei kommunale beredskapskontaktane ein gong om året for informasjon og utveksling av erfaringar. Her deltek og informasjonsmedarbeidarar og ein del utvalgte regionale beredskapsaktørar. Den årlege kommuneundersøkelsen syner at kommunane i Rogaland ligg godt an samanlikna med andre fylker i landet.

Vi driv aktiv rettleiing med kommunane på alle felt innan samfunnstryggleik og beredskap. Nye rettleiarar om ROS i arealplan og storulukkesverksemdar er presentert. Vi har eit tett samarbeid med NVE om rettleiing når det gjeld flaum- og skredproblematikk.

I samband med tilsyna blir kommunane som skal ha tilsyn invitert til eit rettleiingsmøte i starten av året. På møtet informerer ein av kommunane som har hatt tilsyn året før om erfaringane frå tilsynet og den vidare oppfølginga.

Alle kommuneøvingar blir planlagd saman med representantar frå øvingsutvala. I øvingane nyttas metoden i øvingshandboka til utvalet saman med handboka til DSB.

Ved hendingar som krev etablering av ei eller anna form for kriseorganisasjon i kommunane har vi god kommunikasjon.

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene. (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene.

Det blei gjennomført tilsyn i 5 kommunar: Gjesdal, Sandnes, Sauda, Hjelmeland og Rennesøy. Det siste tilsynet i Sokndal var avtalt 4.12 2017, men blei avlyst grunna sjukdom i kommuneleiinga. Tilsynet blei gjennomført 22.1 2018.

Alle kommunane blei inviterte på eit rettleiande møte 15. februar 2017, i forkant av tilsyna. På møtet gjekk vi igjennom lova og forskrifta sine minstekrav for å fremma læring og for å bidra til at kommunane vart best mogleg førebudd på tilsynet. Randberg kommune som hadde hatt tilsyn året før blei også invitert med for å fortelja om si oppleving av tilsynet.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt med ¼ av kommunene

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	- 5.77	19.23 %	26.00	5.00

Det blei planlagd tilsyn i 6 kommunar. Det siste tilsynet var avtalt 4.12 2017, men blei avlyst grunna sjukdom i kommuneleiinga. Tilsynet er gjennomført 22.1 2018

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ (fra kapittel 3.1.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen i Rogaland gjennomførte speløvingar for kriseleiinga og aktuelle underliggende avdelingar i kommunane Strand, Sokndal og Suldal. Naudetatane deltok i planlegging og gjennomføring av øvingane. I tillegg var Fylkesmannen øvingsleiar for ei større kombinasjonsøving (spill- og fullskala) i Sauda. Kommuneleiinga, helse og omsorgstenesta og brannvesenet i kommunen blei øvd saman med heimevernet, politiet, Eramet, Haugaland kraft, Saudefaldene, og Statkraft i eit scenario som baserte seg på ei mogleg terrorhandling mot kritisk infrastruktur. Fylkesmannen deltok òg i planlegging og gjennomføring av ei felles speløving for ytre Haugalandet (kommunane Haugesund, Utsira, Bokn, Karmøy, Sveio (Hordaland) og Tysvær. Hovudfokus var på kommunikasjon mellom kommunane, samhandling og ressursbruk ved ei hending på tvers av kommune grensene på Ytre Haugalandet.

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen skal fylle ut antall øvelser gjennomført med kriseorganisasjonen i kommunene. Avvik fra resultatmålet skal kort begrunnes i kommentarfeltet.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kommuner i embetet	Antall kommuner det er gjennomført øvelser med
25.00 %	9.62	34.62 %	26.00	9.00

4 av kommunane blei øvd kvar for seg. 5 kommunar i fellesøving. Øvingane har i hovudsak vore speløvingar med tverretattlig deltaking.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har halde opplæring i lov, forskrift og rundskriv for tilsette i alle NAV-kontora.

Opplæringa vert koordinert med NAV fylke, mellom anna i faste møte med NAV fylke og KS. Nav-leiarsamlingar har også vore gode arenaer for både opplæring i sosialtjenestelova, gjennomgang av erfaringar frå tilsyn og drøftingar av ulike levekårsproblem.

Fylkesmannen har i 2017 hatt oppfølging/rettleiing med enkelte NAV-kontor der sakshandsaminga ikkje har vore i tråd med lov og forskrift. Dette er kontor det er naudsynt å følge over tid. Den høge arbeidsløysa i fylket set press på NAV-kontora, både når det gjeld kapasitet og kompetanse. Opplæring er derfor eit område som blir prioritert høgt.

Fylkesmannen har utarbeidd statistikk over utviklinga i sosialhjelp/sosialhjelpsmottakarar i perioden 2014-2017. Statistikken syner at det er skilnader mellom kommunane mhp utviklinga på området. For heile fylket er det ei stor auke i langtidsmottakarar av økonomisk stønad, av unge mottakarar og av mottakarar med barn under 18 år.

Vi nyttar også nettsidene til å informera om endringar i lov/forskrift, tolkingar og nye rundskriv.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Fylkesmannen samarbeider med NAV fylke om opplæring av nyttilsette i NAV-kontora. Alle NAV-kontor har fått tilbud om opplæring av sine nyttilsette i sosialtjenestelova, to dagar vår og to dagar haust. Barneperspektiv, kvalifiseringsprogram og aktivitetsplikt er ein del av innhaldet i opplæringa. I samband med innføringa av aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år fekk NAV-kontora/kommunane tilbud om ein dags-opplæring, både i nordfylket og sørfylket.

Fylkesmannen gjennomfører halvårlege nettverkssamlingar på områder med særleg fokus: kvalifiseringsprogram, barneperspektiv og økonomisk rådgjeving. det er god deltaking frå NAV-kontora/kommunane i dei ulike nettverka.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	- 19 %	81 %	22	27

3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Alle kommunar i Rogaland er klar over at dei vil få aukande utfordringar med å levere tenester med rett kvalitet og med rett omfang etter kvart som den eldre delen av befolkninga aukar, kommuneøkonomien blir meir utfordrande og det blir færre fagfolk til å gjere oppgåvene. Dette er særleg ei utfordring i dei små kommunane.

Me ser at dei aller fleste kommunane har lagt planar for å møte framtidens utfordringar i helse og omsorgstenesta. Planan har imidlertid ulik forankring, og er i ulik grad knytta godt opp mot kommuneplanen. Trenden er likevel at fleire kommunar innlemmar sine planar for helse- og omsorgstenesten i kommuneplanen. Dette sikrar breidde forankring og medvirkning fra alle interessenter i planprosessane.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Minst 70 % av kommunene har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer på helse- og omsorgsfeltet, bl.a. kompetanse- og rekrutteringsplaner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode.

16 av 26 kommunar har svart på Questbackundersøkinga som vart send ut. Det er både små og store kommunar som ikkje har svart. Det er kun to små kommunar blant dei som har svart som svarer at dei ikkje har kommunale planar. Ytterlegare fire kommunar har planar for sine helse og omsorgstenester, slik at totalt antall kommunar i fylket som har planar er 20. Vi er i dialog med fleire av kommunane som ikkje har planar.

Ikkje alle dei eksisterande planane er politisk vedtekne, og har ulik forankring til kommunens øvrige planverk.

Andel av kommunene som har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer

Resultatmål	Differanse	Resultat
70	7	77

Flere kommuner enn i (fra kapittel 3.1.3.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

Flere kommuner enn i 2015 gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens [1].

[1] Antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud og antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud fremkommer av Helsedirektoratets oversikt over tildelt tilskudd. Oversikten oversendes fylkesmennene 3 ganger i året. I tillegg fremkommer antall kommuner som har dagaktivitetstilbud til personer med demens i Kostra-skjema 4 pkt. 4. Totalt antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud fremkommer av nasjonale kartlegginger av kommunenes tilrettelagte tjenestetilbud for personer med demens. Siste kartlegging var i 2014, og neste er i 2018.

Det vart oppretta 58 nye dagaktivitetsplasser i 2016. Fleire kommunar rapporterer at det er ei utfordring å få brukt alle plassene. Pasientane har behov for tilbodet men ønskjer ofte ikkje å nytta det. Fylkesmannen har hatt fokus på dagaktivitetstilbud i dei fora som det er relevant. Nokre kommunar prøver ut alternative åpningstider.

Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens

Resultat	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2015	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2016
4	11	15

Flere personer med dem (fra kapittel 3.1.3.1.1.3 i TB)**Rapportere på**

Flere personer med demens får dagaktivitetstilbud sammenliknet med 2015 [1].

[1] Se referanse under fotnote 3.

Det vart oppretta 58 nye plassar i 2016. Dette ga tilbud til 127 personar. Totalt i Rogaland var det i 2016 157 plassar og dette ga tilbud til 339 brukarar

Antall hjemmeboende personer med demens som får dagaktivitetstilbud

Resultat	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2015	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2016
127	212	339

Personell i helse- og (fra kapittel 3.1.3.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

Det har vore ei lita auke i talet på sysselsette i kommunal helse og omsorgsteneste (185 pers) . I 14 kommuner er talet på tilsette redusert. Andelen med fagutdanning har auka, med 2 % for dei med fagutdanning og 1 % for dei med høgskuleutdanning. Den største prosentvise auken har vore i talet på barnevernspedagogar (10 %) og sosionomar (7%). Det er ei lita auke (1.9 %) i talet på sjukepleiarar/ helsefagarbeidarar/ omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar. Talet på geriatriske sjukepleiarar er redusert med (5.% 10 pers), medan det er ei auke på 13 % i sjukepleiarar med annan vidareutdanning. Legeårsverk i den kommuane helse og omsorgstenesta har auka med 21 hvorav 2 av desse er i sjukeheim. Talet på fysioterapeutar har auka med 9, av dette er 3 i institusjon.

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse

Resultat	Antall personell i 2015	Antall personell i 2016
112	8 153	8 265

Dette er tal henta frå SSB, årsverk av personar med relevant fagutdanning

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenliknet med 2015 . (fra kapittel 3.1.3.1.1.5 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenlignet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8 for 2015 og brukes til oppfølging av kommunene i 2017. IS 24/8 for 2016 brukes for å måle måloppnåelsen ved utgangen av året.

Fleire kommunar i fylket har valt å ikkje søke om psykologtilskot. Dei grunngjev dette i stram kommuneøkonomi og vanskar med rekruttering.

Antall kommuner som har ansatt psykolog

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
2	11	13

Økt andel av pasienter (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IPLOS/SSB. Andelen beregnes ved å dele antall personer som får hab/rehab i kommunen på totalt antall personer med registrert behov for hab/rehab i kommunen.

Ei statistisk oversikt over "behov for rehabilitering" fins ikkje. Tal på pasientar som mottok tenesta habilitering-rehabilitering i kommunane kan det rapporterast på. I følge IPOLS data var det 1312 som tok i mot tidsavgrensa opphald habilitering - rehabilitering i institusjon i 2015.

I 2016 var det 1343 som mottok denne tenesta, altså ei auke på 31.

I Rogaland var det i 2015 til saman 19 kommunar som hadde dette tilbodet, og 7 som ikkje hadde det. Året etter var det 8 kommunar som ikke hadde tilbodet. Det var både store og små kommunar som både hadde og ikkje hadde tilbod om habilitering - rehabilitering i institusjon.

I 2015 var det 1262 som tok imot habilitering -rehabilitering utanfor institusjon.

I 2016 var det 1516 som mottok tenesta, altså ei auke på 254. Det var 13 kommunar som ga eit slik tilbod i 2016 og det var det same talet som året før. Det var to små kommunar som ikkje ga habilitering - rehabilitering i det heile.

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene

Resultat	Andel pasienter i 2015	Andel pasienter i 2016
0 %	0 %	0 %

Det skal rapporterast på kor mange av dei som har registrert behov for hab/rehab i kommunen som får hab/rehab, og talet skal hentast frå IPLOS/SSB. Me kan ikkje sjå at det er opplysningar i IPLOS/SSB som viser registret behov og me kan derfor ikkje rekan ut dette. Tabellen er derfor ikkje fylt ut.

Flere kvalifiserte årsverk (fra kapittel 3.1.3.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Flere kvalifiserte årsverk enn i 2015 arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

KOSTRA viser tal for årsverk for fysioterapeutar og ergoterapeutar. Når det gjeld fysioterapeutar i institusjon så var det 35 årsverk i 2015 og det vart auka til 38 i 2016. Det var 85 årsverk for ergoterapeutar i pleie- og omsorg i 2015 og 84 i 2016. Det er ikkje berre fysio- og ergoterapeutar som jobbar på dette feltet. Det vert jobba tverrfagleg og anna helsepersonell har oppgåver på feltet. Tal viser også at timar per veke av fysioterapeut i institusjon vart auka frå 1270 i 2015 til 1368 i 2016.

Tala i tabell er med denne bakgrunn mangelfulle

Flere kvalifiserte årsverk arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene

Resultat	Antall kvalifiserte årsverk i 2015	Antall kvalifiserte årsverk i 2016
2	120	122

Minst ett innsatsområde (fra kapittel 3.1.3.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Minst ett innsatsområde er iverksatt i minst en relevant avdeling i 75 % av kommuner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode. Resultatet av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Dei fleste kommunane i Rogaland har tilbud om hab/rehab anten i eller utanfor institusjon. Kartlegging viser at det er aktivitet på innsatsområdet, om enn i svært ulik grad. Det var berre fem kommunar som søkte om tilskot til styrking av hab/rehab tenesten i 2017. Det var gjennomført ei kartlegging i form av questback, og på denne svarte 22 av 26 kommunar, altså om lag 85%. Kartlegginga viste av berre 27% av kommunane hadde utarbeida plan for hab/rehab og mindre enn halvparten var i gang med utarbeiding av plan. På spørsmål om kommunen sitt tilbud om hab/rehab sto fram som tydelig og ein del av kommunen sitt heilskaplege og differensierte tenestetilbud, så svara over halvparten at det gjorde den i stor grad. Det same var svaret vedrørende tilgang på breiddekompetanse for å sikre gode tverrfaglege tilbud. Fagpersonell det særleg var mangel på var ernæringsfysiolog, audiopedagog og synspedagog. Personar med langvarige og koordinerte tenester fekk oppnemnt koordinator i frå middels til stor grad. Koordinatorane hadde svært ulik fagbakgrunn og ulike arbeidsoppgåver. Organiseringa av koordinerande eining var også organisert på svært ulik måte. Kartlegginga gjer eit visst bilete av aktivitet og organisering av tenesta, men den viser ikke kva kommunar som har sett i verk tiltak, og det vert vanskeleg å gje eit tal på kor mange dette gjeld.

Innsatsområde iverksatt

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	- 75 %	

Tabellen er ikkje fylt ut då me ikke har sikkert tal på kor mange kommunar som har sett i verk tiltak på innsatsområdet

3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptappingsplan for rusfeltet 2016-2020

Fylkesmannen i Rogaland har arbeida med Opptappingsplanen for rusfeltet etter plan for 2017 -oversendt HelseDirektoratet. Samarbeid med ulike kompetansmiljø (KoRuS, KORFOR, NAPHA, RVTS, RKBU, KS mv), dialog med kommunane, tilskotsforvaltning og kompetansehevande tiltak har vært sentralt i arbeidet.

Fylkesmannen vurderer at OP rus har ført til endring i rusfeltet. IS 8/24 syner at 80,4% av befolkninga er busett i kommunar som meiner at opptappingsplanen har hatt effekt. Det er enkelt kommunar som når dei blir spurt hevdar at opptappingsplanen ikkje har hatt nokon effekt på korleis kommunen innrettar rusarbeidet. Dette gjeld hovudsakleg dei mindre kommunane.

Det er likevel behov for å styrkje førebyggjande arbeid og kapasitet og kvalitet i tenestene. Vi har lagt særleg vekt på å fremja samarbeid mellom instansar som gir tenester til personar med langvarige og samansette behov.

Trass god innsats frå kommunane når det gjeld å busette dei som er mest vanskelege å busette, er det i fleire kommunar framleis ein høg prosentandel av personar utan varig bustad eller varig, eigna bustad som er menneske med rus og psykisk helseproblematikk. Særleg krevjande er situasjonen for ROP-pasientar. Vi har difor i råd og rettleiing, tilsyn, tilskotsforvaltning, konferansar/nettverk mv hatt særleg merksend på eigna bustad, kompetanse/kvalitet og kapasitet i tenestene. Brukarmedverknad frå denne gruppa har og vært sentralt. Det er gode erfaringar med Housing first, ACT/FACT team samt ROP team i fylket. Målgruppen for modellene er i stor grad overlappende.

Det må være eit mål å vurdere den einskilde sine behov for bustad og tenester saman med den det gjeld framfor å tenkje brukargrupper.

I samarbeid kring brukarar med rus og psykisk helseproblematikk er vår erfaring at dei største utfordringane i samarbeid er i helsesektoren, mellom kommune og spesialisthelseteneste og internt i begge system. Erfaringar frå ROP tilsyn er at somatisk helse framleis ikkje blir godt nok tatt i vare for mennesker med rus og psykiskhelseproblematikk.

Fylkesmannen har delteke i arbeidsgruppe kring etablering av bistandsteam og økt bruk av frivillig tvang. Det har og vært arrangert fagdagar med tvang som tema.

Tal frå brukarplan syner at altfor få brukarar har ein individuell plan. At direktorata i Tiltaksplan for Bolig for velferd i 2018 tydeleggjer at dei samarbeidar om kompetanseheving kring IP for at IP skal tas i bruk på rett måte i kommunane er svært viktig. Kommunane treng gode løysningar for IP for at det systematiske samarbeidet kring den enkelte skal fungera.

Kommunane rapporterer i stor grad at dei sikrer brukarmedverknad på systemnivå. Kommunane arbeidar for og har ei positiv handling til brukarmedverknad, likevel syner ROP tilsynet so langt at det er varierande grad av brukarmedverknad i tenestetilbodet.

Meir enn halvparten av kommunane i fylket har tilsett erfaringskonsulentar. Fylkesmannen er oppteken av at dette skal bli ei vellukka satsing, og har bidratt til å arrangerer samling om erfaringskompetanse for kommunale leiarar. Nasjonal erfaringskonsulentundersøking syner at det er mangel på opplæring, vegleiing og arbeidsbeskrivelsar. Vi prøver å være tett på kommunane kring dette.

Fylkesmannen har og samarbeida med KS, NAPHA, KoRus, Mental Helse, Pårørendalliansen, helseforetak og kommuner i fylket om å drive Recovery læringsnettverk. Tretten kommunar har i 1,5 år hatt merksend på at tenestene blir meir recoveryorientert. At kommunane samarbeider over tid i eit slik nettverk har gitt gode moglegheiter for erfaringsdeling og auka fokus på Recovery.

Fleire kommunar ynskjer å nytte FIT som verktøy for å arbeide systematisk med tilbagemelding frå brukar. Fylkesmannen har bidratt til å arrangerer tre opplæringsdagar om FIT, kommunane rapporterer om eit ytterlegare behov for opplæring og implementeringsstønad.

I følge tal frå brukarplan har vi framleis ei stor utfordring når det gjeld målet i OP rus om at alle skal ha en aktiv og menigfylt tilværelse. Få brukarar er under utdanning eller i ordinært arbeid, somme fleire har tilbod om annan aktivitet. Ei stor mengd brukarar har i tillegg dårleg eller avgrensa kontakt med det sosiale nettverket sitt. Fylkesmannen planlegg i samarbeid med KoRus og KORFOR å arbeide meir med tala for å få eit betre innblikk i kva dei ulike brukarane har behov for av stønad og tenester. Arbeidet skal gjerast i regionale nettverk.

Fylkesmannen har gjennom tilsyn avdekt avvik i fylket sine fire fengselshelsetenester. Vi har årlege nettverkssamlingar med tilsette i fengselshelsetenesta, samt eit systematisk samarbeid med Kriminalomsorgen region sørvest og Helse Vest. Fengselshelsetenesta gjer mykje bra arbeid i forhold til behandling av psykiske og somatiske lidningar samt avrusning. Det er likevel framleis behov for kompetanseheving i tenesta, samt auka samhandling rundt pasientar i fengsel.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Minst 70 % av kommunene sikrer brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helsefeltet [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Fleire kommunar har fokus på å gjere tenestene Recovery orienterte. Meir enn halvpartane av kommunane i fylket har tilsett erfaringskonsulentar. Brukarrepresentantar blir inviterte inn på ei rekkje ulike arenaer. Ein ser samtidig at dei same representantane går att, og det er behov for fleire stemmer.

Brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helse

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	3 %	73 %

90 % av kommunene har kartlagt (fra kapittel 3.1.3.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

90 % av kommunene har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved brukerplan eller annen kartlegging [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

Fylkesmannen har eit tett samarbeid med KORFOR og KORUS om å hente ut planrapporter på brukarplan både for å måle endring over tid og for å plukke ut aktuelle tema som ein kan sjå nærare på. Det er tett dialog med kommunane om brukarplanresultata i eigen rusdag og i egne kommunenettverk.(Region Dalane, Jæren og Ryfylke)

Kartlagt rusmiddelsituasjonen

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
90 %	3 %	93 %

Landets to minste kommunar ligg i Rogaland. KORFOR og KORUS vurderer desse som for små til å ha nytte av brukarplanvertoyet. Ein kommune i fylket har aldri hatt kartlegging. Denne kommunen ynskjer kartlegging i 2018. KORFOR/KORUS vurderer om ein skal gå over til kartlegging anna kvart år.

70 % av kommunene har (fra kapittel 3.1.3.2.1.3 i TB)**Rapportere på**

70 % av kommunene har sektorovergrepande system for identifisering av personer med behov for tidlig intervensjon ved rusrelatert problematikk [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8

Ifølge IS 8/24 har 63% av kommunane system for identifisering av personar med behov for tidleg intervensjon ved rusrelatert problematikk.

Fylkesmannen stiller spørsmål ved svara kommunane har gitt i rapporten. Ut frå vår kjennskap har ytterlegare 3 kommunar eit slikt system. Dette gjeld mellom anna kommunar som arbeidar med *Bedre tverrfaglig innsats (BTI)*, samt ein kommune som har tatt del i modellkommuneforsøket og arbeida aktivt med opplæringsprogrammet *Barn i rusfamilier (BIR)*. Med denne kunnskapen i botn står vi for at meir enn 70% av kommunane har eit system for tidleg intervensjon

Sektorovergrepande system for identifisering av personer

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	0 %	70 %

Fleire kommuner har etablert (fra kapittel 3.1.3.2.1.4 i TB)**Rapportere på**

Fleire kommuner har etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam for menneske med rus- og psykisk helseproblematikk enn i 2016 [1].

[1] Tall hentes fra rapportering på tilskuddsordning "Langvarige sammensatte" (765.60) og "Kommunalt rusarbeid" (765.62) sett i sammenheng med IS 24/8.

I 2017 er det ikkje etablert nye oppsøkande team. Dette har samanheng med at fylket dei to siste åra har hatt ei stor auke i tal på team. Rogaland har 6 team

som gir tilbod til personar i 11 kommunar.

Oppsøkande behandlingsteam Dalane som gav tenester til personar i 3 kommunar vart lagt ned i 2014. DPS en har teke vidare erfaringane frå tiltaket.

Fylkesmannen har i 2017 vært i dialog med ein kommune som meiner dei har organisert tenestene på ein slik måte at det ikkje er naudsynt med eit oppsøkande behandlingsteam. Vi har og vært i dialog med ein kommune som vurderer å gå inn i eit allerede etablert team.

Etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
0	11	11

3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid

Fylkesmannen arbeid for å styrka folkehelsearbeidet foregår på ein rekke plan, og blir samordna mellom fleire avdelingar. Vi meiner at det viktigaste folkehelsearbeidet skjer utanfor helsetenesten, og at det at kommunane klarar å bruke oversiktsarbeidet som eit grunnlag for den vidare kommunale planlegginga er ei forutsetning for å lykkast. Fylkesmannen sin interne samordning gjør at kommunane veit kva som er venta av dem. Dei kommunane som tydeleg strevar med å få dette godt til, får mye vegleing av Fylkesmannen, og tips om andre kommunar dei kan samarbeida med.

Minst 75 %. (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 75 % [1].

[1] Helsedirektoratet vil ha dialog med fylkesmannen om kartleggingsmetode. Resultater av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

17 av 26 kommuner har svart på Quest-back i regi av Hdir. 15 kommunar oppgir at dei har utarbeidd eit oversiktsdokument. Undersøkinga syner at adle dei kommunane som har svart, nyttar folkehelseoversikten i det kommunale planarbeidet. Dei aller flest oppgir å ha fastsatt målsettingar for folkehelsearbeidet i planverket.

Kommunane i fylket har etter måten lagt eit godt fundament for det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet:

I 2016 gjennomførte me eit forenkla tilsyn me kommunane i fylket kor det langsiktige og systematiske folkehelsearbeidet var tema. Tilsynet blei avslutta i 2017 og kommunane hadde då, så nær som ein, organisert og etablert ei overordna styring for det systematiske arbeidet. Følgeleg har kommunane i fylket lagt eit godt fundamentet for systematisk og langsiktig folkehelsearbeid i tråd med folkehelselova. Utfordringa for kommunane no er korleis folkehelsearbeidet skal implementeras i ordinære drift og bli styrt av den øverste administrative leiinga. Det kan ver eit godt døme på utfordringane, når meir enn halvparten av dei som har svart i Quest-backen, oppgir at dei ikkje har fastsatt mål om reduksjon av sosiale helseforskjellar i sine planar.

Me har eit nært og strukturert samarbeid med fylkeskommunen der me legg stor vekt på korleis me saman skal støtta kommunane slik at dei sikrar seg at folkehelsearbeidet vert systematisk og langsiktig. I lag har me arrangert konferansar og arbeidsseminar for kommunane om blant anna oversiktsarbeid og plan. I våre halvårlege møter legg me planar for korleis me skal samarbeida for å styrka det sytematiske folkehelsearbeidet i fylket og hjå kommunane.

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	21 %	96 %

17 av 26 kommunar har svart på Questback undersøkinga. Alle desse har etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. Vi veit frå tilsyn i 2016 og 2017 at dei andre kommunane og skal dette ha på plass.

Minst 80 %. (fra kapittel 3.1.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Minst 80 % [1].

[1] Som fotnote over.

10 kommuner har hatt enten planprogram eller planstrategi på høring i 2017. Gjennomgang av planane deira visar at det ennå er eit stykke att før sosial ulikhet blir fylgd opp i planlegginga som føreset. Kun fem av kommunane hadde omtale av sosial ulikhet i sine planar. I sjørrapportering utarbeidd av Hdir svarar heile seks av 16 at dei ikkje fylgjer opp sosial ulikhet i helse i sine planar.

Vektlagt utjevning av sosiale helseforskjeller

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
80 %	- 70 %	10 %

10 av 17 kommunar oppgir å ha målsettingar for reduksjon av sosiale helseforskjellar. Vi saknar melding om status frå 9 kommunar.

3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Vi har knappe ressursar, sterkt prioritering av innsats og stort arbeidspress på dyktige miljø-medarbeidarar. God prioriteringsdialog med Miljødirektoratet og

omfattande bruk av særmidlar og gebyrinntekter til å løne egne tilsette, gjer likevel at me ikkje har vesentlige avvik å melde på styringsparameter og resultatmål innan dette delmålet. Kamp om areala og stor aktivitet i landbruk, bygg og infrastruktur og til dels friluftaktivitet, utfordrar som normalt naturverdiar i Rogaland.

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner. (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner.

Stor, systematisk og god innsats frå vår side og godt samarbeid med fylkeskommunen og kommunale medarbeidarar i dei 4 vannområda, har gjort at vi er komen svært godt i gang med overvåkingsprogramma.

Økt bruk av påleggsmyndigheten (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2016.

Det er truleg slik at me kan rapportere så vidt "økt" aktivitet på dette i forhold til 2016, men dette arbeidet går altfor seint. Det er ikkje mogleg for oss å få auka driv på det utan særlege øyremerkte midlar som gjer at me kan auke stillingressursen i alle fall midlertidig på dette. Anna påkrevd vassrelatert arbeid med akvakultur, søknader om tiltak i vassdrag, laks og elvemusling, ulovlege forhold, overvaking, søknader om fylling og inngrep knytt til store samferdselsprosjekt, landbrukspåverknad osv osv tar all kapasitet og meir til på vassdragsfeltet.

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag for tiltak i alle vedtatte vannforvaltningsplaner. Iverksatt tiltak i henhold til forvaltningsplan på eget ansvarsområde eller har en begrunnelse dersom tiltak ikke iverksettes.

Vi er medvitne for å få dette til innan egne ansvarsområde, så som oppdatering av løyver til industri, vurdering av konsesjonsvilkår og og tiltak knytt til landbruksforureining. Men dette er mangelfullt følgd opp grunna ressurs- og kapasitetsmangel på både natur- og forureiningsseksjonen.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring

Ingen artar er kjent utrydda i Rogaland i 2017. Men generelt er det ikkje grunnlag for å seie at utviklinga til truga artar i er i betring i Rogaland. Bildet er nyansert for ulike artar. Vi er bekymra for nedgang i fuglearter knytt til kulturlandskapet så som vipe, spove, lerce. Tilstanden for trekkande rovfugl må følgjast nøye parallellt med utbygging av vindkraft.

Alle tiltak for truede arter (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

Alle tiltak for trua artar og naturtyper er i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplanar om slike finns i ein oppdatert form.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Vi følgjer opp etter beste evne og ut frå dei ressursar vi har og får, gjennom skjøtsel og tiltak i allereie verna områder. I nokre verneområde er det stor pågang av søknader om dispensasjon til bruk. Sports- og større friluftsansangement har vore utfordrande i forhold til verneinteressene i Jærstrendene landskapsvernområde.

Nye verneområde er kome til innan skog i 2017. I tillegg har vi følgd opp lokale frivillige initiativ til vern av verdfulle område i strandsona både på Haugalandet og i nordlige deler av Jærstrendene. Det er etter vårt syn svært viktig at miljøforvaltninga samla er opne for og følgjer raskt og godt opp slike lokale, frivillige initiativ om dei er fagleg gode nok i forhold til verneverdiar.

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016. (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016.

Auke på gjennomførte verneplanprosessar i Rogaland.

3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Ut frå dei ressursar me har, vert det gjort ein stor og god innsats for å redusere forureining med helse- og miljøfarlege stoff. Ein milepæl frå 2017 er aksept for å stanse utslipp av plastfiber frå fylling i sjø med sprengstein frå tunelldriving. Våre eigeninitierte risikobaserte tilsyn avdekkar og stansar miljøskadelege utslipp i stor grad.

Pukkverk, skipsverft, galvanoidindustri (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Pukkverk, skipsverft, galvanoidindustri, forbrenningsanlegg og fiskeforedling driver i tråd med kravene i forurensningsforskriften.

Risikobasert tilsyn og tips viser at det er eit godt stykke att før pukkverk, skipsverk, galvanoidindustri, forbrenningsanlegg og fiskeforedling driv heilt i tråd med forurensningsforskrifta. Men vi blir i stor grad tatt godt i mot på tilsyn og verksemdene legg seg generelt sett i selen for å rette opp avvik. Eigenkontroll er nok enno noko svak og omfang og breidde på dagens nivå på tilsyn vil ikkje kunne fange opp alle feil.

Prioriterte skipsverft

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Hasseløy Utvikling AS (tidl. Lothe Brødrene)	Varsel	Land, Sjø	Varsel			
Kullkaien (tidl. Rogaland Skipsservice og Kulltomten)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Klasaskjæret AS (tidl. Pyntenestet Eiendom as og Rogaland Skipsservice AS)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg
Umoe Eiendom Vest AS (tidl. Umoe Karmsund)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Karmsund Maritime Eide Services	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Bygnes Maskin AS/Rune Stol Eiendom	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
Sandnes kommune (tidl. Offshore & Marine)	Pålegg	Sjø				
Umoe Eiendom Vest AS (tidl. Aibel AS og Haugesund Slip)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg		Varsel, Pålegg	
Buøy Invest AS (tidl. Bergen Group og Kværner Rosenberg)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø			Varsel, Pålegg	
Hundvåg Slipp og Mekaniske AS (tidl. Brødrene Bjørnevik AS)	Varsel	Land	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Westcon AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel		Varsel, Pålegg	
Karmøy Winch						

Karmøy Winch er ikke prioritert av Fylkesmannen i samråd med Miljødirektoratet. Sedimentdata lagt inn i Vannmiljø, disse stammer fra en rapport som undersøkte miljøtilstanden generelt i Karmsundet. Men et par av prøvepunktene ligger innenfor influensområdet til lokaliteten.

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene

Rogaland har færre i ROBEK i 2017 enn i 2016 etter Haugesund blei meldt ut. Reduksjon i KOSTRA-feil er minimal, tross mykje kontakt og purring på kommunane. Fleire kommunar har gitt uttrykk for at dei nå ser kor feila ligg, og vil ta tak i det til 2018.

Mogeleg ein vil sjå effekten av tiltaka over tid.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2017 skal ikke overstige antallet ved utgangen av 2016.

Haugesund blei meldt ut av ROBEK i 2017. Siktar på å kunna melda ut Hjelmeland i 2018.

Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per desember 2016	Kommuner per desember 2017	Avvik
2	1	- 1

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016.

Feil er ikkje vesentleg redusert, men fleire kommunar har meldt frå om at dei nå er klar over årsaka til feila, og vil ta grep for å endra til 2018.

Kvalitet i KOSTRA-data

Feil per juni 2016	Feil per juni 2017	Avvik
18	17	- 1

Fleire kommunar blei merksame på feila i løpet av 2017, og skulle retta opp til 2018.

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket

Jordbruk

Klima/miljø, energi, mjølk- og storfeproduksjon og fruktproduksjon har blitt vidareført som prioriterte område for våre ressursar i 2017, eit år som blei prega av mykje nedbør i fleire månader i strekk. Grashaustinga og beitinga var til tider eit mareritt for bøndene. Resultatet har blitt åkrar med djupe køyrespor og opptråkka beite. På hausten meldte det seg eit nytt problem; gjødsellagra var fulle! Næringa, Fylkesmannen og Innovasjon Norge gjekk saman om å lyse ut IBU-midlar til bygging av gjødsellager for å betre kapasitet og fleksibilitet for bøndene. Resultatet blei løyving av 69 søknader, kr 7,1 mill i tilskot og kapasitetsauke på 120 000 m³.

Produksjonsvolum i jord- og hagebruk blir opprettholde jamt over i alle produksjonar. Vi har spesielt fokus på mjølkproduksjonen som står for nær halvparten av verdiskapinga i landbruket i fylket.

Den regionale partnerskapen har i mange år halde på ei streng prioriteringsline både med tanke på utviklingsmidlane og investeringsmidlane, og desse har og samanfallande strategiar. Vi vil kort nemne at distrikta har høg prioritering kontra sentrale strøk (70/30% av IBU-midlane), grovfôr har høg prioritet, sauhus blir ikkje prioriterte, ei heller til kraftfôrbaserte produksjonar og juletre. Mange søknader gir oss utfordringar med låg tilskotssats pr søknad.

Vi registrerer auka fokus på beitebruk og grasbasert kjøtproduksjon med redusert bruk av kraftfôr. Sterkast engasjement ser vi i distrikta. Denne meir ekstensive måten å produsere på er gjerne sett i samanheng med kostnadsreduserande tiltak, så som enklare og billigare fjøs bygd i tre.

I løpet av 2017 har plante- og dyrehelse fått betrakteleg større fokus i heile verdikjeda. Vi har tatt initiativ til å få i gang ei større satsing på dyre- og plantehelse, deriblant ein «Innovasjonsdialog» som blei arrangert i desember. Tilbakemeldingane viser at alle, frå næringa, veterinærenesta, foredlingsindustrien til forskarane, etterlyser eit arbeid som skal føre til at dyre- og plantenæringane blir styrka. Dette for å styrke konkurransekrafta i næringa og industrien.

Prosjektet «Stopp spreininga av smittsame sjukdommar i Rogaland» pågår for fullt. I løpet av eitt år er det planlagt minst 35 møte i samarbeid alle slakteri og meieri i Rogaland, samt Mattilsynet, Veterinærinstituttet, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Klauvskjærforeningen, Veterinærforeningen og Fylkesmannen. Vi har brukt UT-midlar for å forsterke eit forskingsprosjektet «Digital dermatitt» i regi av NMBU, TINE med fleire, slik at vi får ein meir omfattande involvering av bønder og veterinærer frå Rogaland. Vi har og brukt UT-midlar til eit prosjekt på Finnøy for å stoppe spreininga av sjukdommar så som Digital dermatitt, Coronaviruset mfl. Totalt har vi løyvd kr 360 000 til dyrehelse-prosjekt.

Rogaland har utfordringar på miljøsidea. Vi har mykje husdyrgjødsel som kan foredlast til biogass og verdifulle restprodukt. Vi er aktivt med i diskusjonar omkring temaet og om moglege tekniske, praktiske og finansielle løysingar. Det trengs meir forskning og økonomiske investeringsmidlar for å få fart på omlegginga. NIBIO og vi er sentrale i dette arbeidet, og vi har gitt midlar til eit pilotprosjekt i regi av Jæren biogass AS, «Kvalitetssystem for handtering av biogass/biorest». Ein samanslutning av landbruksaktørar med FKRA som leiar har set i gang eit PhD-studie på bruk av fytase i kraftfôr for å redusere mengde fosfor i husdyrgjødsel. Fylkesmannen er med i konsortiet.

Det er mange plan- og utesiloar i Rogaland, og det er ei stor utfordring å halde grasmassen rein og området rundt tørt. Ei anna side er avrenning av næringsstoff til vassdrag. Å føre dette vatnet til gjødsellager er ikkje ei god løysing. Ulike løysingar må derfor testast ut, og vi arbeider med retningslinjer til hjelp for bønder, entreprenørar og kommunar.

Fragmentering av produksjonsareala er mest kjent som «dekk og diesel-problematikken». Fylkesmannen er aktivt med i forskingsprosjektet «Landfrag» både med UT-midlar og som tilretteleggjar for møte med bøndene. I tillegg brukar vi egne krefter på statistikk og analyseverktøy (GIS). Orre krets på Jæren er plukka ut som pilot med bakgrunn i at dei var med i forprosjektet «Dekk og diesel». Målet er å oppnå frivillige løysingar for betre eigedomsstruktur.

Fruksatsinga som Fylkesmannen starta opp saman med Rogaland Fruktdyrkarlag i 2014 held fram og gir resultat. Målsetting er auka produksjon og verdiskaping gjennom nye produksjonsmetodar og kompetanseheving. Ni dyrkarar fekk 3,7 mill kroner i tilskot til investeringar til 125 daa med eple og 9 daa pære. Av desse var det fem heilt ny produsentar. Det er gjennomført fleire møte og samlingar for potensielle fruktdyrkarar. Det er framleis stor interesse for frukt i Rogaland. Ryfylke Frukt SA etablerte nytt fruktpakkeri i Årdal i Ryfylke med støtte frå IN.

Det blei i 2017 teke til orde for å starte opp ei bæringsatsing. Fleire gartnarar som kom dårleg ut av Coop/Ica-oppkjøpet ser seg om etter nye produksjonsområde. Vi støttar opp om denne omstillinga for å oppretthalde produksjonen i distrikta. Eitt av resultatane i 2017 var at gartnarane melde seg inn i Rogaland fruktdyrkarlag som så endra namn til Rogaland frukt- og bæringsdyrkarlag. Målet er m.a. å bygge opp ny kompetanse på dyrking av nye vekstar i tunnelar.

Økologisk landbruk og forbruk

Primærproduksjon

Det har vore ei positiv utvikling av tal økologisk godkjende gardsbruk og godkjent areal for første gang på mange år. Tal frå Debio viser at 50 verksemder var godkjende eller under karens for økologisk primærproduksjon ved utgangen av 2016, mot 46 verksemder i 2015. I 2016 var 6.419 daa landbruksareal godkjent økologisk mot 6.289 daa i 2015. Det er ei auke av økologisk og karens areal på 2,6 % frå 2015 til 2016. Økologisk areal ligg på 0,6 % av landbruksarealet i Rogaland, medan i Noreg totalt ligg det på 4,5 % av landbruksarealet.

Revidering av Handlingsplan for økologisk landbruk kom ikkje i gang som planlagt. I 2017 blei det ikkje arrangert fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk i Rogaland. Det er ein felles, årleg møtestad for økologiske produsentar og andre interesserte for fagleg påfyll og nettverksbygging. Arbeidet med handlingsplanen og fagsamlinga blei nedprioritert grunna lite ressursar.

Marknad

Omsetnad av økologiske produkt har auka over heile landet. I Rogaland auka omsetnad i daglegvarehandelen med omlag 40 millionar kroner frå kr 150 millionar i 2015 til 190 millionar i 2016. Utviklinga i Rogaland med omlag 26 prosent auke i omsetnad følger trenden for heile landet. Om lag 1,6 prosent av totalt innkjøpt mat (2016) i Rogaland er økologisk. Det er ikkje statistikk tilgjengeleg over kor mykje av omsetnaden som er basert på import.

Butikk, bakeri og matkasser

Eit stort utval av økologiske produkt har Økologiske Dagligvare i Stavanger. Einaste heiløkologisk leverandør for frukt- og grønnsakskasser i Rogaland, Håpet økologisk, har lagt ned. Grossisten Norganic har etablert nettbutikk for privatshushold. Her kan ein bestille produkt frå tørrvaresortimentet. Det er totalt nå tre heiløkologiske bakeri i Stavanger, og eit meir industrielt bakeri med Debio godkjenning på Klepp. Utval og tilgjenge blir stadig betre i kjedebutikkane.

Storhushaldning

Offentlege verksemdar i Rogaland bruker lite ressursar på å fremje økologisk mat i kantiner, barnehagar og skular. Det finns ingen tal for bruk av økologisk mat i kommunale eller fylkeskommunale verksemdar. I følge Debio var berre 5 verksemdar i Rogaland registrert for «servering av økologisk mat og drikke» (6 i 2016); derav 2 frå det offentlege: Kantina som blir brukt av Fylkesmannen og kasernen Harald Hårfarge. Det er nokre barnehagar og skulekjøkken som brukar nokre økologiske råvarer. Eit krav om bruk av økologisk mat i alle offentlege verksemdar (som i Sverige og Danmark) hadde auka omsetnaden og ført til ein meir føreseieleg marknad for produsentane og salsleddet. Fylkesmannen har hatt samarbeid med Stavanger kommune om ei satsing på bruken av økologisk mat i storhushaldningar og som ga positiv effekt. Dette blei nedprioritert dei siste åra med det resultat at det er færre storhushaldningar nå enn i 2015 som serverer økologisk mat.

Grossist- og foredlingsleddet

Det har skjedd lite endring på grossist og foredlingsleddet i Rogaland i 2017.

Urbant dyrking/ Andelslandbruk

I tampen av 2017 blei det fjerde andelslandbruket i Rogaland danna. To av desse fire er Debio-godkjente. Utanom andelslandbruk, finns det fleire prosjekt som dyrkar grønsaker i fellesskap, ofte på initiativ av private eldsjeler med meir eller mindre sterk organisering. Det viser ei aukande interesse i befolkninga av å vite kor maten kjem frå, og å lære om dyrking av grønsaker. Det finns ingen statistikk over kor mykje grønsaker som blir produsert gjennom andelslandbruk og i andre dyrkingsprosjekt. Oppfølginga av andelslandbruk og andre prosjekt har låg prioritet hos Fylkesmannen.

Bioenergi

Bioenergisatsinga i Rogaland held fram med å skyte fart, trass svært lave straumprisar dei siste åra. 3 nye biobrenselanlegg er sett i drift i 2017, og det er no full drift på 20 større varmesentralar basert på skogsflis i fylket. Det er også fleire konkrete planar om nye, større anlegg.

På gardsvarmeanlegg er det også aukande interesse. Vi opplever at investering i gardsvarmeanlegg krev ein lang modningsprosess hos bøndene, og at langsiktige satsingar er nødvendige for å oppnå resultat. Vi trur den positive utviklinga er eit resultat av målretta arbeid over lang tid, der det er bygd opp spisskompetanse gjennom fleire prosjektsatsingar. I tillegg har vi dei siste tre åra køyrt informasjonsmøte, kurs og studieturar rundt i fylket, og ser no at stadig fleire bønder går med konkrete planar om å investere i anlegg for eige bruk eller varmesal. I 2017 har vi følgd opp kursa med direkte rådgiving i etterkant, noko som ser ut til å auke interessa ytterlegare. Det ligg føre fleire konkrete planar om å søke støtte til investering til gardsvarmeanlegg.

Trebruk

Innan trebruk har det dei siste åra kome i gang fleire nye initiativ i fylket. Vi opplever at interessa og kunnskapen om tre som alternativ veks, og at det i aukande grad kjem initiativ til nye prosjekt utanfrå trenæringa sjølv. Mellom anna er det under bygging eit stort signalbygg i Stavanger, SR-Bank sitt nye bankbygg, som ligg an til å bli eit av landets mest innovative næringsbygg i tre. I samarbeid med trenæringa, fylkeskommunen og Innovasjon Norge er vi i gang med ei ny tredivarsatsing i fylket, der hovudfokus vil vere retta mot større offentlege og private bygg.

Innan lokal foredling ser vi også positive satsingar på blant anna landbruksbygg i tre, også dette med aukande marknad og interesse både innad i fylket og utanfor. I samarbeid med Skogselskapet og Innovasjon Norge vil vi køyre informasjonsmøte retta mot bønder i 2018, der vi sett fokus på m.a. kostnadseffektive og miljøvennlege bygg, godt innemiljø, det framtidige lausdriftskravet o.a.

Lokalmat

Fylkesmannen tok i august 2016 initiativ til eit møte med deltakarar frå landbruksnæringa, faglag, matindustri, forskning- og utdanning, reiseliv og det offentlege for å diskutere behovet for ei verdiskapingsatsing på mat med særpreg frå Rogaland. Forprosjektet «Matverdi for Rogaland» blir sett i verk februar 2017 der Rogaland landbrukselskap er eigar og Rogaland fylkeskommune prosjektansvarleg. Konklusjonen var at både mat- og reiselivsnæringane har eit behov for ei ny matsatsing, men vegen vidare blei ikkje staka ut. Parallelt med dette tok mat- og reiselivsaktørar initiativ til å utarbeide «Matmanifest for Rogaland». Over 150 aktørar har signert dokumentet. Rogaland fylkeskommune har teke på seg ansvaret for å vidareføre det påbegynte arbeidet med å fremme lokal mat og drikke frå Rogaland. Mat- og reiselivsnæringane er ved eit vegskilje der avvikling av Gastronomisk Institutt og Måltidets Hus ligg bak oss, og der nye vegar syner seg.

Vi gjennomførte eit fire-dagars innføringskurs i mjølkeforedling i regi av Kompetansenettverket i januar 2017.

Matsmiå arrangerte vi for fjerde gang og med god oppslutning. Målet er å inspirere til meir bruk av lokal mat og drikke, å auke produktmangfaldet og å styrke nettverka. Vi ser at det har vore god verknad på etablering av nye matverksemdar, spesielt i Hauglandsregionen.

Dalane-regionen tok i 2017 grep om mat og reiselivssatsing. Bjerkreim kommune har fått UT-midlar til å opprette ein næringshage med hovudfokus på mat og reiseliv. Lund kommune fekk midlar til eit forprosjekt for å mobilisere matprodusentar til eit nettverk. Over 10 personar er interesserte og vil arbeide fram eit Mat frå Lund-nettverk i 2018.

I 2017 blei Fjellam frå Ryfylke SA etablert. Målet er å vidareføre tradisjonen med heiaføring av sau, samt å skape merkevaren «Fjellam frå Ryfylke». På sikt ønskjer dei at lammekjøtet med den gode historia og kvaliteten skal vere tilgjengeleg for fastbuande og turistar i regionen.

Reiseliv

Preikestolen har som ein av dei største turistmagnetane i Noreg trekt om lag 300.000 besøkande til seg i 2017. Etter mange år med auke i turistmengda, har det vore ein liten nedgang i 2017. Trykket på sommaren har likevel vore stort, og det blir jobba med å fordele turiststraumen over heile året og på fleire mål. I Ryfylke er nye tilbod av mat, servering, overnatting, aktivitetar og opplevingar på gang, noko som er viktig i reiselivssatsinga i Rogaland.

Eitt konkret turistmål er Trollpikken i Dalane i Eigersund kommune som fekk mykje omtale i fjor i aviser og sosiale media. Her auke tal besøkande, og slike reisemål kan bidra til å halde på turistane i fleire dagar. Potensialet for reiselivet er stort i Dalane og andre deler av Rogaland.

Det var totalt sett lite utveksling i partnerskapen om reiseliv. Det blei arrangert Reiselivskonferansen i regi av fylkeskommunen. Fylkesmannen i Rogaland deltok med ein person i mat- og reiselivssamling i regi av LMD i juni. Vi prioriterte deltaking i Internationale Grüne Woche 2018 framfor anna arbeid innan reiseliv. Fylkesmannen ser mange utviklingsmoglegheter innan landbruksbasert reiseliv, men har forholdsvis lite ressursar til dette formålet.

Internationale Grüne Woche

Fjord Noreg var ein av regionane i den Norske Paviljongen på Internationale Grüne Woche (IGW) i januar 2017. Rogaland valte å ikkje delta grunna lite ressursar, men takka ja til deltaking på IGW i 2018. Mykje av førebuingar skjer på hausten året før, og det krev mykje arbeidstid. Det var ei utfordring å rekruttere produsentar og reiselivsbedrifter. Tilbakemeldingane frå deltakarane og samarbeidet under paraplyen «Fjord Noreg» var svært bra, og det kan vere

formålstjeneleg å utvide samarbeidet til andre arrangement og tiltak.

Inn på tunet

Det har i Rogaland dei seinare åra vore noko mindre interesse og etterspurnad etter Inn på tunet-tenester frå kjøparsida enn vi kunne ønske. Når det gjeld kommunane, ser vi ofte at satsinga manglar politisk og administrativ forankring, og framleis i for stor grad er avhengig av eldsjeler. Kommunar som klarar å involvere fleire fagområde og jobbe tverrfagleg lukkast best. Etterspurnaden frå NAV er i dag også noko mindre enn før, etter at «grønt arbeid» er avvikla som eige prosjekt- og satsingsområde. Bufetat har derimot framleis stort behov for ulike butilbod til barn og ungdom (ulike typar fosterheimar, besøksheimar, helgeavlasting).

Talet Inn på tunet-gardar som er med i godkjenningsordninga til Matmerk er per i dag 24, ein auke på 4 gardar sidan i 2016. I tillegg kjem 8 gardar som har søkt om godkjenning og er i prosess. Nettverksorganisasjonen Inn på tunet – Rogaland tel rundt 40 medlemmar.

Internt hos Fylkesmannen er det hovudsakeleg landbruksavdelinga som arbeider med Inn på tunet, men representantar frå utdanningsavdelinga og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har også vore involverte i arbeidet. Prosjekt «Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland» har også medverka til å setje IPT på dagsorden.

Det er utarbeid «Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland for 2017 – 2018».

I månadsskifte oktober/november blei det arrangert ein regional storkonferanse om IPT, i samarbeid med Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Universitetet i Agder og Nasjonalforeningen for folkehelsen. Konferansen som var i Kristiansand blei samkøyrtd med Nordisk forskarsamling innan «Green care and nature based interventions».

Om ressursituasjonen

Rogaland er eit høgproduktivt fylke som krev mykje ressursar til å stette dei oppgåvene vi må løysa med tanke på tilskotsforvaltning, konsesjonsforvaltning, erstatningssaker, kontroll saker osv. På grunn av ein stram økonomisk situasjon, er ei stilling på næringsutvikling (NU) stått vakant sidan 2016. I tillegg blir 30% av ei stilling på NU brukt på VRI for å finansiere opp stillingane. Dette har fått følger for oppgåver knytt til tradisjonelt landbruk (spesielt ramma er dei grovførbaserte produksjonane), statistikk og landbruksøkonomi. På sikt vil våre kvalitative vurderingar bli svekka, og vil redusere konkurransekrafta til landbruksnæringa og utfordre prinsippet om likebehandling.

Vi må prioritere driftsmidlane eller personalmessige ressursane strengt, og det går ut over deltaking i viktige prosjekt og på samlingar/seminar/messer. Til dømes deltaking på Det Norske Måltid, fagsamling øko, handlingsplan øko, og samling for næringsutviklarar.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

I 2013 blei det utarbeidd Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) i samarbeid med den regionale partnerskapen. Gjeldande regionalplan for landbruk, vedteken i fylkestinget 7. juni 2011, har vore særleg knytt opp mot RBU. Planen er ein strategisk næringsutviklingsplan for landbruket i heile fylket, og er både eit utviklingsverktøy og eit styringsverktøy som er retningsgivande for utviklingstiltak, prosjekt og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Regionalplan for landbruk i Rogaland omhandlar alle dei tre hovudelementa som er inne i RBU: Regionale næringsprogram (RNP), Regionale miljøprogram (RMP) og Regionalt skog- og klimaprogram (RSK).

Vi legg til grunn Regionalplan landbruk som vårt viktigaste strategiske dokument for ordningane som inngår i RBU. Arbeidet med revidering av RBU er starta opp. Den regionale partnerskapen har i mange år samarbeidd om næringsutvikling og har eit eige handlingsprogram for næring (HPN), med prioriteringar frå regionale planar (energi og klima, landbruk, næringsutvikling), Kystskogmeldinga og strategiar (FoU, Handlingsplan for skogbruk, bioenergi strategi og reiseliv).

Den regionale partnerskapen og næringsaktørar utarbeide i fellesskap oppdragsbrevet for 2017 som ga strategiske føringar for bruken av IBU. Mellom anna har HPN i 2017 prioritert klima og miljø, grovførproduksjon og frukt. Dette viser og igjen i Fylkesmannen sin eigen ressursbruk til beitebruk, storfeproduksjon og frukt, og midlar til utviklingsprosjekt.

RMP har eiga styringsgruppe, samansett av den regionale partnerskapen og næringsaktørar. Bortimot same gruppesamansetning som for IBU gjer sitt til at det er godt samspel og synergiar mellom RMP, HPN og IBU. Vi vil spesielt trekke fram to tiltak; utviklingsprosjektet i Lysefjorden, der RMP har prioritert beiting i området, og investeringsstøtte til gjødsellager, der RMP prioriterer «Frivillige tiltak i landbruket».

Fylkesmannen har ansvaret med å utarbeide retningslinjer for støtte til skogsvegar og skogsdrift med taubane i samarbeid med kommunane og næringsaktørane. Retningslinjene blir revidert årleg. Det blir også gjort ei harmonisering av retningslinjene gjennom samarbeid mellom vestlandsfylka for mest mogleg like reglar og tilskotsatsar. For å forsterke tiltak i RSK, har det vore viktig for oss å bruke UTM. Gode døme er finansiering av prosjektet «Gode Skogsvegsløysingar i Rogaland 2017-2019 og informasjonsarbeid/prosjekt/skogdagar som støtter opp under ordningane i RSK. Mobiliseringsarbeidet som blir gjort i Klimaskogprosjektet og i bioenergisatsinga gir også positive ringverknader RSK. For den siste delen av RSK er det starta opp eit større arbeid med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging.

Uavhengig av RBU er det god samhandling og sameint prioritering på tvers av dei tre linene RNP, RMP og RSK. Gode prioriteringar gir gode og langsiktige synergiar. Vi opplever nok i realiteten at RBU er ei noko oppkonstruert sak, der vår Regionalplan landbruk er eit godt alternativt styringsverktøy der partnerskapen tek hand om prioriteringar og koordinering mellom RNP, RMP og NMSK. Hovudmålet må jo vere at regionale ordningar treff dei regionale utfordringane, at det er stor semje regionalt om prioriteringane - og at ordningane verkar best mogleg saman.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst.

Dei siste åra er Fylkesmannen si oppfølging av kommunane med feltkontrollar (resultatkontroll) trappa opp, der vi har tilbydd å delta på kontroll i fleire kommunar enn tidlegare. Vi opplev at kommunar som ikkje blir følgd opp direkte som dette heller ikkje utførar kontrollane. I 2017 har nesten alle kontrollar blitt utført, og vi ser at kommunane i større grad tar kontakt med skogeigarar etter hogst og informerer om foryngingsplikta. Vi ser ein tendens til at noko meir areal blir følgd opp til foryngingsplikta er oppfylt (30% i 2017, mot 18% i 2016). Andelen areal hvor forynginga er ikkje tilfredsstillande forynga eller ikkje forsøkt forynga viser ein samla nedgang frå 29% i 2016 til 17% i 2017. Vi har inntrykk av at enkelte kommunar jobber tettare mot tømmerkjøparane for å få informasjon om kva skogeigarar som ikkje bestiller planting etter hogst, slik at dei effektivt kan rette innsatsen meir direkte mot dei usikre areala.

Den overordna trenden i fylket er likevel at det er store areal med skog som ikkje blir sett i tilfredsstillande skogproduksjon etter hogst, eller som blir avskoga til andre arealformål. Samanstilte resultat frå kontrollane for perioden 2011 til 2017 (totalt 6194 dekar fordelt på 201 hogstfelt) viser at det i perioden kun var 25% av det kontrollerte arealet som var tilplanta innanfor tilrådd plantetettleik på kontrolltidspunktet. 34% av arealet var ikkje tilfredsstillande forynga eller ikkje forsøkt forynga. Dette indikerer eit stort etterslep av areal med behov for forynging, som vi ikkje kan sjå i den vidare plantestatistikken at har blitt følgd opp. Dette fører vidare til at etterslepet auker for kvart år. Samanstillinga viser også at hovudtyngda av granskogen blir hogd lenge for den er hogstmoden (60 % i hogstklasse 4 eller yngre), og dette er heller ikkje ei utvikling som ser ut til å betre seg.

I tillegg til låg foryngingsprosent går altså også store deler av skogarealet ut på grunn av ønske om omdisponering til andre arealformål. I perioden 2011-2017 var 27% av kontrollarealet under omdisponering på kontrolltidspunktet, medan 14% var godkjent omdisponert. Det er i hovudsak omdisponeringar til beite, men også noko til utbygging o.a. Det er ikkje tekn til at denne utviklinga er i ferd med å avta, derimot auka dette arealet både i 2016 og 2017. Mest bekymringsverdig her er den store andelen under omdisponering, da vi erfarer at mykje av dette arealet ikkje blir reelt omgjort og godkjent som beite. I 2017 utgjorde dette så mykje som 44% av det kontrollerte arealet.

Status	Tal Dekar	%	Godkjent omdisponert	OK Forynga	Ikkje forsøkt forynga
1552 25%	43 1654	27%	37 842	14%	51 Ikkje
forsøkt forynga	35 938	15%	51 Ikkje		
			Sum	201 6194	

Utviklinga skuldast delvis mangelfull oppfølging frå kommunane, trass i at Fylkesmannen har gitt eigne skjerpa reglar for oppfølging av areal under omdisponering. Vi har og tatt det opp som tema på samlingar og forvaltingskontrollar. Vi er bekymra for at dette er ei stadig meir utbreidd løysing for å omgå foryngingsplikta for skogeigarar som ikkje ønsker å plante til areala etter hogst, og ønsker tydelegare sentrale føringar på dette.

Kommunane sender gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der kommunen må bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukt skogbrukslova aktivt etter at foryngingsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket; jf. tilrådingane til Landbruksdirektoratet.

I 2017 har Rogaland saman med resten av Fylkesmannsgruppa i Kystskogbruket sendt brev til Landbruks- og matdepartementet (21.09.2017) der vi utdjuar bekymringa for den langsiktige nedbygginga av skogressursane, og foreslår tiltak som kan bremse eller motverke utviklinga. Vi ser fram til å ha dialog og ta tak i dette i 2018.

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging. (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Landbruksdirektoratet si nettbaserte rapporteringsløysing i ØKS.

Skogbruksplanlegginga følgjer hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har av ressursmessige årsaker heller ikkje blitt prioritert i 2017. Hovudplanen frå 1999 har vore styrande for framdrift i alle områdetakstane, der ein no er ferdig med 1. omdrev med digital takst i dei viktigaste skogkommunane etter 20 år. I samband med revisjon av Regionalt bygdeutviklingsprogram i 2018 inngår revisjon av ny hovudplan for skogbruksplanlegging.

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Skogbruk

Investeringar i skogkultur held ikkje tritt med rekordstor hogstaktivitet. Hogsten landa på om lag 132 000 m³ for 2017. Dette er femte året på rad med stor avverking.

Skognæringa i Rogaland driv i stor grad eit reint haustingsskogbruk, der berre om lag 1/3 av snauhogt barskogareal blir tilplanta etter hogst. Ubalansen mellom hogst og planting vil få stadig større negative konsekvensar for framtidig verdiskaping og CO₂-binding viss ein ikkje klarer å snu utviklinga. At vi i tillegg hogg over 60 % av skogen (tal frå kontrollfelt) før den er hogstmoden, forsterkar dette bildet.

I tillegg går store areal ut av skogproduksjon kvart år. Om lag 1/3 av avverka areal blir ikkje planta til att på grunn av ønske om at arealet omdisponerast til andre formål. Dette gjeld i hovudsak ønske om omdisponeringar til jordbruksformål (innmarksbeite). Utviklinga er bekymringsverdig, fordi vi veit at mykje av dette arealet ikkje blir følgd opp til godkjent omdisponert tilstand. Avskoging av høgproduktive areal er svært negativt for klima, men også for verdiskapinga og den framtidige ressurstilgangen i skogbruket.

Manglande evne og vilje i mange kommunar er viktigaste årsak til manglande skogkulturinvesteringar og ufullstendig oppfølging ved omdisponering frå skog til beite. Stadig fleire kommunar prioriterer ikkje ressursar til motivering, oppfølging og kontroll av skogkulturarbeid.

Med om lag 5 årsverk i vårt fylke ute i kommunane på skogområdet, fordelt på heile 16 personar, er tida overmoden for å sjå på organiseringa av skogoppgåvene. Det er ønskeleg med heile stillingar som kan dekke fleire kommunar heller enn kombinerte brøkstillingar slik det er i mange kommunar i dag. Vi arbeider stadig meir med å sjå på nye strukturar for organiseringa av skogforvaltninga i kommunane, og vil sannsynlegvis løfte dette enda meir i 2018.

Jordbruk

Den aukande konsentrasjon av husdyr på Jæren er ei miljømessig utfordring. Transport av husdyrgjødsel frå gardar med intensiv husdyrproduksjon til ledig

spreieareal er ein åreleg utfordring. Areal innanfor RMP-ordninga med miljøvennleg spreieing av husdyrgjødsel har auka jamt og trutt dei siste åra.

41,7 % av løyvde SMIL-midlar gjekk til ureiningstiltak i 2017 medan målet var minst 35%. Det er løyvd SMIL-midlar til etablering av 7 nye reinseparkar, 11 tiltak på hydrotekniske anlegg og oppsamling/reinsetiltak i 8 større veksthus.

Rogaland har hatt eit overskot av husdyrgjødsel i mange år, kunnskap om biogass-produksjon, rørgater som kan frakte biogass og aktørar sin kan nytte biogassen. Den manglande satsinga på biogass i Rogaland skuldast at biogass ikkje kan konkurrere med andre energikjelder på pris og lønnsemd. Rogaland har eit pågåande mindre pilotprosjekt på biogassproduksjon med husdyrgjødsel som einaste substrat.

Dårleg drenert jord aukar utslepp av lystgass, aukar avrenning av jordpartiklar og næringsstoff, reduserer plantene sin evne til næringsopptak og gir dårlege driftsforhold. Dobblinga av satsane på tilskot til drenering sommaren 2017, - saman med ei sær sars regnfull vekstsesong i 2017 førte til en veldig auke i søknadar på tilskot til drenering.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettere planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Sidan 2015 har tal planter pr dekar gått opp frå 237 til 246. Dette svingar får år til år alt etter kvifor ein kommune som har mest planting og boniteten i plantefelta. I kommunar med høge NMSK tilskot får vi liten effekt av det ekstra tilskotet, mens i kommunar med låge tilskotssatsar har tilskotet stor betydning.

- 237 planter pr dekar i 2015
- 244 planter pr dekar i 2016
- 246 planter pr dekar i 2017

Suppleringsplantinga har auka frå 53 000 til 77 000 plantar. Det er litt tidleg å seie om dette er som følge av tilskotet eller om det er naturlege svingingar.

Vi har ikke hatt større gjødslingsprosjekt i 2017. Det er allikevel viktig å ha ordninga då det vil få store utslag på NMSK tilskotet dei åra det er mykje helikoptergjødsling om vi ikkje har denne ordninga.

Tiltak i regionalt miljøprogram (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Tiltak i regionalt miljøprogram er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Miljøutfordringane i Rogaland er særleg knytt til attgroing, tap av ugjødsla beitemark, tap at restareal i intensive jordbruksområde, mange vassdrag med høg næringsbelastning og klimautslepp.

Rogaland er eit aktivt jordbruksfylke, men også her blir det stadig færre aktive jordbruksføretak. Dyrka jord i drift er stabilt, og prosent leigearreal har gått opp. Aukande avstand mellom driftssenter og produksjonsareal kan gi meir ekstensiv drift av areal lengst unna driftssenter, og det er særleg krevjande for vedlikehald av innmarksbeita. Regionalt miljøprogram kan aleine ikkje løyse dei generelle utfordringane knytt til attgroing. Vi har valt ut ein skilde område t.d. Lysefjorden der det blir gitt tilskott til beite og slått av jordbruksareal. Vi har også valt å gi tilskot til skjøtsel av bratt areal, då det er dei tungdrivne areala som raskast går ut av bruk. Vi vil peike på at innmarksbeita er viktig i Rogaland. Mange blir drivne intensivt (gjødsla, kalka og ugrasbehandla), og dette er arbeidskrevjande.

For å stimulere til beitebruk utan tilføring av ekstra gjødsel har vi valt å gi tilskot til skjøtsel av naturbeitemark og hagemark gjennom tiltaket beite av biologisk verdifulle areal. Vi har også valt å gi tilskot til vedlikehald av myr ved jordbruksareal og til fuglerike biotop. Skjøtsel av kystlynghei er ei svært sentral ordning i Rogaland, og vi ser aukande interesse for å ta i bruk desse områda. I 2016 forenkla vi RMP til å berre utmåle tilskot til kystlynghei per dekar. Vi sett krav til kartlegging i Naturbase og differensierer sats etter om det er eit A-område eller B-område. Samstundes har vi eit tilskotstak på 50 000 kr. Vårt inntrykk er at dette fungerer godt, men det har kome innspel om at tilskotstaket bør vurderast på nytt. Det er heilt klart eit press i sentrale jordbruksområde for å utvide spreieareal for husdyrgjødsel. For å dempe konfliktnivået mellom miljø og jordbruksomsyn er det avgjerande å kunne stimulere med økonomiske verkemiddel.

Dei mest sentrale ordningane vi har tatt i bruk for å minske tap av næringsstoff til vatn er miljøavtalar, ugjødsla randsoner og vegetasjonssoner. Vi ser også på miljøvennleg gjødselspreieing som ei ordning som minskar tap av næringsstoff.

Vi starta med miljøavtalar i Skas Heigre med gode resultat. Miljøavtalar har blitt utvida til å omfatte ei rekke nye vassdrag. Det er utfordrande å få same gode oppslutning i dei nye områda, og vi ser at frivillige tiltak er ressurskrevjande. Vi ønskjer å utvide ordninga for tilskot til miljøvennleg gjødselspreieing til heile fylket. I dag er ordninga avgrensa til å gjelde kommunar med sårbar vassdrag. Utviding til heile fylket er vanskeleg med noverande økonomiske ramme, utan store omprioriteringar i Regionalt miljøprogram i Rogaland.

Vi ser at oppslutninga kring miljøvennleg gjødselspreieing er aukande, men at det tek tid for bøndene endrar mekaniseringa.

3.1.1.15 Andre oppdrag

Sjå områder nedanfor.

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Fylkesmannen deltek i samordningsutvalet til «Bolig for velferd» Ein ser at tett samarbeid med Husbanken og andre statlege aktørar som Bufetat, Kriminlaomsorgen, Nav, Namsmyndigheit m.fl, kor ein har eit samla koordinert fokus på varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden verkar i positiv retning. Ein ser samstundes at det er eit behov for å operasjonisere arbeidet noko meir.

Fylkesmannen deltek og har ein aktiv rolle i samarbeid med dei kommunane ein følgjer særleg opp i strategiperioden. Dette skjer i saman med Husbanken som koordinerer arbeidet. Ein har og i 2017 hatt fokus på reduksjon av mellombels bustad. Sjølv om ein ser av NIBR si bustadlauskartlegging at tala går ned, finn Fylkesmannen det bekymringsfullt at det framleis er dei personane med samansette utfordringar som i høg grad representerar bustadslausstatistikken.

Det vert frå kommunane rapportert om utfordringar med å etablere gode butilbud til dei mest vanskelegstilte. Fylkesmannen er bekymra for utviklinga i diskusjonen omkring rettighetsinngripande tiltak i denne anledning.

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale arbeidet i etablerte fora og læringsarenaer, og ha gjennomført minimum to kompetansehevende tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid.

I 2017 har Fylkesmannen integrert bustad for velferd og informasjon om veivisaren på dei etablerte opplæringsarenaene. Ein kan nemne kurs for nyttilsette i Nav, kurs i offentlig helsearbeid, nettverk for gjeldsrådgjevere, konferanse for sosial bustadbygging, konferanse om bustadlausheit m.m. Ein har i 2017 hatt eit særleg fokus på heilskapeleg planlegging, sårbare overgangar og kompetanseheving. Bustad er ein av velferdspilarane, og må såleis bli integrert i kommunal planlegging på heile levekårsområdet. Ein ser av den grunn betydninga av tett samarbeid mellom levekårsområdet og planområdet på fleire nivå.

Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	5	7

3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Arbeidet med revisjon av fylkesROS Rogaland har hatt stort fokus i 2017. Vi har hatt eit nært samarbeid med fleire ekspertgrupper med utspring i Fylkesberedskapsrådet i analysearbeidet.

Ut over det førebyggjande arbeidet og arbeidet med fylkesROS har vi i 2017 vore særskilt opptekne av det sivil-militære samarbeidet.

Reduksjon av talet på soldatar i HV generelt og i HV08 (Rogaland og Agder) spesielt har uroa oss. Vi har i brev til Justis- og beredskapsdepartementet uttalt oss kritisk til denne reduksjonen. Ikkje minst i samband med forsvaret si kapasitet til å verne samfunnskritisk infrastruktur. I samband med dette har vi delteke i den lukka høyringa i Stortinget sin Kontroll- og konstitusjonskomite.

Planlegging og gjennomføring av den årlege samfunnsikkerhetskonsferansen har også i 2017 vore viktig fagutvikling for det regionale nettverket. Eit anna fagutviklingsprosjekt som er viktig i vår region er arbeidet med tryggleik i tunellar. Vår fokus er naturleg nok retta mot dei lange undersjøiske tunellane som er under arbeid i fylket. Begge Tunellane blir dei lengste undersjøiske vegtunellane i verda når dei er ferdige. Dette fører til særlege utfordringar når det gjeld redningsinnsats.

Sammenslåing av politidistrikta har tatt mykje tid for politiet og har sjølvstundt hatt innverknad på samarbeid vårt dette året. Vi har vore godt involvert i etableringa av ny redningsleiing og har delteke i opplæring og øving. Fylkesmannen er og aktiv deltakar i det regionale øvingsutvalet.

Oppfølging av Risavikrapporten har vore viktig internt.

Det er behov for ein grundig revisjon av Fylkesmannens interne beredskapsplan. Det skulle vore gjort i 2017. Det har vi ikkje hatt kapasitet til. Arbeidet med planen vil bli prioritert i 2018

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser av regional betydning, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter hendelsen.

Etter Fylkesmannens vurdering har det kun vore ei hending som har vore av ein slik karakter at evaluering til DSB har vore nødvendig. Vi sendte evalueringsrapport etter eklstremvêret Vidar. (Januar 2017). Ekstremvêra Aina og Birk ga ikkje store konsekvensar og grunn til felles evaluering. Ekstremvêret Urd i desember 2016 blei evaluert i 2017 og sendt DSB.

Fylkesmannen skal evaluere eller (fra kapittel 3.2.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere eller delta i evalueringen av alle regionale øvelser hvor fylkesmannen har deltatt og fylkesmannens embetsøvelser, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter øvelsen.

Alle øvingar er evaluerte, men ikkje sendt DSB. Me er usikre på kva som skal definerast som ei regional øving. Fylkesmannens stab og kriseleiing er øvd i oktober og november 2017.

3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Fylkesmannen har ei intern samordningsgruppe (tilsynslaget). Tilsynslaget har representantar frå fagavdelingane, der ein arbeider med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjennomført samordningsmøte med Mattilsynet, Skatt Vest, Kartverket, Arbeidstilsynet, Arkivverket, Statens vegvesen, DSB og kontrollutvalsssekreteriata i fylket.

Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjere. Oversikt over dette blir sendt kommunane innan årsskiftet. Vi har særleg fokus på lærande tilsyn i vårt interne kompetansearbeid og overfor kommunane. Vi har dessuten oppdatert og forbetra nettsidene våre.

Til eksempel inviterer vi, i tilsyn etter sivilbeskyttelsesloven (kommunal beredskap), alle kommunane som det skal først tilsyn med på eit rettleiande møte i byrjinga av året. På møtet går vi igjennom lova og forskrifta sine minstekrav for å fremma læring og samstundes bidra til at kommunane blir best mogleg førebudd på tilsynet. Ein kommune som hadde tilsyn året før blir óg invitert med på dette møtet for å fortelja om sine opplevingar av tilsynet, og deira arbeid med å følgja opp avvik i etterkant.

Ved tilsyn etter opplæringslova og barnehagelova inviterer vi av og til inn andre kommunar til læring i tilsyn. Desse kommunane deltar i formøte, der vi gir generell informasjon om tilsynsystemet, og i sluttmøte, der førebels tilsynsrapport blir presentert for kommunen vi fører tilsyn med. Kommunane blir samtidig oppmoda til bruk av eigenvurderingsverktøyet RefLex. I nokre tilfelle gir vi tilbod til "læringskommunane" om samtale om eigen praksis etter sluttmøtet.

I samband med tilsyn etter sosialtenestelova på området Kvalifiseringsprogrammet, vart regelverket på området gått igjennom og presisert både i formøte og sluttmøte for tilsynet. I sluttmøtet vart gjennomgangen knytt til observasjonane og avvika som vart avdekkja i tilsynet.

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lov- og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Fylkesmannen i Rogaland følger opp to kommunar der vi har påvist avvik i tilsyn som ennå ikkje er lukka. Ingen verksemdar i Rogaland har åpne avvik.

Den eine kommunen har hatt omfattande utfordringar på personalsida, og store utskiftingar av personell. Fylkesmannen har følgd tett opp, hatt møter med kommune og tipsa om andre kommunar som kan være gode døme på korleis ein organiserar arbeidet.

Den andre kommunen hadde tilsyn mot slutten av 2016, og er på god veg til å lukke sine avvik.

3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Det er nok eit godt stykke att til at klimaomsyn i form av klimatilpassing og reduksjon av klimautslepp blir ivarettatt i alle sektorar. Men i 2017 merkar vi eit klart skifte i haldningar og at både kollektivsatsing, elektrifisering, klimatilpassing og anna er mykje meir allment akseptert. Kommunar og næringsliv viser ein ny og god interesse og vilje til handling. Det er veldig gledelig.

Hatt dialog med alle kommuner i fylket (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventninger til klima- og energiplanleggingen.

Me har hatt klima-dialog med alle kommunar gjennom direkte kontakt i enkeltsaker, gjennom oppfordring til klimasatssøknader og kommunebesøk og gjennom kurs med klima- og planfokus.

FM har hatt dialog med alle (fra kapittel 3.2.1.4.2.1 i TB)

Rapportere på

FM har hatt dialog med alle kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, samt fulgt opp kommunene for å iverksette nasjonale føringer for tilpasning til klimaendringar.

Vi har hatt dialog med alle kommunar om klimatilpassing gjennom kommunebesøk, kurs og konferansar.

3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen

Situasjonen i kommunane er ein annan enn for få år sidan. Dei fleste asylmottaka er lagde ned, det er få flyktningar som skal busettast, og kommunane har meir fokus på integrering og tenester. Fylkesmannen i Rogaland har støtta nasjonale styresmakter med å spreie informasjon, og vi har støtta kommunane med informasjon og rettleiing.

Det har vore frustrasjon knytt til informasjonen i forkant av at asylmottak blir lagde ned. Fylkesmannen har markert at denne prosessen ikkje har vore heldig og har ønskt å få uttale seg i forkant av nedleggingar. Vi har oppmoda UDI Vest om å betre kommunikasjonen med dei kommunane det gjeld, og UDI Vest har starta med å reise ut til kommunane. Dette ser kommunane som svært positivt.

Fleire kommunar har sagt at dei ønskjer å busette fleire flyktningar enn det dei er førespurde om. Fylkesmannen i Rogaland har ved fleire høve bedt IMDI vest om å få bli meir inkludert i busettingsprosessen fordi vi har god oversikt over kommunane. Her har vi ikkje nådd fram. Etter omorganiseringa av IMDI melder kommunane at dei i mindre grad blir følgde opp av saksbehandlarar som kjenner kommunane.

IMDI bad kommunane i Rogaland om å busette 1035 flyktningar i 2017, ein reduksjon på 225 frå 2016.

Fylkesmannen har saman med Husbanken og regional stat som eit tiltak i strategien "Bustad for velferd" hatt møte med dei største kommunane i fylket om busetting av flyktningar. Tema har vore eigna bustadar og behov for tenester.

Fylkesmannen i Rogaland har ei eiga flyktninggruppe som møtest regelmessig. Gruppen er breitt sammansett av medarbeidarar frå fleire avdelingar. Her blir fagavdelingane og embetsleiinga orienterte og oppdaterte om status og utfordringar på opplæringsområdet, helsefeltet og verjemål, noko som gjer kontaktflata mot kommunane stor. På denne måten får vi raskt tak i små og store utfordringar og regelbrot og kan raskt avklare og hjelpe kommunane. Denne gruppa har hatt møte med Regiondirektørane i UDI Vest og IMDi Vest, i tillegg til videomøte med dei nemnde etatane, Fylkesmennene i regionen, RVTS og BUF-etat. Dette har gitt oss informasjon om hendingar tidleg, og vi har formidla tilbakemeldingar frå kommunar og bedt om avklaringar.

Utdanningsdirektoratet har gitt Fylkesmennene midlar til å styrke opplæringstilbodet til flyktningar. Fylkesmannen i Rogaland har hatt ein konferanse med dette som tema, her var også barn sine traumar og psykiske helse eit tema. Vidare har vi valt ut tre kommunar som får ekstra oppfølging, kurs og rettleiing på området.

I samband med kommunane sitt fokus på tenester til flyktningane, er introduksjonsordninga eit tilbakevendande tema. Fleire har gitt tilbakemelding på at mange flyktningar ikkje er gode nok i norsk etter opplæringa. Fylkesmannen i Rogaland har hatt eit møte med NAV-direktør Vågeng om kvalifiseringsprogrammet og korleis ein kan betre føresetnadene for å få flyktningar ut i arbeid. Gjennom tilsyn har vi erfart at kvaliteten på opplæringa er for varierende mellom kommunane, og vi tok i 2017 til orde for at ansvaret for ordninga burde flyttast frå Justisdepartementet til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Vi er glade for at dette no er gjort.

Når det gjeld einslege mindreårige i gruppa 15-18 år, har det vore møte med fleire kommunar med fokus på dei økonomiske rettane og oppfølginga den enkelte får i kommunen. Det har vore ei utfordring at nokre kommunar ikkje fattar vedtak om den stønaden den enkelte får.

Fylkesmannen i Rogaland vurderer på bakgrunn av dette at embetet har god måloppnåing i arbeidet med flyktningssituasjonen.

Andel flyktninger bosatt innen (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Andel flyktninger bosatt innen 6 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 90 % Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

Andel flyktningar som er busett innan 6 månadar er 79%. 98% er busett etter 12 mnd.

Andel enslige mindreårige bosatt (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Andel enslige mindreårige bosatt innen 3 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 80 %.

55% av enslige mindreårige er busett innan 3 månadar

3.1.2.6 Andre oppdrag

Sjå nedanfor for dei ulike områda.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

Vi har hatt stor fokus på rettleiing - informasjon ut til verjer på heimeside, facebook, brev og telefon og mail til kvar einiskild. Verjesamling for å auke kompetansen til verjene. Dessutan har vi hatt dialog med Høgskolen VID og SRF om grunnlegjande digital opplæring.

Vi har gjennomført nokre særskilte kontrollar på verjerekneskap, i tillegg til full måloppnåing på sentralt uttrekk av verjerekneskap. Videre har vi fulgt opp økonomisk status. Ikkje godkjente rekneskap frå 2016, er fulgt opp og naudsynte endringar er gjennomført.

Vi har verjesamtalar med faste verjer. Uromeldingar er fulgt opp, og i nokre tilfeller har det ført til skifte av verje.

På utdanningsområdet viser resultatmåla for samla vurdering av verkemidla at kommunane i Rogaland er mindre nøgde i 2017 enn i 2016. Rogaland kjem dårlegast ut saman med Oslo. Vi er sjølvsagt ikkje nøgde med dette, men har inga forklaring på kvifor det er slik. Vi har som mål å behandle klagesaker raskt og rett (og held fristar i mest alle saker), vi har mykje og god rettleiing i samband med tilsyn, vi er opptatt av å vere ryddige og profesjonelle i møte med kommunane, vi deltar i nettverka både på barnehage- og skoleområdet, og vi er på tilbodssida når det gjeld informasjon og rettleiing. Sidan vi ikkje veit kva for åtte kommunar som har svart og kva slag kontakt dei har hatt med oss, er det uråd å vite kva som er dei konkrete grunnane til det dårlege resultatet.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Fylkesmannen i Rogaland har gjennomført to tilsyn på temaet individuell plan etter § 6 og § 19 første ledd etter introduksjonslova. Begge tilsyna vart gjennomførte stadleg, sidan vi erfarte i piloteringa av dette tilsynet i 2016 at det ikke var råd å få svar på nokre av kontrollspørsmåla på anna vis.

Vi valde ein stor og ein mindre kommune (Stavanger og Klepp). Dette vart gjort etter tilbakemeldingar frå mindre kommunar om at dei strevar med å gjere arbeidet sitt med introduksjonsprogrammet synleg for kommuneleiinga, det blir ikkje sett av nok ressursar og det manglar tilstrekkeleg kompetanse. Men

utfordringane gjeld ikkje berre små kommunar, det viser tilsyna i 2017: Begge kommunane fekk fem pålegg med dei korreksjonspunkta som hørde til. Også tilsyna frå 2016 viser at arbeidet med introduksjonslova er krevjande - berre eitt av dei er avslutta, sjølv om vi både har gitt rettleiing og hatt møte med kommuneleiinga.

Vi meiner det er nødvendig å styrkje ressursane til dette arbeidet slik at det blir rom for å gjennomføre stadlege tilsyn. Vi legg til grunn at overføringa til Kunnskapsdepartementet vil innebere at metodehandboka for tilsyn frå Udir også skal gjelde for desse tilsyna.

Det enkelte embetets omfang (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2016, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Omfanget av tilsyn i 2017 er på same nivå som i 2016. Vi har oppfylt aktivitetskravet innanfor grunnopplæringa, men vi manglar eitt poeng på barnehageområdet. Det er varsla og starta tilsyn med ein kommune, men vi har ikkje utarbeidd førebels rapport før årskiftet.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På barnehageområdet har det vore ei lita betring i tilfredsheit, frå 3,70 i 2016 til 3,76 i 2017. Vi har ført tilsyn på dei same lovområda begge åra, men har hatt auka fokus på læring i tilsyn. Vi veit likevel ikkje om dette har hatt betydning for auken.

På opplæringsområdet går det fram av Spørsmål til Skole-Norge våren 2017 at det er ein nedgang i tilfredsheit med tilsynsverksemda frå same undersøkinga i 2016. I 2016 svarte 73% "i stor grad", medan dette talet er 66% i 2017. Tala gjeld på nasjonalt plan, og det er uråd for oss å vite kva som er årsaka til nedgangen her i fylket. Tilbakemeldingar frå skoleeigarar i samband med tilsyn gir oss grunn til å tru at dei opplever tilsyna som relevante og eigna til å sikre korrekt regelverksetterleving. Vi legg stor vekt på læring også i tilsyn etter opplæringslova, dette er særleg tydeleg i det felles nasjonale tilsynet, der også nabokommunar er inviterte med for læring i fleire tilsyn.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På barnehageområdet har det vore ein liten auke i tilfredsheit på klagesaksbehandling, frå 3,20 i 2016 til 3,29 i 2017.

Rogaland har likevel eit marginalt lågare snitt enn landet på spørsmåla om tilfredsheit med klagesaksbehandlinga. Standardavviket er noko høgare i Rogaland enn i landet elles. Det er berre 11 respondentar på undersøkinga i Rogaland. Det er uråd å vite konkrete årsaker til desse skårane. Både utfallet i klagesaker, svært få klagesaker på dette området og lågt tal på respondentar i fylket kan påverke dette. I rapporten blir det nemnt at fylke med lågare prosentdel private barnehagar i snitt er meir nøgde med Fylkesmannen. I Rogaland er det høgare del private barnehagar enn landssnittet.

Det ligg ikkje føre tal på fylkesnivå som seier noko om kor nøgde skuleeigarar i Rogaland er med klagesakshandsaminga til Fylkesmannen. Tala for heile landet samla viser at skuleeigarar er mindre nøgde med fylkesmennene si sakshandsaming av klagen i 2017 enn dei var i 2016. I 2016 svarte 62% at dei i stor eller svært stor grad var nøgde, medan tilsvarande tal for 2017 er felle til 50%. Det er berre 8 respondentar frå Rogaland (av 26 kommunar), og vi veit heller ikkje kven desse 8 er.

Det vanskeleg å vite kva skuleeigar siktar til når dei svarar på kor nøgde dei er med klagehandsaminga. Det kan til dømes spele inn i kva grad kommunen får medhald i klagen. Spørsmåla til kommunen inneheld ikkje eige punkt der dei må nemne kva dei ikkje er nøgde med i klagehandsaminga.

Elles får vi ein del munnlege tilbakemeldingar frå kommunane. Desse tyder på at kommunane er godt nøgde med klagebehandlinga vår, både når det gjeld saksbehandlingstid og kvalitet i innhaldet.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Rogaland har marginalt lågare snitt enn landet på spørsmåla om rettleiing om regelverk og tilfredsheit med klagesaksbehandlinga. Det er berre 11 respondentar på undersøkinga i Rogaland. Standardavviket er noko større i Rogaland enn landet elles, noko som saman med lite utval gjer vektlegging av snitt-tal tvilsam. Særleg vil utfall av klagesaksbehandling kunne påverke dette. I rapporten blir det nemnt at fylke med lågare prosentdel private barnehagar i snitt er meir nøgde med Fylkesmannen. I Rogaland er det ein større del private barnehagar enn landssnittet.

Tilfredsheita med Fylkesmannen i Rogaland på rettleiing til barnehagemyndige har gått noko opp fra 3.60 i 2016 til 3.64 i 2017.

Vi meiner vi har hatt stor innsats for å rettleie kommunane i Rogaland i samband med nytt kapittel 5 i barnehagelova og ny rammeplan for barnehagen. Vi opplever at kommunane i Rogaland ønskjer rettleiing frå Fylkesmannen på desse områda, og vi strekkjer oss langt for å hjelpe kommunane på ein tenleg måte.

Skuleeigarane si rapportering på nasjonalt nivå i 2016 synte at 74% i stor eller svært stor grad opplevde Fylkesmannen si rettleiing som viktig. For 2017 rapporterte 72 % at rettleiing er viktig i stor grad/svært stor grad, altså ein liten nedgang frå året før. I Rogaland er det 8 respondentar på undersøkinga. Sidan vi ikkje veit kva kommunar som har svart, er det uråd å vite kva som er grunnar til nedgangen. Det kan t.d. vere at ein eller fleire kommunar som har svart, ikkje alltid har vore tilstades på samlingar der vi har gått gjennom regelverk på ulike område.

Vi opplever at kommunane i Rogaland ønsker rettleiing frå Fylkesmannen på mange område, og vi prioriterer dette høgt for å imøtekomme kommunane. I samband med tilsyn har vi rettleiing i forkant av tilsynet, og det blir også gitt rettleiing i samband med sluttmøta når kommunen ønskjer det. Vi oppmodar kommunane til å nytte seg av RefLex, og vi gjennomfører også regelverksamlingar på område der vi ser at det er behov for det og etter initiativ frå sektor. I 2017 har vi også gjennomført om eit særskilt omfattande informasjonsarbeid overfor kommunane om det nye regelverket i kapittel 9A i opplæringslova. Vi produserte også, på eige initiativ, ein informasjonsfilm om regelverket i kap.9A. Denne filmen var først og framst retta mot elevar og foreldre, men skular og skuleeigarar kunne også publisere denne filmen på sine nettstader. Filmen har pr. 13.02.18 nærare 33000 visningar på Facebook.

Samla sett meiner vi at måloppnåinga vår er god.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Sjå tabell med kommentar.

Vi har vidare endra praksis for omforedling av saker for betre sikre måloppnåing.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 47 %	53 %	401	211

Gjennomsnittleg overskriding på 38 dagar, og gjennomsnittleg behandlingstid på 88 dagar. Fristoverskridingane i mange av sakene er med andre ord ikkje på så mange dagar.

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.6.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Sjå tabell.

BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 67 %	33 %	3	1

Årsaka til overskridingane er utfordringar med å fange opp at det er gitt utsatt iverksetting når sakene kjem inn til Fylkesmannen, typisk pga. at det ikkje blir nemnt i oversendingsbrevva frå kommunen. Fylkesmannen har nyleg tatt dette opp med kommunane.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker

Sjå tabell med kommentar.

Vi har vidare endra praksis for omforedling av saker for betre sikre måloppnåing.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i klager over reguleringsplan

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 74 %	26 %	61	16

Bakgrunnen for avviket er at klage på byggesaker har blitt prioritert fremfor klagesaker over reguleringsplan.

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsretts område er behandlet innen 12 uker

Sjå tabell med kommentar.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %	0 %		

Vi har ikke registrert ekspropriasjonssaker i 2017 i SYSAM, men har hatt 4 saker om forhåndstiltredelse. 50% av sakene er behandlet innen 12 uker.

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Ingen slike saker i 2017.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %	0 %		

Ingen slike saker i 2017.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Forvaltningskontrollene viser at kommunene i all hovudsak følger gjeldende regelverk i saksbehandlinga. Vi finn likevel grunn til å nemne at vårt inntrykk er at kommunene ikkje i tilstrekkelig grad følger opp gjeldande rundskriv i saker som gjeld avkorting. Kommunane vurderer avkorting, men i litt for mange saker konkluderer dei med at det ikkje skal avkortast i saker der Fylkesmannen opplagt meiner det burde vore avkorta. Vi ser også at det er mange kommunar som retter i søknadsdata utan å dokumentere rettingane i tilstrekkelig grad.

Gjennomført kontroll av foretak (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

Husdyrkonsesjonssaker er kontrollert i følge plan. Etter at grensa for slaktekylling blei dobla så er det låg risiko for overskriding av konsesjonsgrensa og lite trong for kontroll.

Kontroll av foretak og oppfølging av avvik

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
A	Kontroll spreieareal (dokumentkontroll)	Ingen	Ingen
B	Kontroll spreieareal (dokumentkontroll)	Ingen	Ingen
C	Kontroll spreieareal (dokumentkontroll)	Ingen	Ingen
D	Kontroll spreieareal (dokumentkontroll)	Ingen	Ingen
E	Kontroll spreieareal (dokumentkontroll)	Avvik funnet og lukket	FM har bedt kommunen følge opp med ny kontroll i 2018
H1	Husdyrkonsesjon Kylling	Produksjn over grensen	Standardisert erstatning
H2	Husdyrkonsesjon Gris	Produksjon over grensen	Standardisert erstatning
H3	Husdyrkonsesjon Gris	Produksjon over grensen	Standardisert erstatning
H4	Husdyrkonsesjon Gris	Produksjon over grensen	Standardisert erstatning
H5	Husdyrkonsesjon Gris	Produksjon over grensen	Standardisert erstatning
H6	Husdyrkonsesjon Gris	Produksjon over grensen	Standardisert erstatning
H7	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H8	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H9	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H10	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H11	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H12	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H13	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H14	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H15	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H16	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H17	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H18	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H19	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H20	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H21	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H22	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H23	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H24	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H25	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H26	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H27	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H28	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H29	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H30	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen
H31	Husdyrkonsesjon Gris	Ingen	Ingen

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17?	Ja
Tal kontrolltiltak av foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er fulgt opp etter kontroller i 2016	26
Tal kontrolltiltak av foretak som skal følges opp vedr produksjonsgrensen i 2018	30
Tal kontrolltiltak av foretak det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2017	1
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert pga mistanke om driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning	6
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning pga driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp som er ilagt i standardisert erstatning	79960

Anslag i 2018. Standardisert erstatning: 1 slaktekylling, 5 slaktegris

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 % av kommunene.

Fylkesmannen gjennomførte forvaltningskontroll i 11.5 % av kommunane i 2017. Planen var å kontrollere 19 %, men på grunn av langtidssjukemelding fekk vi ikkje gjennomført kontrollane som planlagd.

Avvik som ikkje var lukka i tre kommunar på rapporteringstidspunktet for 2016 rapporten blei lukka i løpet av 2017.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Vindafjord	Avløysartilskot ved sjukdom, RMP og forvaltning på skogområdet	Avløysartilskot ved sjukdom. Avvik 1. manglar dokumentasjon på næringsinntekt i 2 saker. Forvaltning av skogområdet. Avvik 2. Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket. Avvik 3 Ungskogpleie for å sikre ei vellukka skogetablering er ikkje følgt opp. Avvik 4 kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen.	Kommunen har gitt tilbakemelding på at rutine er endra i tråd med regelverket.
Finnøy	Avløysartilskot ved sjukdom, gardskart, Forvaltning på skogområdet og produksjonstilskot	Avløysartilskot ved sjukdom. Avvik 1. Manglar nødvendig dokumentasjon av næringsinntekt. Avvik 2. Manglar fødselsattest. Forvaltning av skogområdet. Avvik 3. Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket. Avvik 4. Tidlegare forvaltningskontroll(2013) og avvik på foryngingsplikta er ikkje følgt opp. Gardskart. Avvik 5. Kommunen har ikkje køyrd automatisk oppdatering av landbruksregistrert på bakgrunn av gardskart. Produksjonstilskot. Avvik 6. Kommunen har ikkje vurdert avkorting i søknader der det er ført opp meir dyr enn føretaket har. Avvik 7. Kommunen har ikkje følgt retningslinene når det gjeld å kome fram til storleiken på avkorting ved manglande/mangelfull gjødselplan.	Kommunen har frist til 9.mars 2018 med å kome med tilbakemelding på avvik.
Karmøy	Avløysartilskot ved sjukdom, RMP og produksjonstilskot	Avløysartilskot ved sjukdom. Avvik 1. I ei sak blei dei same utgiftene registrert i 2 søknadsperioder og søkjar har fått for mykje utbetalt. RMP. Avvik 2. feilaktig utbetaling av tilskot til vedlikehald av tursti og skjøtsel av slåttemark. Produksjonstilskot. Avvik 3. Kommunen har ikkje vurdert avkorting i fire saker der føretaket har søkt på ein produksjon dei ikkje har. Avvik 4. Kommunen har brukt feil heimelsgrunnlag i vurdering i saker om brot på dyrevelferdsregelverket.	Kommunen har frist til 9 .mars 2018 med å kome med tilbakemeldingar på avvik.

Forvaltningskontroller av kommunene

Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	- 8	12 %	3	26

Andel avvik avdekket under (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %.

Alle avvik er følgt opp innan tidsfristen. To kommunar som blei kontrollert hausten 2017 har frist til å følgje opp avvik innan våren 2018.

Oppfølging av avvik avdekket under kontroll

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kontroller med registrerte avvik	Antall kontroller der registrerte avvik er fulgt opp
Oppfølging etter foretakskontroller	100 %	0	100 %	1	1
Oppfølging etter forvaltningskontroller	100 %	- 67	33 %	3	1

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivarett sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Helse sosial og barnevernavdelinga

Avdelinga er opptatt av å bruke dei ulike verktya i kassen for å sikre både rettsikkerhet og tillitt til tenestene. Både rettleiing, undervisning, klagesaker og planlagte tilsyn bidrar til positive endringar i tenestene, og må velges med omhu for å opprettholde tillitt, kontinuerlig forbedring og rettsikkerhet for den enkelte.

Ein god dialog på tvers i avdelinga og på tvers i embetet er viktig for å hindre dobbeltarbeid, eller avgjersler som er i motstrid med kvarandre, og for å sikre helskapelege avgjersler, særleg i saker som gjeld samansette tenester til barn og unge, der både dei mottar tenester fra både utdanning, helse og barnevern.

Samarbeid med andre embeter, tydelege styringssignalar fra lovfortolkande direktorat og Statens Helsetilsyn er naudsynte for å sikre lik handsaming i heile lande, som er svært viktig for å oppretthalda tillitt til tenestene og til tilsynsmyndighetene.

Antallet stedlige tilsyn skal økes (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antallet stedlige tilsyn skal økes sammenlignet med 2016.

Vi gjennomførte 8 stadlege tilsyn i 2017. I 2016 gjennomførte vi 12 stadlege tilsyn. Vi har difor ikkje nådd målkrav om minimum 13 tilsyn. Hovudårsaka er at vi tidleg i 2017 bestemte at saksbehandling skulle prioriteras og at tilsyn skulle gjennomførast dersom og når det blei tid til det. I løpet av sommaren 2017 blei det sett inn ekstra ressursar på dette fagfeltet og saksbehandlingstida gjekk ned.

Vi har hatt fleire møter med kommunar og dei som tilbyr tenester til brukargruppa i vanskelege og alvorlege saker. Vi bruker mykje tid på å veilede kommunar og tenesteyterar i samband med utforming av vedtak, og i andre spørsmål i tenestene. I nokon grad kompenseres Fylkesmannen for kapasitetsmanglar i den interne veiledningen kommunane sjøl skal ha, og for veiledninga som habiliteringstenestene i spesialisthelsetenestene skal ha overfor kommunane. Dette bidrar til bedre tenester og til bedre vedtak, men kostnaden er lengre sakshandsamingstid på vedtak og færre utførte stedlige tilsyn.

Vi har tatt grep for å endre på dette, mellom anna med å begrense telefontid, og i større grad vise til dei som har plikt til å gi fagleg veiledning i enkeltsakar. Dette er ei vanskeleg avveging om kva som er det beste for den enkelte brukar.

Stedlige tilsyn etter kap. 9

Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2017	Økning	Resultatmål
12	8	-4	Positiv økning

Grunna lang saksbehandlingstid på behandling av vedtak er tilsyn ikkje blitt prioritert.

Minst 80 prosent av (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Minst 80 prosent av barn registrert ved barneverninstitusjoner og omsorgssentre skal få tilbud om samtale.

Vi har alltid samtale med dei barna/ ungdommane som ynskjer å snakka med oss.

Det var i 2017 98 % av barna/ ungdommane i barneverninstitusjonane og 100% av barna / ungdommane i omsorgssentra som fekk tilbud om samtale med dei som utførte tilsynet. Vi har snakka med barna/ ungdommane mellom tilsynsbesøka pr. telefon og har fulgt opp dei problemstillingane dei har teke opp med institusjonen og vidare på neste tilsynsbesøk.

Tilsynsmyndighetenes kontakt med barn i barneverninstitusjoner og omsorgssentre

Resultatmål	Resultat	Antall barn totalt	Antall samtaler tilbudt
80 %	97 %	187	183

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

Helse- sosial- og barnevernavdelinga har prioritert saksbehandling i 2017. Vi har difor nådd målkrav når det gjeld behandling av tilsynssaker på våre områder. Tilsynssak sosial: 1.

Helse: 216 tilsynssaker og median saksbehandlingstid 4,9.

Sosial: 1 sak, median 6,3 mnd.

Barnevern: 53 saker og median saksbehandlingstid på 4,6.

Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	0 %	0 %
Helse/omsorg	50 %	50 %	50 %

Avslutning av klagesaker: Minst (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Vi har prioritert saksbehandling i helse,- sosial- og barnevernavdelingen og har nesten full måloppnåelse på alle områder. Våre saksbehandlere på barnverns- og spesielt på helseområdet har i 2017 måtte håndtere svært mange krav om innsyn i saker som er unntatt offentlighet. Sladding av opplysninger og skriving av vedtak vært ressurskrevende og har vært medvirkende årsak til at målkrav på rettighetssaker på helseområdet ikke er nådd.

Helse- og omsorg: Vi behandlet 199 rettighetssaker. 79 % av disse ble behandlet innen tre måneder. Årsaken er at saker har vært mangelfullt opplyst når vi har fått dem oversendt. Innhenting av opplysninger medfører lengre saksbehandlingstid. Når det gjelder omsorgssaker, har flere saker vært svært tidkrevende på grunn av at hver sak inneholder mange anførsler og klagepunkt. Våre saksbehandlere på barnverns- og spesielt på helseområdet har i 2017 måtte håndtere svært mange krav om innsyn i saker som er unntatt offentlighet. Sladding av opplysninger og skriving av vedtak har vært tidkrevende og har vært medvirkende årsak til at målkrav på rettighetssaker på helseområdet ikke er nådd.

Sosial: Vi behandlet 364 saker og 94% ble behandlet innen tre måneder.

Barnevern: 53 rettighetssaker er behandlet. 98 % av disse ble behandlet innen tre måneder.

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	94 %	94 %
Helse/omsorg	90 %	79 %	79 %

Andel vedtak om bruk av tvang (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)**Rapportere på**

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

Vi overprøvde 136 vedtak i 2016 og 40 % av sakene blei behandla innan tre månader. I 2017 har vi overprøvd 149 vedtak, men endte opp med at 21 % av sakene blei behandla innan tre månader. Det gjøres løpende vurdering av saksbehandlar-ressursar inn i på dette fagfeltet. Som nevnd i punkt ? brukes mye av saksbehandlerkapasiteten på å veilede tenestene i enkeltsakar. Dette vurderes som et godt tiltak for læring i tenestene, men saksbehandlingstida lider av dette.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	21 %	21 %

Andel søknader om dispensasjon (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)**Rapportere på**

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

75 % av dispensasjonssøknadane er behandla innan 3 mnd.

Antall systemrevisjoner eller (fra kapittel 3.3.1.3.4.8 i TB)**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 22.

Helse-, sosial- og barnevernavdelinga har gjennomført seks systemrevisjonar med kommunale helse- og omsorgstjenester.

Det blei gjennomført fire landsomfattende tilsyn med helse- og omsorgstjenester til personar med rus- og psykisk lidning. Statens helsetilsyn sin rettleiar blei fulgt og brukarar blei involverte i tilsyn ved at dei blei intervjuet.

Vi har og vidareført landsomfattande tilsyn med helse- og omsorgstjenester til personar med psykisk utviklingshemming. Tre tilsyn er blitt gjennomført etter Statens helsetilsyn sin rettleiar. Brukarar blei involverte ved at dei blei intervjuet.

Vi har gjennomført stikkprøvetilsyn med to kommunar. Tema er saksbehandling ved utgreiing og tildeling av tenester etter pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a, 2. ledd og helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 nr. 6 samt § 3-6. Det er all dokumentasjon som er del av saker der kommunane har innvilga, delvis innvilga eller avslått tiltak som er etterspurt og gjennomgått.

Årsak til at vi ikkje når målkrav her: I heile avdelingen har saksbehandling vore hovudprioritet i 2017. Vi har brukt mykje tid på alvorlege enkeltsaker. Det gjeld blant anna saker der psykisk sjuke barn som bur i barneverninstitusjonar har vore involverte. Då har både personar med kompetanse på helserett og barnevernrett vore involverte.

Vi har prioritert å ha brukerinvolvering i alle tilsyn, som gjer verdifull tilleggsinformasjon og aukar tilsynets legitimitet hos brukarar og pårørande, men gjør at tilsyna blir meir ressurskrevande.

I tillegg har vi levert langt over målkrav på tilsyn med spesialisthelsetenesten. Dette har betydning for den samla tilsynskapasiteten i avdelinga.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
22.0	- 10.7	11.3

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten (fra kapittel 3.3.1.3.5.5 i TB)**Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 4.

Med dagens "tellemetode" har vi gjennomført tilsvarende 10 systemrevisjoner med spesialisthelsetjenesten. Bakgrunnen for dette er at vi deltok i fire tilsyn på den landsomfattende tilsynet på ROP, samt oppfølgingsaktivitetene etter sepsis-tilsynet.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
4.0	6.0	10.0

Systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.6.6 i TB)

Rapportere på

Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn skal være basert på risikovurderinger i de enkelte fylke. Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester bør være i størrelsesorden: 7.

I landsomfattende tilsyn som gjelder tjenester til såkalte ROP-pasienter, er også tjenester etter lov om sosiale tjenester omfattet. Det er gjennomført systemrevisjoner med fire kommuner.

I tillegg har vi gjennomført en egeninitiert systemrevisjon der tema har vært KVP.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
7.0	- 2.0	5.0

3.1.3.4 Økt rettsikkerhet og rettslikhet for vergetrengende

Vi har greidd målet om at 80 % av vedtaka om oppretting av verjemål for vaskne skal vere fatta innan 2 månader.

Målet om at 90% av vedtaka om oppnemning av representant for einsleg, mindreårig asylsøkar skal vere fatta innan 10 dagar, har vi greidd å nå. Likevel er vi overtydde om at dei mindreårige har vore godt ivaretatt, om enn nokre få dagar meir enn målkravet.

Verjemål som omhandlar fratagelse av rettsleg handleevne vart i 2017 kontinuerleg vurdert. I 2017 har det vore fatta vedtak med mellombeis fratagelse i 7 saker. 3 saker blei ført i tingretten, hvor ein har gått vidare til lagmansretten.

Datakvaliteten i verjemålsapplikasjonen (VERA) er i kontinuerleg forbetring ved at saksbehandlarane, dersom dei oppdagar feil eller manglar, rettar opp eller føyer til det som manglar, ev. melder frå til ein av superbrukarane. Me har fulgt retningslinene frå SRF gjennom heile året, slik at verjemålsregisteret skal bli så fullstendig og korrekt som mogeleg.

Vi har hatt fokus på halde saksbehandlingstida som er fastsett, på frigjering av kapital og verjegodtgjøring. Me har prioritert gjennomgang av verjereknskap og har full måloppnåing.

Som ledd i arbeidet for likare behandling og auka rettstryggleik for personar med verje, har vi gjennomført individuelle samtalar med dei faste verjene og arrangert samlingar for dei. Rekruttering av verjer og representantar held fram kontinuerleg for å sikra at behovet vert dekt ved etterspurnad. Alle nye faste verjer og representantar vart innkalla til individuelle samtalar hos Fylkesmannen. Når det gjeld kurs/samling for alminnelege verjer, har vi lukkast med å nå målet i 2017,

Vi har framleis arbeid med å innarbeide Barnekonvensjonens - bestemmelser om "Barns rett og bli hørt" i maler som gjeld mindreårige innanfor verjemål.

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
94 %	80 %	14 %

Full måloppnåing.

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager.

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital -gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 4 uker.

Vi har full måloppnåing til bruk av kapital.

Saksbehandlingstid - Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
94 %	80 %	14 %

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter (fra kapittel 3.3.2.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager.

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 6 uker.

Vi har full måloppnåing for godtgjøring og utgiftsdekning til verjer og representantar. Vi har effektivisert arbeidet med verjegotgjøring for faste verjer og for setteverjer.

Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgifts-dekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være tatt innen 42 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
94 %	80 %	14 %

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene

God kompetanse på kommunalt nivå er viktig både på barnehage- og skoleområdet, og det er framleis variasjonar kommunane imellom her. Vi prøver etter beste evne å vere «tett på» både med støtte og rettleiing og med kontroll i nokre kommunar, og kommunane tar også sjølve initiativ og ber om råd. Forvaltningskompetansen må vere på plass for å sikre rettstryggleiken, og vi prøver på ulike måtar å medverke til at denne kompetansen blir styrkt, t.d. gjennom kurs og møte. Vi held også fram med å invitere nye barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege til ein «Bli kjend med Fylkesmannen»-dag, og vi er særleg medvitne om informasjon og rettleiing til kommunar som tilset nye i slike stillingar. Kommunane i Rogaland har organisert seg i tre nettverk både på barnehageområdet og på skoleområdet, med Kommunalt barnehageforum Rogaland og Skoleeigarforum Rogaland som forankring. Vi deltar sjølvsagt i begge forum og i nettverksmøta på begge områda, m.a. for å medverke til betre "skreddarsaum" når det gjeld informasjon og rettleiing. Slik "skreddarsaum" kjem særleg dei kommunane som har utfordringar, til gode. Vi meiner elles desse tiltaka både gir resultat over tid og legg til rette for gode relasjonar mellom kommunane og Fylkesmannen.

Tilsyn er eit sentralt verkmiddel i arbeidet med å medverke til god kompetanse og kvalitet i kommunane og i fylkeskommunen. Ein meir tydeleg læringsdimensjon i tilsynsarbeidet har gitt god respons, men det vart i 2017 gitt varsel om pålegg i alle tilsyn. Nokre kommunar strevar med å rette, og vi har valt å vere romslege med rettleiing når det blir bede om det. Vi omtalar dette nærare i pkt 7.3.8.8.

Vi prioriterer også informasjon og rettleiing høgt, slik at vi kan imøtekomme «bestillingar» frå kommunane/fylkeskommunen, skolar, PPT og andre. Som døme for 2017 kan nemmast fagdagar om vurdering, samling om elevar med høgt fråvær/skolevegving, innlegg om overgangar i skolen i HABU-samling for foreldre, ei rekke innlegg om nye reglar for trygt skolemiljø (sjå pkt 7.3.8.2), fleire foredrag om tvang i skolen. Dei årlege konferansane våre, barnehagekonferansen, utdanningskonferansen og vaksenopplæringskonferansen, har god deltaking og er såleis med på å styrkje kompetansen i sektor. Dei siste åra har vi også hatt ein oppvekstkongress i samband med Sjumilssteget, her er alle fagavdelingane i embetet med. I tillegg brukar vi sjølvsagt nettsida vår til informasjon, og alle skoleeigarane og barnehagemyndene abonnerer på oppslag her.

Samla sett meiner vi at kontakten mellom Fylkesmannen, kommunane og fylkeskommunen er prega av tillit og respekt, og at dette gir godt utgangspunkt for forbetningsarbeid. Vi meiner vi prioriterer rett ved å satse på stabilt og tett samarbeid, samtidig med at vi sjølvsagt markerer rolla vår når det er nødvendig.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Landssnittet for 2016 på dette området var 3,8. Fylkesmannen i Rogaland sin skåre for 2017 er 2,9, berre Oslo skårar dårlegare. Vi er usikre på kva grunnen til dette er og skulle ønskt oss meir presise tal om kva for kommunar som svarar og kva for område dei ikkje er nøgde med. Vi prøver å vere til hjelp for kommunane, og vi får også tilbakemeldingar om at vi er tilgjengelege og gir god støtte og nyttige råd. Men det må også vere med i bildet at vi ofte varslar pålegg når vi har tilsyn, vi gir mange klagarar rett, særleg når det gjeld skryss og spesialundervisning, vi forvaltar reglane om nærskolerett strengt, vi krev mykje av kommunane når det gjeld planar for kompetanseutvikling og mange av vedtaka våre om elevar som opplever at dei ikkje har det trygt og godt på skolen, gir eleven medhald.

På barnehagesektoren er det ein reduksjon frå 3,9 til 3,64 på dette punktet. Vi er meir nøgde med skåren her, men er usikre på kva grunnane til reduksjonen er. Vi behandlar klagesaker raskt og rett, vi meiner vi kommunisere godt i tilsyn og vi er aktive og på tilbodssida når kommunane treng råd og rettleiing.

Samla sett meiner vi, som i fjor, at desse undersøkingane slik dei blir gjennomførte, ikkje gir godt grunnlag for å vurdere kvaliteten i arbeidet vårt.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Konsulentselskapet Nivi har kartlagt "kommunenes faglige og administrative relasjonar til Fylkesmannen og den øvrige regionale statsforvaltning", i ei nettbasert undersøking blant rådmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

[Undersøkinga blei gjort på oppdrag frå Difi, i samarbeid med dei tre fylkesmannsembeta, og er tilgjengeleg på nettsida til Difi \(NIVI Rapport 2017:4\).](#)

Nesten alle rådmennene svarer at Fylkesmannen er blant kommunens viktigaste statlege etatar (93 prosent). Det er også eit stort fleirtal som meiner at Statens vegvesen (78 prosent) tilhøyrer den same kategorien.

- Mellom 50 og 60 prosent: Helseforetaka, Husbanken og politiet.
- Mellom 20 og 40 prosent: IMDi, Bufetat, NVE, Arbeidstilsynet, Kartverket, Nav og Skatteetaten.
- Under 20 prosent: Kystverket, Mattilsynet, UDI, Sivilforsvaret og Statsbygg.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Ingen avvik

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Ingen avvik

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Ingen avvik

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Blir personer i målgruppen... (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Blir personer i målgruppen for programmet vurdert med hensyn til deltakelse og får de som har krav på det, tilbud om program.

Rogaland er, til tross for stor auke i talet på arbeidsledige og sosialhjelpsmottakarar over tid, framleis det fylket som har størst prosentvis auke i deltakarar i KVP. Dei gode KVP-tala skuldast i stor grad ein forbetra innsats i fleire av dei største kommunane.

På bakgrunn av tilsynserfaringar og statistikk på området er det fortsatt grunn til å tru at ikkje alle brukarar som har krav på KVP, får denne tenesta. Ein del blir heller ikkje motivert til å søkje om tenesta. Dette er ein av grunnane til at Fylkesmannen har prioritert KVP som tilsynsområde i 2017 og 2018.

Hvilke utfordringer opplever FM... (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP.

Som i tidlegare år er det stor variasjon mellom kontora i måten dei arbeider med KVP, i kva grad ordninga blir prioritert i kontora, og om ordninga er forankra i kommuneleiinga.

Hovudutfordringa er å gi ordninga høg nok prioritet i kontoret. Dette kan berre skje gjennom god forankring hos leiinga ved NAV-kontoret og i kommuneleiinga

Ei brukargruppe som er særleg utfordrande, er flyktingar med dårleg norskkunnskap. Fleire av desse har gjennomført introduksjonsprogram utan å lære tilstrekkeleg norsk. Dei kan derfor vanskeleg nyttiggjere seg arbeidsretta tiltak, noko som er ein føresetnad for å bli tatt inn i program.

Utfordringane i arbeidsmarknaden får og konsekvensar for tilgangen på praksisplassar/arbeidstrening.

Hva er de viktigste utfordringene for FM... (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP.

Kvalifiseringsprogrammet er ei lita oppgåve i kommunane. det er krevjande å finne arenaer å møte kommuneleiinga på der dette er eit naturleg tema.

Vi ser og at presset er stort i mange NAV-kontor, og at nye oppgaver både på statleg og kommunalt område kan gjere det vanskeleg å halde fokus på KVP og sikre nok ressursar på området til at tenesta blir forsvarleg.

Vilkår for aktivitet for de under 30 år... (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Vilkår for aktivitet for de under 30 år: Fylkesmannen skal følge med på og beskrive innføring av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

Fylkesmannen har hatt to dagar med opplæring om aktivitetsplikta. På NAV-leiarsamling i haust var aktivitetsplikta eit hovudtema. Temaet inngår også i opplæringa av nyttilsette i NAV-kontora. Vi har ikkje mottatt klager etter sosialtenestelova §20a, og det har vært få henvendelser frå NAV-kontora om ordninga.

Tilbakemeldingane frå opplæringstiltaka er at ordninga er byråkratisk og at det er tidkrevjande å fatte vedtak om reduksjon i vedtaksperioden. Det er og meldt om utfordringar med å finne tilpassa aktiviteter for tenestemottakarane.

Fylkesmannen vil følgje dette opp vidare med to erfaringssamlingar om aktivitetsplikta våren 2018.

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

I 2017 prioriterte Fylkesmannen i Rogaland tilsyn med kommunane sitt ansvar for krisesentertilbudet. Vi byrja i januar 2017 med ei kartlegging av korleis kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Vindafjord og Utsira fylgjer opp sitt ansvar etter Krisesenterlova. Desse kommunane er knytta til Krisesenter Vest IKS og Haugesund kommune er vertskommune. Etter at kartleggjinga var gjennomført, førte vi tilsyn med Haugesund kommune. Tilsynet blei gjennomført våren 2017 og det blei konkludert med to avvik. Det var manglande krisesentertilbud for barn som kom i fylgje med far. Det var og manglar i internkontrollen ved at ansvar, oppgaver og myndigheit ikkje var plassert. Avvikka var lukka før utgangen av 2017.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	26
Antall krisesentertilbud i fylket	2
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2015	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2015	17
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2016	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2016	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2017	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2017	7

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggjelser av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Rogaland har over lengre tid hatt to krisesenter, eit sør i fylket og eit nord i fylket. Omkringliggjande kommunar har inngått samarbeidsavtalar med vertskommunane Stavanger og Haugesund som er vertskommunar for dei to krisesentrene. Det er pr. i dag ikkje aktuelt å leggja ned desse.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudgivingslova i årsrapporten.

Talet på separasjonsløyve gjeve av Fylkesmannen i Rogaland i 2017 var 1094. Talet på skilsmisселøyve var 851. 823 løyve etter § 21 og 28 løyve etter § 22.

59 søknader er avvist/avslegne. Årsaka er at det manglar dokumentasjon eller at partane har flytta saman att, eller budd saman for lenge etter at løyve til separasjon er gjeve.

Fylkesmannen har motteke 119 søknader om godkjenning av utanlandsk skilsmisse, og 6 søknader om fritak frå å legitimera skifte.

Alle 6 søknadene om fritak frå å legitimera skifte er innvilga.

111 søknader om godkjenning av utanlandsk skilsmisse er godkjende. 3 er avslegne. 5 er ikkje ferdig handsama då det manglar dokumentasjon.

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Fylkesmannen i Rogaland har fatta 7 vedtak i saker etter Barnelova.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Fylkesmannen har i 2017 mottatt mange førespurnader pr. telefon og e-post om regelverket på familieretten sitt område.

Dette gjeld i det vesentlege ekteskapslova med forskrifter, anerkjennelseslova, barnelova og lov om familievernkontorer.

Førespurnader på ekteskapsfeltet gjeld som oftest separasjon og skilsmisse, fleire gjeld godkjenning av utanlandske skilsmisser, og kva slags dokument som vert krevd i den samanheng.

Førespurnader på barnelovsfeltet gjeld oftest samvær og fordeling av kostnader ved samvær. i tillegg kjem spørsmål om fast bustad og foreldreansvar, m.a. kva slags reglar som gjeld ved delt bustad. Vi har og hatt førespurnader om rett til opplysningar om barnet.

Vi har og gitt rettleiing om kravet til mekling, og elles vist til informasjonsbrosjyre frå BLD. Førespurnadene kjem i hovudsak frå private, men vi har og fleire førespurnader frå advokatar, kommunar og andre offentlege instansar.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

I 2017 var det 33 som søkte om å få opplysningar om sitt biologiske opphav.

Vi opplever at fleire søsken til den adopterte ber om å få opplysningar om sin bortadopterte bror/syster, men adopsjonsloven gjer per i dag ikkje høve til å få informasjon frå Fylkesmannen som har gitt bevilling i si tid.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Det blei ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontora i 2017. Sist tilsyn blei gjennomført våren 2015. Fylkesmannen planlegg tilsyn med familievernkontora hausten 2018. Vi ventar til hausten for å kunne samordna tilsynet med tilsyn som skal gjennomførast med bufetat.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2017	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015
2	0	0	2

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Helse-, sosial og barnevernavdelinga i samarbeid med miljøvernnavdelinga arrangerte i 2017 ein konferanse om sosial bustadbygging. Planleggarar og tenesteutøvarar i dei kommunale-tenestene vart invitert. Eit tema var universell utforming i utvida perspektiv der tilrettelegging av buområder for barnefamiljar (felles uteområde og lokaler som samlingsarena) vart framheva som viktig i arbeidet med å bekjempe fattigdom og fremje innanforskap

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Likestilling er ei generell oppgave med generelle målsetjingar. Måloppnåing skjer derfor gjerne gjennom tiltak på og bidrag frå andre meir fagspesifikke mål og oppgåver. I vår felles verksemdsplan for 2017 er desse tiltaka særskilt framheva:

- Internt
 - rekruttering
 - lønsplassering
 - oppgåvefordeling
- Eksternt
 - Likestilling og diskriminering og skal vere sjekkpunkt i alle lovpålagde oppgåver - der det er naturleg
 - Vi skal ha blick for likestilling og diskriminering i kommunalt planarbeid
 - Særskild merksemd på likestilling i det boligsosiale arbeidet

Elles nemner vi særskilt:

I tillegg til dei generelle reglane i barnehagelova og opplæringslova for å sikre likestilling har Fylkesmannen i Rogaland iverksett og oppmoda til fleire tiltak i 2017. Vi har drøfta med Universitet i Stavanger korleis dei kan arbeide betre med å rekruttere og behalde menn i barnehagelærerutdanninga. I tildeling av symjemedlar i fylket har vi sett til at både gutar og jenter får ta del i tilbodet. Vi har deltatt på konferansen "Menn til besvær eller berikelse" som vart arrangert av Dronning Mauds minne, og vi har informert kommunane og barnehagane i fylket om ressursheftet for å rekruttere og behalde menn i barnehagane. Vi ser at fleire kommunar i fylket har gjort vedtak om at dei skal arbeide for at minst 20% av dei tilsette i barnehagane skal vere menn. Vi er medvitne om å informere aktivt i barnehagenettverka i fylket om ulike tiltak for å få menn til å arbeide i barnehagane, mellom anna om nettverket for "Menn i barnehage". Vår erfaring er at barnehagane er opptatt av praktisk likestilling, til dømes er det ein barnehage som arbeider med relasjonar der det blir lagt til rette for eit pedagogisk opplegg for å unngå at ein reproduserer tradisjonelle kjønnsrollemønster. På barnhageområdet er vi elles medvitne om å aktivt arbeide med likestilling og likeverd som eige fagområde når vi skal medverke til implementering av den nye rammeplanen.

Frå utdanningsområdet vil vi spesielt nemne to eigeniniterte tilsyn for å fremje likestilling. Det eine var eit tilsyn i 2016 på Grannes ressursenter i Sola kommune for elevar med særlege behov. I forlenginga av dette har vi i 2017 hatt fleire møte og samlingar også med andre kommunar og skolar om korleis ein kan sikre retten til å høyre til og til å få likeverdig opplæring for desse elevane. Hausten 2017 hadde vi også eit tilsyn med Haugalandet vidaregåande skole fordi vi vart kjende med at skolen sette elevane saman i klassar ut frå nasjonalitet. Dette var begrunna i språkopplæring, men praksisen tok frå desse elevane retten til å høyre til i same gruppe som dei norske elevane.

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak av den digitale veilederen og opplæringsprogrammet modul 1 for skoler i fylket som samarbeider med lokalt barnevern.

Fylkesmannen i Rogaland har eit etablert samarbeid med bufetat Region Vest og Rogaland fylkeskommune om tiltak for risikoutsette barn og unge. Vi har jamlege samarbeidsmøte og har hatt seks møte i 2017. Dette året har vi hatt særleg fokus på opplæring for barn i barneverninstusjonar.

I 2017 gjennomførte vi ein fagdag for tilsette i kommunar, m.a. tilsette i skole, PPT, barnevern og barneverninstusjonar. Tema på fagdagen var «alvorleg skolefråver». Fagdagen hadde stor og brei oppslutning og fekk god evaluering.

Vi har dette året etablert nettverk for skoleansvarlege på barneverninstusjonane i fylket (både statlege, private og ideelle). Det er gjennomført to samlingar. Tema på samlingane har vore meldeplikt og melderutinar, Bufdir sine rutinar for skoleansvarlege og informasjon om reglane i opplæringslova om plikt og rett til å gå på skolen. Nettverket er også ein arena for drøfting av aktuelle problemstillingar.

Fylkesmannen har også hatt innlegg om rett og plikt til opplæring på barnevernleiarsamling. Dette var også eit av fleire tema på fagdagar om psykisk helse i regi av Fylkesmannen.

Fylkesmannen ved Helse-, sosial- og barnevernavdelinga og Utdanningsavdelinga har også saman tatt initiativ og gjennomført møte med kommunar i krevjande saker.

Vi har erfart at engasjementet og kunnskap om barn i barnevernet og deira rett og plikt til opplæring har auka i fylket. Vi får oftare spørsmål knytt til dette, og vi blir spurt om råd i vanskelege saker.

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport om tilsynsvirksomheten ved barneverninstusjonar, omsorgssentre og sentre for foreldre og barn, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstusjonar for omsorg og behandling § 14 og forskrift for foreldre og barn §28.

Fylkesmannen i Rogaland har utarbeidd rapport i tråd med forskrift om tilsyn med barn i barneverninstusjonar for omsorg og behandling § 14 og forskrift for sentre for foreldre og barn § 28 for året 2017.

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale... (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i *Omsorgsplan 2020*, herunder *Demensplan 2020*.

Kommunane i Rogaland har fokus på å utvikle tenestene i samsvar med retning og mål i Omsorgsplan 2020 og Demensplan 2020. Kvaliteten på tenestene er svært ulik. Mange kommunar slit med å rekruttere tilstrekkeleg kompetanse. Det gjeld både grunnbemanning og vidareutanning. Kapasiteten i tenestene har i mange kommunar nådd smertegrensa. Styring av tenestetilbodet er i fleire kommunar ikkje god nok og det er eit stort behov for leiarkompetanse. Ein del kommunar satsar på å auke denne kompetansen.

Demensplan 2020 er særleg følgd opp med ABC-opplæring og andre kompetansehevande tiltak. For personar med demens er det behov for fleire dagaktivitetstilbod og meir differensierte bustader.

Velferdsteknologi og endra arbeidsmetodar er på veg inn i tenestene. Mange kommuner satsar på kvardagsrehabilitering. Kommunane er komne ulikt langt på dette feltet. Fleire av dei små kommunane har ikkje kapasitet eller kompetanse til anna enn den daglege drifta og små kvalitetsforbedringsprosjekt, medan dei store kommunane i større grad kan spisse kompetansebygginga og gjennomføre større innovasjonsprosjekt. Dei fleste kommunane i Rogaland tek del i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet og det var kun tre kommunar som ikkje fekk tilskot fra Kommunalt kompetanse og innovasjonstilskot

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordninger 765.60 og 765.62.

Kommunalt kompetanse og innovasjonstilskot er tildelt i samsvar med kriteria. Kommunane viser stor interesse for tilskotet og melder tilbake at tilskotet er heilt nødvendig for at dei skal kunne byggje opp naudsynt kompetanse.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.2.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Fylkesmannen vurderer at arbeidet blir utvikla i henhold til retning og målsetjingar i opptrappingsplanen. Kommunane har ulike utfordringar i det kommunale rusarbeidet og vektlegg ulike delar av planen.

På fylkesmannen sin tilskotskonferanse forelesar ein årleg om måla i opptrappingsplanen. Kommunane blir oppfordra til å sjå arbeidet på rusfeltet i samanheng med Opptrappingsplanen, Bolig for velferd og andre sentrale føringar på feltet.

Gjennom IS24/8 rapporterer 1/3 av kommunane at opptrappingsplanen har ført til fleire årsverk og auka brukarinvolvering. Tilskotsforvaltninga visar at kommunane også har brukt tilskot til å styrkje tiltak retta mot barn og unge, tenester i bustad, lågterskel helsetenester samt til arbeids- og aktivitetsretta tiltak. Fylket har hatt ein kapasitetsauke i det kommunale rusarbeidet, men ser ein på tala i brukarplan kartlegginga står framleis mykje arbeid att.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordninga til kommunene 0762.60.

Tilskotsordninga hjelper til å styrkje tilbodet til menneske med langvarige og samansette tenestebehov. Dei største kommunane i fylket har etablert ACT, FACT og Housing first team. Tre kommunar arbeidar med å etablera/har etablert MO- senter. Lågterskel LAR er under oppstart i Stavanger kommune. Ein ser samtidig at mindre kommunar ikkje nyttar tilskuddsordninga. Potensialet for utvikling av bedre tjenester til barn og unge er heller ikkje fullt ut utnytta.

Ordninga er krevende å saksbehandle. Vi har stor pågang av søknader, relativt lite midler til disposisjon og tiltak som har motteke tilskot over ei årrekke. Det er også en utfordring at målgruppen omfatter både barn, unge og voksne.

Fylkesmannen meiner tilskotsordninga betre vil kunne hjelpe til utvikling av heilskaplege og samtidige tilbod til utsette barn og unge, dersom det blei laga ei eiga tilskotsordning for målgruppa.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Eit av måla i opptrappingsplanen er at hab/rehab bør skje der livet vert levd. Ein kan sjå at utviklinga i kommunane går i den retninga. Tal viser at det nå er fleire som får tenesta i kommunane, både i og utanfor institusjon. Eit anna mål er at brukarane i større grad skal involverast. Fleire kommunar rapporterer at brukarorganisasjonar vert trekte med i planarbeid. Det er stor skilnad på dei ulike kommunane sine tilbod, og det er ein del kommunar som ennå ikkje er i gang på å utarbeida plan for hab/reb. Kommunane samhandlar i stor grad med speialisthelsetenesta om tilbod til enkeltpersonar. Eit prosjekt om interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam er under utvikling.

Når ble siste analyse... (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Når ble siste analyse gjennomført?

FylkesROS Rogaland sist revidert: 2013. Ny revisjon var planlagt avslutta i desember 2017, men blei forseinka. Truleg ferdig februar 2018. Dette har flere årsaker. Mellom anna andre oppgaver og handtering av flere utføresette hendingar som til dømes ekstremvær.

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist... (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)**Rapportere på**

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist oppdatert?

Ja. 2015. Ny oppfølgingsplan vil bli laga når ny fylkesROS blir ferdig i februar

Hvilke regionale tiltak... (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)**Rapportere på**

Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

2 møter i fylkesberedskapsrådet (juni og desember)

Fellesamling med beredskapskontakter og kommunikasjonsrådgivarar i kommunane. Fleire regionale etatar deltar på desse samlingane.

Fylkesmannen er også medlem i det regionale øvingsutvalet som blir leia av politiet.

I samarbeid med NVE har vi hatt møte med kommunale planfolk om tema innan forebygging av skred og flaum.

Informasjonsmøte om naudnett i samarbeid med DSB. Fleire analysemøter i samband med utarbeiding av scenaria i fylkesROS .

Planlegging og gjennomføring av Samfunnsikkerhetskoneransen (Politi, Helse, forsvar, UIS)

Elles jamnleg kontakt med relevante regionale etatar undar hendingar.

Andel hendelser av regionale hendelser... (fra kapittel 7.3.4.1.4 i TB)**Rapportere på**

Andel hendelser av regionale hendelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Det var ei hending (Vidar) i januar 2017. Evaluering sendt. Ei hending (Urd) i 2016. Evaluering sendt i 2017.

Andel regionale øvelser og embetsøvelser... (fra kapittel 7.3.4.1.5 i TB)**Rapportere på**

Andel regionale øvelser og embetsøvelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Ingen evalueringsrapporter er sendt DSB. Det har ikkje vore regionale øvingar slik vi tolkar omgrepet "regional øving". Rapport frå eigen øving i november er ikkje ferdig.

Status revisjon underliggende planverk... (fra kapittel 7.3.4.1.6 i TB)**Rapportere på**

Status revisjon underliggende planverk knyttet til nasjonale beredskapstiltak

- Status revisjon i embetets planverk – hva er gjennomført og hva gjenstår
- Status revisjon regionalt arbeid med underliggende planverk – hvilke tiltak er gjennomført

Fylkesmannen har delteke på møter i JD og DSB knytt til arbeid med tiltak i SBS. Det blei informert om at Fylkesmannen skulle avvente dette oppdraget til nærare bestilling kom frå DSB. Vi har dei siste månadene arbeida med utvikling av egne tiltak. Fylkesmannen samarbeider med politiet i dette arbeidet. SBS tiltak har vore tema i fylkesberedskapsrådet. Vidare har vi hatt kontakt med kommunane på Nord-Jæren for å drøfte tiltak kor kommunane er særskilt nemt.

Arbeid knyttet til det sivilt-militære... (fra kapittel 7.3.4.1.7 i TB)**Rapportere på**

Arbeid knyttet til det sivilt-militære samarbeidet i forbindelse med *Trident Javelin 2017* og *Trident Juncture 2018*: Hvilke deler av dette arbeidet har embetet deltatt i 2017.

Fylkesmannen har delteke på møter med DSB i samband med desse øvingane. Vi var respons ved Trident Javelin og deltok som observatør i DSB under øvinga.

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel... (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel kontrollerte vergeregnskap, samt antall verger som er under oppfølging på bakgrunn av ikke godkjente vergeregnskap.

Det blei kontrollert 309 verjerekneskap, av dei blei 84 ikkje godkjent.

Vergemålsordningen

Sum	Antall kontrollerte vergeregnskap	Antall mottatte vergeregnskap
Infinity %	309	0

Kontrollerte alle i uttrekket frå SRF.

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt alle vergemål opprettet etter gammel lov har riktig status med tanke på regnskapsplikt.

Det blei gjennomgått 786 verjemålsaka, av dei blei 537 endra til ordinær rekneskapsplikt.

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere... (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fri retts hjelp.

Vi har tilfredsstillende saksbehandlingstid for stykkprissakene. Restansesituasjonen er betydelig forbeta for søknader om fri retts hjelp. Den er no ca. 3 måneder. Vidare er det gjennomført tiltak for å fleire advokatar til å sende elektronisk søknadar. Til dømes har vi reist ut til enkelte advokatkontor og gitt opplæring.

Retts hjelp 1.1 - Søknader

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	1 481	1 246	235
Innvilgede søknader	1 345	1 126	219
Avslåtte søknader	136	120	16

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.3.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Aktivitet og forbruk i 2017 i tråd med ordinær løyving. I 2018 vil aktivitet og forbruk bli planlagt ut frå gitt tildeling.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.4.4.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen skal rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Det er behandla 19 klagesaker på vedtak etter introlova. Av desse gjaldt 6 klager på § 2 Klage på rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogram, 5 fekk ikkje medhald, 1 vedtak vart oppheva.

Det har vore 2 klagesaker på § 5 Programmetts varighet, desse fekk ikkje medhald.

På § 6 Individuell plan har vi hatt 2 klagesaker, den eine fekk ikkje medhald, den andre blei avvist fordi klagefristen ikkje var halden.

Dei fleste klagesakene gjeld § 7 Stans av introduksjonsordning. Her har vi mottatt 8 klager. Av desse fekk 3 ikkje medhald, 2 fekk delvis medhald, 2 fekk medhald og i 1 sak vart vedtaket oppheva.

Vi har mottatt 1 klagesak på innvilga permisjon etter kapittel 5 i forskrifta, klagar fekk ikkje medhald.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.4.4.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har mottatt 4 klagesaker knytte til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne. Tre av desse klagen gjaldt retten til å få gratis opplæring. Klagarane fekk ikkje medhald då dei ikkje var i personkretsen for introduksjonslova. Den fjerde klagen gjaldt fritak frå opplæringa, klagar fekk ikkje medhald.

Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.4.4.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier og hvor mange av nye statsborgere i fylket som har deltatt.

Det vart arrangert ein seremoni for nye statsborgarar. 1235 nye statsborgarar vart invitert. 227 deltok på seremonien.

Resultat- og økonomirapportering... (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Resultat- og økonomirapportering på fagmidler på klima og miljøområdet innenfor naturmangfold, forurensning og klima.

Sjå tabell

Fremmede organismer

Art/artsgruppe	Type tiltak	Omfanget av tiltaket	Navn område	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Sum brukt
Kjempepringfrø	Bekjempelse	kartlegging og fjerning utanfor verneområder	Sola, Klepp, Sandnes	oppdrag utført av Cultural Connection	80 000
sitka	Bekjempelse	hogst/fjerning på kystlynghei	Utsira	Del av langsiktig plan i samarbeid med kommunen	100 000
Mink	Bekjempelse	rapportert fangst ca 200 dyr	Karmøy	Svært godt samarbeid med kommunen over fleire år. Midlar me har fått på ESS til tiltak for trua artar dvs fugl	20 000
sitka	Bekjempelse	fjerning av oppslag etter hogst	Ilholmane fuglereservat	rydding og beiting i samarbeid med Friluftsrådet Vest	15 000
Stillehavsøsters	Utarbeidelse av regional handlingsplan	Rogaland	Rogaland	samarbeid med Havforskningsinstituttet HI	110 000
sitka/buskfuru	Bekjempelse	ein del av verneområde	Brusand, Hå kommune	fjerning av bestand	78 200
gran	Bekjempelse	Hogst forsøksfelt	Romsa	viktig friluftsområde	45 420
alle	Annet	administrasjon, informasjon, opplæring og kontraktsoppfølging	Rogaland	delvis dekking av egne driftsutgifter	56 000
					504 620

Det skal rapporteres på fylkesmannens... (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på fylkesmannens arbeid med samordning av statlig styring av kommunesektoren etter retningslinjene i rundskriv H-2143.

Samordning av statleg styring av kommunane gjennomstyrer det meste av det kommuneretta arbeidet.

Mest konkret gjennom samordning av tilsyn og samordning av motsegner til kommunale planar.

Tilsyn er samordna gjennom ei eiga tilsynsgruppe. Samordning med andre tilsynsetatar har vorte styrka også i 2017. Det har i denne samanheng også vore særskilt merksemd på lærande tilsyn. Vi har etablert dialog med kommunerevisjonane som gjer det mogleg i større grad å koordinere statleg og kommunalt initiert tilsyn. Tilsynssamordninga fungerer godt.

Når det gjeld planarbeidet, så ligg det svært stor samordningsinnsats i eige arbeid med kommunale planar. I embetet er dette arbeidet organisert i ei planruppe som omfattar alle avdelingar i embetet. Vi deltek dessutan aktivt i planforum, der samordning også med fylkeskommunen er sentralt. Vi deltek også aktivt regional planverksemd - i 2017 særskilt i arbeidet med regional jordvernstrategi.

Innovasjonsarbeidet i kommunane er stort sett avgrensa til forrdeling av skjønnsmidlar. Her også har vi tett samordning internt, til dømes retta mot andre tilskotsordningar.

Dei mest sentrale samordningsarenaene, ut over eiga leiargruppe, er møta med alle statsetatane, minst to gonger årleg, og fylkesberedskapsrådet når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap. Det er etablert faste samordningsmøte med NAV Rogaland, og frå og med 2017, med Universitetet i Stavanger.

Samordning med fylkeskommunen skjer mellom anna gjennom faste møte mellom toppleinga i dei to etatane og tett dialog og samarbeid på avdelingsnivå. Hausten 2017 etablerte vi ein ny møteplass der alle leiarane i dei to etatane møtest.

Vi har, som omtalt andre stader i rapporten, eigen instruks og retningsliner for samordningsverksemda vår.

I 2017 gjorde NIVI ei undersøking blant kommunane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane om regional stat. Samordning var her eit sentralt tema. Vi viser til denne.

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres særskilt om hvilke tiltak fylkesmannen har iverksatt for den enkelte kommune som er registrert i ROBEK og hvilke tiltak som har vært iverksatt for å forhindre kommuner som er i faresonen til å bli registrert i ROBEK. Det skal rapporteres om bruk av skjønnsmidler til ROBEK-kommunene.

Kommunar i ROBEK

I 2017 var to kommunar i ROBEK. Haugesund søkte om godkjenning av låneopptak før dei vart melde ut, og fikk godkjenning. Haugesund blei så meldt ut. Det blei vidare gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Hjelmeland, og vidare godkjenning av låneopptak for kommunen. Ordførar, Rådmann og Økonomisjef i Hjelmeland har hatt møte med FM i Rogaland for å snakka gjennom utfordringar, og sjå på veien vidare.

Kommunar i faresona

Vi går kvart år gjennom kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK. Om kommunar nærmar seg ROBEK, eller har ein utvikling som vekkar uro, tar med kontakt med kommunen slik at dei er klar over vår bekymring.

Bruk av skjønsmidlar

Begge kommunane fekk skjønsmidlar i 2017. Haugesund pga. særleg høge utgifter til psykiatri/rus høve til kommunesorleik, og Hjelmeland for deltaking i legevaktssamarbeid/skyss helse.

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling... (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling og modernisering i kommunene, bruk av skjønnsmidler til formålet og formidling av resultatene.

Fylkesmannen ser på arbeidet med innovasjon og utvikling i kommunane som ei viktig oppgåve. Vi har m.a. egne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring).

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse innovasjons og fornyingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse.

Frå 2016 er den elektroniske søknadsportalen tatt i bruk for søknader og rapportering. Midlane blir fordelt i tråd med retningslinjene frå departementet, og slik at vi legg vekt på innovasjonspotensialet, først og fremst i «tunge» sektorar, og overføringseffekt.

Vi drøftar tildelinga med KS lokalt. Formidling av erfaringar skjer m.a. gjennom at vi legg ut rapportar og presentasjonar på nettsidene våre. Fylkesmannen er også med på å arrangere ein Innovasjonskonferanse for kommunanen, kor fleire av prosjekta vi støtta deltok og presenterte prosjekta.

11 kommunar fekk i alt 6,3 mill. kr til 17 prosjekt. Oversikt over tildeling ligg på våre sider. [1.tildelingsrunde her](#), og [2.runde her](#).

Det skal rapporteres om antall lånesøknader... (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres om:

- Antall lånesøknader som godkjennes og i hvilken grad fylkesmannen har nektet godkjenning av lån.
- Antall godkjente garantier, samt antall garantier som ikke ble godkjent.

Talet på lånesøknadar og garantiar kjem fram i tabellane.

Antall garantisøknader

Saksområde	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall garantisøknader	13	12	0	1

Har rettleia fleire kommunar om kommunale garantiar, som ikkje resulterte i søknad om godkjenning av kommunal garanti. Saka som ikkje blei behandla kom inn i desember 2017, og blei behandla tidleg januar 2018.

Kommunenes lånesøknader

Type søknad	Sum	Godkjent	Ikke godkjent	Ikke behandlet
Antall lånesøknader	5	5	0	0

Vi mottok ein søknad som ikkje krevde godkjenning frå oss. Den er ikkje tatt med i statistikken.

Fylkesmannen skal rapportere... (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på hvordan veiledningsarbeidet har blitt utført, herunder aktiviteter for å øke kvaliteten på KOSTRA-data.

Vi følger opp kommunane undervegs i perioden for KOSTRA-rapportering, og purrar på kommunane der me ser ei ikkje har rapportert. Kommunane tek då ofte kontakt om de lurar på korleis noko skal først, og vi rettleiar på e-post eller telefon.

I retteperioden ser vi særskilt på eigendomsforvaltninga, og tar kontakt med alle kommunar i fylket som har avvikande tal. Nokre kommunar rettar opp med det same, andre seier dei skal retta opp med det same utan at dei gjer noko, og somme seie dei skal få endra rutinane og få orden på rapporteringa til neste år.

Ein kommune gjorde ein sjølvransaking, og fann ut at dei ville senda alle som rapporterte i KOSTRA på to dagars kurs for å auke kvaliteten på rapporteringa. Dette var etter at vi hadde teke kontakt med kommunen angående avvikande tal.

Kort om fordelingen av skjønsmidler... (fra kapittel 7.3.6.5.2 i TB)**Rapportere på**

Kort om fordelingen av skjønsmidler, herunder rapportering i ISORD.

Det var for 2017 ei skjønnsramme på kr. 67,6 mill. for kommunane i fylket. Fylkesmannen si fordeling av skjønsmidlar mellom kommunane er basert på KMD sine retningslinjer og vår eigen informasjon om lokale tilhøve. For 2017 vart kr. 51,6 mill. av ramma fordelt mellom kommunane i statsbudsjettet.

Den attståande ramma på kr. 16 mill. til fordeling gjennom året, vart fordelt til følgjande føremål: Kr. 9,4 mill. til språkdelling. Fornyings- og innovasjonsprosjekt kr. 6,3 mill. gjennom ISORD i 2 rundar. Restfordeling kr. 0,3 mill. etter lokale tilhøve.

Fylkesmannens skal gi en kort beskrivelse... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannens skal gi en kort beskrivelse av embetets tiltak for samordning av statlig tilsyn, herunder tilsyn fra andre tilsynsetater enn Fylkesmannen selv. Fylkesmannen skal kort opplyse om hva som er gjort for å fremme og formidle læring hos kommunene i de tilsyn som er gjennomført.

Fylkesmannen har ei intern samordningsgruppe (tilsynslaget). Tilsynslaget har representantar frå fagavdelingane, der ein arbeider med samordning av tilsyn internt og eksternt. Det er gjennomført samordningsmøte med Mattilsynet, Kartverket, Arbeidstilsynet, Arkivverket, Skatt Vest og kontrollutvalssekreteriata i fylket i november 2017.

Tilsynsaktiviteten blir samordna i tid, og vi lagar tilsynskalender som viser den samla tilsynsaktiviteten overfor kommunane så langt det metodisk lar seg gjere. Oversikt over dette blei sendt kommunane innan årsskiftet.

Vi har særleg fokus på lærande tilsyn i vårt interne kompetansearbeid og overfor kommunane.

I tilsyn med kommunal beredskap inviterer vi alle kommunane som det skal først tilsyn med på eit rettleiande møte i byrjinga av året. På møtet går vi igjennom minstekrava i lova og forskrifta for å fremma læring og forståinga av regelverket. Samstundes bidrar dette til at kommunane blir best mogleg førebudd på tilsynet.

Ved tilsyn etter opplæringslova og barnehagelova inviterer vi av og til inn andre kommunar til læring i tilsyn. Desse kommunane deltek i formøte, der vi gir generell informasjon om tilsynsystemet og i sluttmøte, der foreløpig tilsynsrapport blir presentert for kommunen vi fører tilsyn med. Kommunane blir samtidig oppmoda til bruk av eigenvurderingsverktøyet RefLex. I nokre tilfelle gir vi tilbod om samtale omkring eigen praksis etter sluttmøtet.

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn... (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Embetet rapporterer hvor mange tilsyn det har gjennomført.

Forklaring:

- Det bes om ett samlet tall for alle tilsyn hjemlet i opplæringsloven, barnehageloven, helse- og omsorgstjenesteloven mv.
- Det rapporteres samlet for kommunene og fylkeskommunen(e)
- Antall tilsyn det skal rapporteres om omfatter planlagte tilsyn (som landsomfattende/nasjonale tilsyn) og hendelsesbaserte tilsyn uavhengig av tilsynsmetodikk og hvor ressurskrevende tilsynet var.
- Antall tilsyn det skal rapporteres om, omfatter ikke forundersøkelser, sjølvmeldingstilsyn og dokumentgjennomganger uten oppmøte (fysisk eller videokonferanse) på tjenestestedet eller i kommunen/fylkeskommunen.
- Det bes ikke om tall for avvik eller pålegg.

Det er gjort til saman 46 tilsyn med kommunane i Rogaland i 2017. Dei tilsyn som er talde med er tilsyn der det minst ligg føre førebels rapport.

I dette talet inngår samtlige tilsyn med kommunar evt. fylkeskommunen etter opplæringslova, barnehagelova, introduksjonslova, forskrift om kommunal beredskapsplikt, forureiningslova, helse- og omsorgstjenestelova, sosialtjenestelova og barneverntjenestelova. Forvaltningskontrollar etter økonomireglementet § 15 er ikkje rekna med.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Hvor mange av sakene totalt (uten å skille mellom saker etter klage og på eget initiativ) som hadde henholdsvis habilitet eller lukking av møter blant vurderingstemaene.
- Det skal gis en kortfattet omtale i årsrapporten av hvor mange klager fylkesmannen har mottatt etter kommuneloven § 60d fjerde ledd, hvilke kommunalrettslige tema de (særlig) veileder kommunene om samt bruk av interkommunalt samarbeid i fylket, med særlig vekt på bruk av vertskommunemodellen.

Ingen av sakene hadde møteoffentlegheit eller habilitet som tema.

Fylkesmannen har ikkje mottatt klager etter kommunelova § 60 d fjerde ledd.

Fylkesmannen rettleier særleg kommunane om problemstillingar om habilitet og suppleringsval og ordninga med mindretalanke. Den einskilde kommune har òg blitt rettleia om bruk av vertskommunemodellen. Dette gjeld m.a. kommunar som ønsker vertskommunemodellen som ein overgangsordning fram mot kommunesamanslåing eller kommunar som ønsker ordninga som alternativ til kommunesamanslåing.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	2	2	4
På eget initiativ	0	1	1

To av dei ulovlege vedtaka var knyta til gjennomføringa av kommunereforma.

Fylkesmennene skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.6.9.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

FMRO har i 2017 behandla og gjort vedtak i tilsaman 24 klagesaker etter offentleglova og forvaltningslova. 22 av klagesakane gjaldt innsyn etter offentleglova og 2 av klagesakane gjaldt partsinnsyn etter forvaltningslova. I samtlige av klagesaken som gjaldt partsinnsyn etter forvaltningslova blei kommunens vedtak stadfesta. I klagesaken etter offentleglova blei underinstansens vedtak stadfesta i 12 saker, omgjort i 5 saker og oppheva i 4 saker. I ein klagesak etter offentleglova blei kravet om innsyn avvist. I begge sakene om partsinnsyn etter forvaltningslova blei underinstansen vedtak stadfesta.

FMAV, FMBU, FMHO, FMNR... (fra kapittel 7.3.6.10.1 i TB)

Rapportere på

FMAV, FMBU, FMHO, FMNR, FMNO, FMOP, FMRO, FMST, FMTR, FMTE, FMVE som deltar i forsøksordningen om samordning av statlige innsigelser, rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om antall planer der statlige innsigelser er samordnet, antall innsigelser som er fremmet, antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene, og antall innsigelser som er avskåret.

Statleg samordning av motsegner er no godt innarbeidd i fylket vårt og har bidradd til betre kontakt mellom planmedarbeidarane i dei statlege organa og heva kvalitet på uttalane til kommunane. Det er liten grad av motstrid mellom statsetatne sine uttalar og ofte vert ei motsegn understøtta av av faglege råd frå andre.

Det er ein vesentleg mangel med samordningsprosjektet at fylkeskommunen med sine ansvarsområde inkl kulturminner, akvakultur, næringsutvikling, friluftsliv m.m., samferdsel og by- og tettstadsutvikling, ikkje er med i samordninga av motsegner. Det kunne enkelt innarbeidast med unntak av fylkesmannens avskjæringsrett - som ville utfordra det regionale politiske nivået i for stor grad. Men alle andre ledd i prosjektet slik vi har gjennomført det, vil kunne samordnast. Det ville gitt ein stor gevinst for kommunane og for effektivitet og kvalitet i planarbeidet.

Vi prøver å bøte på denne mangelen ved å ha godt og tett samarbeid med fylkeskommunen sine medarbeidarar på regionalplan, kultur, samferdsel og næring, fast og aktiv deltaking i Regionalt planforum og ikkje minst solid drøfting på lågast mogleg nivå for å løyse motsegner. Dei vi ikkje greier å løyse med drøfting, går vel førebudde til mekling.

Samordning av statlige innsigelser

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat
Antall planer på offentlig ettersyn hvor fylkesmannen har samordnet uttalelser med statlige innsigelser	29
Antall innsigelser som er fremmet	48
Antall innsigelser som ikke er videresendt til kommunene	1
Antall innsigelser som er avskåret	0

"antall innsigelser som er fremmet" = talet på planar som er møtt med statleg motsegn inkl dei det berre er fylkesmannen som har motsegn til

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.11.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene. Alle saker som ligger til behandling per 31.12.2016 skal overføres til den nye SYSAM-løsningen.

- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten for 2017 skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten for 2017 skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi viser til tabelldata nedanfor.

Dei fleste overskridingane av 12-vekersfristen skuldast reine ressursmessige utfordringar (vakanser) som ikkje kjem inn under begrepet "særlige tilfeller" i SAK § 7-3 tredje ledd. Det blei difor ikkje sendt ut forlengingsvarsel med heimel i denne føresegna i fleirtalet av desse sakene. Overskridingane har m.a. årsak i at talet på innkomne saker varierer mykje frå den eine månaden til den neste.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid innanfor saksfeltet var likevel berre nokre dagar over kravet - 88 dagar.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
401	89	190	38	7	9	0

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.12.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene. Alle saker som ligger til behandling per 31.12.2016 skal overføres til den nye SYSAM-løsningen.

- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis. Rapportering om ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område (også der oreigningsloven er hjemmelsgrunnlag).
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område. Det skal også fremgå antall søknader som ikke er behandlet innen 12 uker.
- Av årsrapporten for 2017 skal det fremgå totalt antall behandlede ekspropriasjonssaker der Fylkesmannen er klageinstans, på plan- og bygningsrettens område. Det skal også fremgå antall klager som ikke er behandlet innen 12 uker.

Sjå tabell.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	61
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	138
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	45
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	7

Årsaka for overskridingane av 12-ukersfristen er at byggesaker har vore prioritert.

Fylkesmannen skal gjøre rede for iverksatte... (fra kapittel 7.3.6.13.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for iverksatte og planlagte effektiviseringstiltak. Det skal her fremgå at tiltak som inneholder digitalisering av arbeidsprosesser og tjenester er særlig vurdert. Det skal også gjøres rede for hvordan effektiviseringsgevinstene av tiltakene hentes ut, slik at de kan omdisponeres til prioriterte områder. Nærmere retningslinjer kommer i eget rundskriv.

Fylkesmannen har i 2017 arbeidd særskilt med digitalisering, gjennom ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingane. Førebuing av innføring av digital postsending har hatt hovudfokus. I tillegg har gruppa arbeidd med auka bruk av dei digitale løysingane som alt finst. Gruppa si funksjonstid er forlenga ut 2018. Embetet ønskjer også i større grad å vere pådrivar for å få til digitale løysingar der desse i dag ikkje finst. Vi har i denne samanheng eit klart ønske om om at det blir gjort nødvendige tilpassingar i saksbehandlarverktøyet innafor verjemål - VERA, slik at det blir mogleg å sende brev digitalt også her. Viss ikkje vil det gå mykje tid og portoutgifter farmover.

Vi tilrår dessutan at sakene om fritak for teieplikt i større grad blir basert på digitale løysingar.

Ut over dette ligg effektiviseringstiltaka i; betre organisering og fordeling av dei ulike oppgåvene, når ressursane blir mindre samstundes som oppgåvemengda veks. Dette har vi langt på veg lukkast med, sjølv om vi ikkje fullt ut har oppfylt måla på alle felt. Gevinsten ligg i at vi gjer meir for mindre, dvs. med færre tilsette.

Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.14.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal rapporteres om lærlinger i årsrapporten.

Fylkesmannen har hatt ein lærling fast dei siste åra. I 2017 bestemte vi oss for å auke til to, men då det ikkje var nok kandidatar innafor kontorfaget, måtte vi halde fram med berre ein. Det blir gjort nytt forsøk i 2018.

Kort beskrivelse av aktiviteten... (fra kapittel 7.3.7.1.1 i TB)**Rapportere på**

Kort beskrivelse av aktiviteten på området, herunder oversikt over:

- Tros- og livssynssamfunn som mottar tilskudd og antall medlemmer det er gitt tilskudd for
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

2017 var det 70 trossamfunn som søkte om statsstøtte. Av desse fekk 5 samfunn avslag på søknaden. Fylkesmannen utbetalte i 2017 til saman kr 10.329.256,- i statsstøtte. Det er eit aukande tal personar av utanlandsk opphav som søker om å få registrert trossamfunn. Prest/forstandar for nokre trossamfunn har ikkje alltid gode nok kunskaper og slit med å forstå pliktar ein prest/forstandar har for å kunne søkje om statstilskot, samt ha kontroll på medlemslistene. Det fører med seg noko meir råd og rettleing. Vi gjennomfører difor møter med trossamfunn, for å gje informasjon og rettleing om pliktar og rettar. Vi har også i år invitert trossamfunna ved representantar til orienteringsmøte om statstilskotet kor det også var mogeleg å ta opp andre tema.

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.7.2.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke 69 søknader om oskespreiing.

59 løyve er gjeve. 2 søknader av avslage. Åtte saker er ikkje ferdig handsama då me ikkje har motteke naudsynt informasjon.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.7.3.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har handsama fem søknadar om dispensasjon frå helligdagsfredloven § 5 første ledd.

Tre av søknadane vart godkjent, og to søknadar vart avslagne.

Vi har handsama ein søknad om godkjenning som typisk turiststad i 2017. Saka gjald Ognå i Hå kommune. Ognå fekk ikkje godkjent forskrift om typisk turiststad.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven... (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)

Rapportere på

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven, jf. VØI pkt. 5.3.2 og bakgrunnsinformasjon (metodehåndbok og egen mal for rapportering). Fylkesmannen skal beskrive hvilke risikovurderinger som ligger til grunn for valg av tema og tilsynsobjekt. Med risikovurdering mener vi hvilke vurderinger og konklusjoner fylkesmannen har gjort på bakgrunn av de valgte kildene.

Utdanningsavdelinga vel dei tilsynsobjekta der det er størst grunn til å tru at brota på regelverket gir størst konsekvensar for brukarane av dei kommunale tenestene, anten det gjeld skole eller barnehage. Deretter blir tilsynsobjekta samordna internt hos Fylkesmannen, før tilsyna til slutt blir samordna med andre statlege tilsynsverksemdar og med kontrollutvalssekretariata. Oversyn over planlagde tilsyn blir formidla til alle kommunane ved årsskiftet. Intern og ekstern samordning av tilsyn kan i nokre tilfelle føre til at det ikkje alltid blir ført tilsyn med dei tilsynsobjekta der risikovurderinga vår viser at det burde ha vore ført tilsyn. Til dømes vil ein internrevisjon i ein kommune kunne gjere at vi ventar med tilsyn til denne kontrollen er ferdig. Hendingsbaserte tilsyn blir iverksett etter konkrete risikovurderingar.

I avdelinga registrerer vi meldingar og informasjon frå elevar, foreldre og andre i ein eigen database. Denne informasjonen blir gjennomgått i avdelingsmøte kvar 14. dag. Her blir det avgjort om det er grunnlag for hendingsbasert tilsyn, anna kontakt med kommunen eller vidare kontakt med den som har meldt frå. Denne informasjonen inngår også i risikovurderinga når vi set opp tilsynsplanen for avdelinga.

Vi meiner det er relevant å ta med i vurderinga når vi hadde tilsyn med kommunen sist. Nokre kommunar har oftare tilsyn enn andre, men dersom det har gått veldig lang tid sidan førre tilsyn, kan det vere ein grunn for å vurdere tilsyn. Vidare registrer vi om dei hadde problem med å retten avdekte lovbrøt, eller om det gjekk greit. Vi vurderer også klagesaker frå kommunen. Dersom det er mange klagesaker, ser vi på klagegrunnlag og kvaliteten på vedtaka. Dersom det er kommunar vi aldri får klager frå, gir også dette grunn til undring og inneber ein risiko for at kommunen ikkje fattar vedtak, ikkje informerer om klagerett, eller ikkje behandlar sakene sjølve.

For grunnopplæringa bruker vi GSI, KOSTRA og Skoleporten til aktiv områdeovervaking. På barnehagefeltet er det spesielt BASIL som gir informasjon saman med Barnehagefakta. Vi lagar kommunebilete med oppdaterte tal frå GSI, KOSTRA, BASIL, skoleporten og statistikkportalen kvart år. I tillegg gir kontakten med kommunane gjennom deltaking i mange nettverk både på barnehage- og skoleområdet viktig informasjon.

Tilsyn etter opplæringslova

Vi hadde tilsyn med 3 kommunar på felles nasjonalt tilsyn om elevane sitt utbytte av opplæringa i fjor. Totalt sett skal vi nå 60% av kommunane med dette tilsynet i løpet av perioden 2014-2017. Vi laga difor ein plan for dette i byrjinga av perioden. Grunnlaget for val av kommunar og skolar er henta frå skoleporten og resultat på nasjonale prøvar. I tillegg har vi sett på klagesaker på standpunktutvurdering og kva praksis innanfor vurderingsfeltet desse sakene viser på skolane. To av kommunane vi hadde tilsyn med i 2017, hamma på lista over kommunar med låg kvalitet innanfor oppfølgingsordninga. Den siste har også slite med dårlege resultat over tid. I den eine kommunen valde vi forvaltningskompetanse som deltema med grunnlag i erfaring frå klagesaker som viser at dette er mangelfullt i kommunene. I dei andre to kommunane valte vi skolebasert vurdering fordi vi trur dette er mest tenlig for at desse skolane skal sjå seg sjølve i speilet.

Vi hadde tilsyn med ein kommune etter kapittel 9A. Dette var ein stor kommune der vi ikkje hadde hatt tilsyn innanfor dette området på lang tid. Det var ikkje risiko for kommunen sett under eitt som gav grunnlag for tilsyn, men Elevundersøkinga viste at fire skolar i kommunen hadde hatt høge mobbetal over tid, og vi gjennomførte derfor tilsyn med desse skolane.

Vi hadde tilsyn med ein kommune knytt til særskilt språkopplæring. Erfaringa vår frå dei få klagesakene vi har, på spørsmål frå sektor og frå fleire regelverksamlingar, er at dette er eit område der dei fleste kommunane slit med kartlegging og med å fatte gode vedtak. Aktuell kommune blei vald med grunnlag i at dei har ein sentralisert innføringsklasse, det er lenge sidan vi hadde tilsyn med kommunen og ut frå kjennskap til læringscenteret i kommunen.

Vi gjennomførte eit hendingsbasert tilsyn med ein vidaregåande skole innanfor særskilt språkopplæring (§ 3-12) og inndeling i grupper etter § 8-2. Grunnlaget for tilsynet var kontakt frå elevar og oppslag i media om at skolen grupperte nokre klassar etter etnisitet med grunngjeving at dei skulle får ekstra norskopplæring.

Tilsyn etter barnehagelova

Det er meir utfordrande å gjennomføre god risikovurdering på barnehagefeltet, her er det ikkje så mykje tilgjengeleg statistikk. Nytt på barnehageområdet er heimelen til å føre tilsyn med enkelte barnehagar direkte. Vi vart merksame på risiko for alvorlege brot på barnehagelova i samanheng med tilsyn med ein kommune som barnehagemyndige og gjennom oppslag i media. Vi valde i desse tilfella å følgje kommunen si saksbehandling tett og fann ikkje grunn til å bruke heimelen direkte.

Vi har hatt tilsyn med fire kommunar etter barnehagelova §§ 8 og 16. Alle kommunane er valde med grunnlag i at det er lenge sidan førre tilsyn, informasjon vi har fått i nettverka og frå henvendelsar i klagesaker og frå foreldre.

Vi melde eitt tilsyn med ein kommune si godkjenning av ein ny barnehage i kommunen. Her kom vi dessverre ikkje så langt at vi blei ferdige med førebels rapport før årsskiftet. Vi må derfor melde avvik på omfang av barnehagetilsyn. Vi har berre oppnådd 15 poeng av kravet på 16.

Rapportering på FNT – forvaltningskompetanse

		Kontrollspørsmål																						
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	
Hå	Varhaug	11.01.2017	0	0	0	1	0	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hå	Nærbø ungdomsskole	11.01.2017	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0

Gjennomførte tilsyn - Barnehage

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Stavanger	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		4	Endelig rapport	1	1	0
Vindafjord	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		4	Endelig rapport	2	2	0
Gjesdal	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)	Dispensasjon fra utdanningskravet	4	Endelig rapport	2	2	0
Forsand	Kommunens virkemiddelbruk (tilsyn og veiledning)		3	Foreløpig rapport	2	2	0
			15		7	7	0

Gjennomførte tilsyn - Opplæring

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Hå	Varhaug	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	3	3	0
Hå	Nærbø u.skole	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	3	2	0
Hå	Varhaug	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	3	2	0
Hå	Nærbø u.skole	FNT	Forvaltningskompetanse		2	Endelig rapport	3	3	0
Hjelmeland	Hjelmeland skule	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	4	4	0
Hjelmeland	Hjelmeland skule	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Tysvær	Tysværåvåg	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	2	0	0
Tysvær	Nedstrand	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Endelig rapport	2	2	0
Tysvær	Tysværåvåg	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Tysvær	Nedstrand	FNT	Skolebasert vurdering		3	Endelig rapport	0	0	0
Sandnes	Figgjo skole	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	5	5	0
Sandnes	Riska u.skole	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	3	3	0
Sandnes	Aspervika skole	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	3	3	0
Sandnes	Bogafjell skole	Egeninitiert	Psykososialt miljø		3	Endelig rapport	5	5	0
Strand		Egeninitiert	Særskilt språkopplæring		3	Endelig rapport	2	1	0
					48		38	33	0

Status tilsyn varslet i 2016, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2017 (Skole)

Kommune	Skole	Tilsynsvariant	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
Rogaland Fylkeskommune	Vågen vgs	FNT	Elevenes utbytte av opplæringen		4	Enkeltvedtak med pålegg	6	6	3
					4		6	6	3

Rapportering på FNT – skolebasert vurdering

Kommune	Skole	Kontrollspørsmål						
		Åpnet	1	2	3	4	5	
Hjelmeland	Hjelmeland skule	06.06.2017	0	0	0	0	0	
Tysvær	Nedstrand barne- og ungdomsskule	20.03.2017	0	0	0	0	0	
Tysvær	Tysværåvåg barne- og ungdomsskule	20.03.2017	0	0	0	0	0	

Rapportering på FNT – skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen

		Kontrollspørsmål																						
Kommune	Skole	Åpnet	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22
Hå	Varhaug skule	11.01.2017	0	1	0	0	1	1	0	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hå	Nærbø ungdomsskule	11.01.2017	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	1	0
Tysvær	Nedstrand barne- og ungdomsskule	20.03.2017	0	1	0	0	0	0	0	0	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Tysvær	Tysværåvåg barne- og ungdomsskule	20.03.2017	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0
Hjelmeland	Hjelmeland skule	06.06.2017	0	1	1	0	0	1	0	0	1	1	1	1	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0

Status tilsyn varslet i 2016, minimum foreløpig tilsynsrapport i 2017 (Barnehage)

Kommune / Barnehage	Tema for tilsyn	Andre tema	Kategori tilsyn	Status tilsyn	Antall varslede pålegg i foreløpig rapport	Antall mulige pålegg i endelig rapport	Antall vedtatte pålegg
			0		0	0	0

Rapportering fra egeninitierte tilsyn (foreløpige tilsynsrapporter)

Kommune	Barnehage/skole	Tilsynstema	Korreksjonspunkt	Antall kontrollspørsmål i tilsynet
Rogaland fylkeskommune	Haugaland vgs	Org. i grupper/ klasser og særskilt språkopl.	4	0

Rapportering på tilsyn med barnehagemyndighetens tilsyn og veiledning

		Kontrollspørsmål																													
Kommune	Åpnet	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	2.2	3.2	3.3	3.4	3.5	3.6	4.2	4.3	4.4	4.5	4.7	4.8	4.9	4.11	4.12	5.3	5.4	5.5	5.6	5.7	5.8	5.9	5.10	5.11	5.12
Stavanger	09.02.2017	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	0	0	1	0	1	0	0	0	1	0	0	1	1	1	1	1	0
Gjesdal	15.12.2016	0	1	1	1	1	1	0	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	1	1	0	0	
Vindaford	23.06.2017	0	0	1	0	1	0	1	0	0	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Forsand	16.08.2017	0	1	1	0	1	0	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	

Fylkesmannen skal redegjøre for oppdraget om egnevalueringen... (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for oppdraget om egnevalueringen av kompetanse på regelverksområdet, og særlig trekke fram styrker og utfordringer samt tiltak som er iverksatt for å sikre god kvalitet.

For å løse oppdraga våre med god kvalitet, må medarbeidarane våre ha høg kompetanse innanfor fleire område: Barnehage- og skolefagleg kompetanse, system- og forvaltningskompetanse, juridisk kompetanse, økonomi- og analysekompetanse og formidlings- og rettleingskompetanse. Ny oppgåve som handhevingsmynde og internt arbeid med organisering i avdelinga har gjort at vi no også tar med relasjonskompetanse på lista. Vi evaluerer kompetansen vårt kvart år i samband med utarbeiding av verksemdsplanen og prioriterer tiltak for å styrke kompetansen i avdelinga, m.a. etter ønske frå kvar medarbeidar.

For 2017 nemner vi særskilt at vi oppretta eit læringsmiljølag alt i januar for å kunne løse det nye oppdraget som handhevingsmynde. Leinga deltok i alle møte dei første åtte månadene for å sikre god oppstart. Heile laget på fem og ein frå leinga deltok i alle samlingar i Udir på dette området. Vi tilsette to nye medarbeidarar, den ein med erfaring som rettleiar i Olweus-programmet og som rektor, den andre med brei erfaring frå mellom anna PPT og som rettleiar i Udir sitt læringsmiljøprosjekt. I tillegg tok to medarbeidarar i haust 15 studiepoeng kvar ved Universitet i Stavanger/Universitet i Dublin i studiet om å forebygge mobbing.

To medarbeidarar har tatt 10 studiepoeng kvar i studiet om barnekonvensjonen ved VID i 2017, ein medarbeidar tok dette i forfjor.

I den årlege verksemdsplanen gjennomfører vi også ei risiko- og sårbarheitsvurdering med konkrete tiltak der vi meiner risikoen er størst. I avdelingsmøta annakvar veke har vi systematisk gjennomgang av regelverk: opplæringslov, barnehagelov, friskolelov, forvaltningslov, barnekonvensjonen, m.m. Vi har også systematisert registrering, gjennomgang og drøfting av vanskelege saker. Dette sikrar både god oppgaveløysing og brei kompetanseutvikling. I 2017 har vi rullert den interne organisasjonsplanen vår og gjort ei større omlegging av måten vi arbeider på. Vi hadde eit todagars personalseminar knytt til organiseringa, og vi gav deretter nye rammer for dei fem 5 arbeidslagane våre: Barnehagelaget, Eksamens- og prøvelaget, Læringsmiljølaget, Spespedlaget (spespedhjelp og spesialundervisning grunnskole/vgo/vaksne), Vaksenopplæringslaget (vo etter oppl + introduksjonsordninga). Gjennom dette reduserer vi risiko og utviklar breiare kompetanse for fleire medarbeidarar.

Vi nemner til slutt eit godt organisert, systematisert og velfungerande samarbeid med dei andre embeta i Sør-vestsamarbeidet. Dette gir også god kompetanseutvikling til mange medarbeidarar.

Etter vårt skjønn er Fylkesmannen i Rogaland er særst godt rusta til å løse oppdraget.

Fylkesmannen skal rapportere om antall klager... (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere om antall klager, type klager og resultatet av behandlingen.

Dei siste 10 åra har talet på klager i Rogaland på desse områda vore relativt stabilt, men med litt ulik fordeling på klageområda. For 2017 er det grunn for å merkje seg at talet på klager første halvår etter dågjeldande kap 9a var 22. Dette er meir enn ei dobling frå tidligare år. Trenden har halde fram med mange vedtak etter nytt kap 9A. Fokus på mobbing, dei nye reglane og auka kjennskap til Fylkesmannen si rolle er sannsynlege årsaker til auken. Også nokre andre trendar er verd å merkje seg, ein av dei er at vi mest ikkje har klager på spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Vi har berre hatt 5 klager på tilrettelegging etter dei nye reglane i § 19g i barnehagelova. Vi er usike på kva dette skuldast, men vi følger opp med tilsyn innanfor kap V A i barnehagelova i 2018 i tillegg til at vi skal kartlegge alle kommunane sine rutinar etter § 19g. Elles er det ein trend at det er færre klager på standpunktarakter, talet for 2017 er det lågaste som er registrert dei siste 10 åra. Vi kan jo håpe at satsinga på vurdering for læring og UDIR si satsing på fagdagar om vurdering har hatt effekt. Elles er det flest klager på skyss, skoleplassering og spesialundervisning i Rogaland. Her er tala relativt stabile dersom vi ser det over litt tid. Talet på klager om spesialundervisning er likevel lågt om vi ser det i samanheng med avdekte lovbrøt i tilsyn. For vidaregåande opplæring er talet på klager særleg lågt, dei siste fem åra har vi berre hatt 3 klagesaker til behandling. I 2017 hadde vi ingen klager på spesialundervisning frå elevar i vidaregåande opplæring. Til slutt vil vi nemne at vi hadde 29 saker med søknadar om fritak frå framandspråk i vidaregåande opplæring i 2017, der 3 fekk innvilga fritak.

Vi har eit mål om rask og god klagebehandling. Det er sendt ut 17 foreløpige meldingar om lang saksbehandlingstid i 2017. I mest alle desse sakene skuldast det at saka ikkje var godt nok opplyst frå kommunen si side.

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	88	0	35	52	1
Standpunkt i orden og oppførsel	1	1	0	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	1	0	0	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	0	1	0
Særskilt språkopplæring, § 2-8	1	0	1	0	0
Bortvisning, § 2-10	1	0	1	0	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	1	0	0	1	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	1	0	0	1	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	1	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	23	5	10	7	1
Skyss, § 7-1	34	14	20	0	0
Skoleplassering, § 8-1	17	1	15	0	1
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	15	6	9	0	0
Sum	186	29	92	62	3

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 10	1	0	1	0	0
Barnehageloven § 16	1	0	1	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	5	1	3	1	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
	7	1	5	1	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	1	0	1	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	1	1	0	0	0
	2	1	1	0	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Bortvisning, § 3-10	1	0	0	1	0
	1	0	0	1	0

Klagebehandling - Spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	0	0	0	0	0
	0	0	0	0	0

Retten til spesialpedagogisk hjelp vart flytta til barnehagelova fom 01.08.2016. Vi har hatt 3 saker til behandling etter bhgl § 19a i 2017, alle fekk medhald. Vi har også behandla 5 saker etter § 19g, 3 fekk medhald./delvis medhald, 2 ikkje medhald.

Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	3	2	1	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	6	0	5	1	0
	9	2	6	1	0

Fylkesmannen skal rapportere på antall meldte skolemiljøsaker... (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall meldte skolemiljøsaker til embetene som håndhevingsmyndighet, resultat av behandlingen og saksbehandlingstid.

Det blei meldt 35 skolemiljøsaker til Fylkesmannen som handhevingsmynde i 2017. I 22 saker ga Fylkesmannen medhald i at skolen ikkje hadde oppfylt aktivitetsplikta. I 9 saker meinte Fylkesmannen at skolen hadde oppfylt aktivitetsplikta. 1 sak vart avvist, 1 sak blei ikkje behandla fordi foreldra trekte saka, og 2 saker frå 2017 er ikkje behandla ferdig. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var om lag 38 dagar.

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender... (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall og type saker hvor klager henvender seg på nytt til fylkesmannen hvor skoleeier /barnehageeier /barnehagemyndigheten ikke har fulgt opp vedtaket.

Fylkesmannen har ikkje registrert at nokon har tatt kontakt med oss i 2017 fordi kommunen ikkje har gjennomført eit vedtak frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak... (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere i eget skjema på tiltak innenfor kompetanse og rekruttering på barnehageområdet.

Rapporteringskravet er splittet i to (se 7.3.8.13) av tekniske grunner for å koble riktige tabeller til årsrapporteringen.

Kompetansetiltak tabell 1

Kompetansetiltak	Midler brukt	Antall deltakere totalt	Andel deltakere fra kommunale barnehager	Andel deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	1 272 000	204	67 %	33 %
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	0	0 %	0 %
Kompetanseutviklingstiltak for samisk				
Økonomisk tilrettelegging	2 525 000	101	51 %	49 %

Kompetansetiltak tabell 2

	Kompetansemidler til kommuner og barnehager
Midler brukt	6 246 000
Andel barnehagemyndigheter som har fått midler	100 %
Andel kommunale barnehager som deltar i tiltak	81 %
Andel ikke-kommunale barnehager som deltar i tiltak	91 %
Andel barnehager deltatt på tema: pedagogisk ledelse	74 %
Andel barnehager deltatt på tema: språkmiljø	58 %
Andel barnehager deltatt på tema: realfag	19 %
Andel barnehager deltatt på tema: barn med særslitte behov	67 %
Andel barnehager deltatt på tema: læringsmiljø	70 %
Andel barnehager deltatt på tema: danning og kulturelt mangfold	42 %
Andel barnehager deltatt på tema: annet	57 %

Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene... (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort vurdering av arbeidet med strategiene *Kompetanse for fremtidens barnehage* og *Kompetanse for kvalitet* og for strategi for etter- og videreutdanning for ansatte i PPT.

Med forankring i strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage* har Fylkesmannen i Rogaland laga ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling. Planen skal gi informasjon om korleis Fylkesmannen i Rogaland følgjer opp og tydeleggjer barnehageeigar sitt ansvar for å følgje opp måla i kompetansestrategien. Planen skal sjåast i i samanheng med Plan for implementering av rammeplanen (jf. punkt 7.3.8.9 i årsrapporten)

Barnehagane sine kompetansebehov lokalt skal liggje til grunn for tiltaka som følger av strategien. Vi har derfor gitt støtte til alle satsingsområda frå strategien, men har lagt ekstra vekt på kravet om å drive barnehagebasert kompetanseutvikling i tillegg til at barnehagane skal bli utvikla som lærande organisasjonar.

Ei hovudutfordring har vore å få barnehagane og kommunane til å forstå kva barnehagebasert kompetanseutvikling inneber og å synleggjere at dei jobbar i tråd med desse prinsippa i tillegg til prinsippa om lærande organisasjonar. Det er ei utfordring at fagmiljøa i mindre grad enn ønska er med inn i barnehagane, men heller tilbyr og gir kompetanseutvikling i form av kurs og konferansar.

Fylkesmannen har som eitt av fleire kompetanseutviklingstiltak, delt ut midlar til å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Det er stort engasjement i kommunane knytt til å få fleire tilsette til å ta fagbrev, og mange kommunar har samarbeidd om gjennomføring av kurs. 188 assistentar frå 14 kommunar i Rogaland har deltatt og bestått fagprøva i 2017. Fylkesmannen i Rogaland fekk kr 200 000 i supplerende tildelingsbrev då første tildeling ikkje var nok til å dekkje behovet for midlar.

I 2017 fekk Fylkesmannen totalt kr. 2 575 000 til tilretteleggingsmidlar til lokale prioriteringar. Kvalitet i barnehagane er avhengig av kompetanse og Rogaland manglar fortsatt padagogar. Derfor har vi i samarbeid med kommunane prioritert at desse midla skal gå til studentar som deltar i arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning og deltidsutdanning. Alle som søkte og var i samsvar med kriteria fekk midlar, totalt 101 studentar.

Når det gjeld vidareutdanning for lærarar, fekk 523 dette tilbodet i 2016- 2017. Det er ei auke frå året før då 478 lærarar fekk plass (året før det igjen fekk 430 lærarar plass). Om lag 100 lærarar fekk avslag på søknaden sin i 2016- 2017. Vi ser at søknadene er fleire enn det Udir kan tilby. Det er få som sluttar. Grunnen til at nokre sluttar, er i all hovudsak personlege årsaker. Det har vore positivt at Udir har overtatt tildeling av midlar til vidareutdanning og også tar seg av ev endringar i søknadene. Fylkesmannen har bidratt med informasjon om ordninga og tatt oss av tilbakebetaling av midlar for lærarar som har slutta. Vi får få spørsmål om ordninga frå skoleeigar, men kvart år har vi spørsmål frå lærarorganisasjonane som etterlyser felles regelverk i alle kommunane om kostgodtgjering, reise, opphald, o.l.

Vi har rådd skoleeigarane til å gjennomgå avtalane sine med lærarane for å vere i forkant med slike spørsmål. Dette gjeld også spørsmålet om kva tidsramme lærarane sitt frikjøp skal gjelde. (Til eksamen er tatt/til skoleårets slutt, etc).

Dei aller fleste kommunane har kartlagt, eller held på å kartleggje kompetansen til lærarane sine. Vi ser at lærarane i større grad søker dei prioriterte faga, norsk, engelsk og matematikk, og at skoleeigarane meir systematisk prioriterer desse faga.

Ordninga med vidareutdanning er godt kjent i Rogaland og Fylkesmannen har få spørsmål om dette. Dette tolkar vi positivt. Vi tipsar også nokre kommunar om fristane som er sette i søkjesystemet når vi ser at skoleeigar har oversett desse. Siden dette som regel gjeld mykje pengar, blir tipset særskilt godt mottatt!

I Rogaland har 10 deltakarar frå PPT deltatt på vidareutdanning hausten 2017. Våren 2017 gjorde 8 personar seg ferdige med vidareutdanning. Deltakarane er nøgde med tilbodet og vi har tildelt middel.

I 2017 fekk Fylkesmannen kr. 495 000 til støtte av etterutdanning for tilsette i PP-tenesta på prioriterte område. Midla blei fordelte på bakgrunn av søknad til Eigersund kommune/Dalane PPT, Strand kommune/Midt Ryfylke PPT, Stavanger kommune/Stavanger PPT, Vindafjord kommune/Vindafjord og Etne PPT, Sandnes kommune/Sandnes PPT, Randaberg kommune/Randaberg Rennesøy og Kvitsøy PPT og Rogaland PPT felles. Alle søknadene var i samsvar med kriteria. Vi ser stort engasjement i PP-tenesta knytt til kompetanseheving. Ei av utfordringane er at studietilboda innan SEVU-PPT ikkje er lagde til vår region/ Universitetet i Stavanger og Høgskolen Stord Haugesund. PP-tenesta har etablert godt samarbeid med Statped og nyttar m.a. tilbod om kompetanseheving frå dei. I 2017 utarbeidde PPT Rogaland i samarbeid med Fylkesmannen ein felles og rullerande kompetansehevingsplan for alle nyttilsette i PP-tenesta. PP-leiarnettverket har også arrangert større fagsamlingar for alle tilsette i PP-tenesta med tema knytte til områda i SEVU-PPT.

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad... (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjøre rede for i hvor stor grad de kommuner med lav kvalitet og kompetanse på barnehage- og grunnsopplæringsområdet som er fulgt opp, har økt sin kvalitet og kompetanse, og videre hvilke virkemidler og tiltak som har hatt god effekt.

På barnehageområdet har vi hatt særleg fokus på kommunar med lav kompetanse ved å vere "tett på" i m.a. nettverksmøte og samlingar. I tillegg har Fylkesmannen hatt møte med kommunar som ber om råd i enkeltsaker. Tilsyn er sjølv sagt eit godt virkemiddel for å medverke til god kompetanse og kvalitet i kommunane, og vi har gitt tilbod om deltaking/hospitering i tilsyn. Vidare har vi sett til at kommunar med lav andel av barne- og ungdomsarbeidarar har fått tilskott til å gjennomføre fagbrev for assistentar. Vi viser til pkt 3.1.4.1 om meir generelle tiltak for å medverke til auka kompetanse og kvalitet.

Tre kommunar er med i oppfølgingsordninga på grunnskoleområdet, og vi har hatt eigne møte med kvar kommune - i den eine berre med administrativ leing (rådmann og skolesjef), i dei to andre også med politisk nivå. Med bakgrunn i dei konkrete utfordringane i kommunen kravde vi så ein plan for tiltak som skulle ha politisk forankring. Det vart råd å gi litt økonomisk støtte til tiltaka gjennom midlar frå Udir, og vi meiner dette gjorde det enklare for kommunane å kome i gang. Ein av kommunane er med i Rettleiarordninga som hovudtiltak. Vi følgjer alle tre kommunane tett, men det er for tidleg å seie noko om effekt.

To andre kommunar er også følgde opp særskilt dette året, begge med bakgrunn i utfordringar knytte til skolefagleg kompetanse. Den eine kommunen skal slåast saman med nabokommunen frå 2020, den andre held fram som eigen kommune. Begge har inngått avtale om vertskommunesamarbeid med nabokommunen, i det eine tilfelle ber fram til samanslåinga. Samarbeidet vil sikre forsvarleg skolefagleg kompetanse i desse kommunane, men det er ikkje råd å vurdere korleis dette slår ut på kvaliteten i skolen på dette tidspunktet.

I samband med felles nasjonalt tilsyn i 2016, viste det seg at ein kommune hadde store vanskar med retting. Det vart også tydeleg undervegs at kommunen hadde vanskar på fleire område, m.a. knytt til trygt skolemiljø og opplæringstilbodet for minoritetsspråklege elevar. Vi har gitt mykje rettleiing, og i tillegg rådde vi kommunen til å søkje om deltaking i Læringsmiljøprosjektet. Vi har også støtta kommunen med midlar til å styrkje kompetansen når det gjeld opplæring for minoritetsspråklege elevar.

Det har vore naudsynt å følgje opp også andre kommunar med særskild rettleiing etter tilsyn. For ein kommune gjaldt dette rettleiing etter eit hendingsbasert tilsyn knytt til ulovleg bruk av tvang i opplæringa, og kommunen gjorde ein stor jobb både på den aktuelle skolen og på kommunenivå, m.a. med å styrke kunnskapen om regelverket og sikre forsvarlege rutinar og internkontroll. For ein annan kommune gjaldt rettleiinga eit tilsyn etter introlova. Vi hadde møte med rådmannen og dei to ansvarlege kommunaldirektørane for å medverke til at det vart sikra klare ansvarslinjer og forsvarleg kompetanse i utforming og gjennomføring av tilbodet. Det står att å sjå om dette vil gi betre kvalitet i opplæringa, her må vi truleg ha eit nytt tilsyn om eit år eller to.

Fleire kommunar har skolar med vedvarande høge mobbetal, og desse skolane er følgde opp med særlege tiltak. Kommunane får først eit brev frå Fylkesmannen der det går fram at vi vil ha eit møte med kommunen saman med dei aktuelle skolane. I møtet går vi gjennom grunnlaget for at skolen er vald ut. Deretter får kommunen legge fram sine eigne vurderingar av forholda, og kva kommunen meiner kan vere gode tiltak for å rette på forholda. Kommunane må innan ein gitt frist legge fram ein plan for Fylkesmannen for det vidare arbeidet for å rette på forholda. I nokre tilfelle følgjer vi opp med fleire møte. I 2017 er 15 skolar i 8 kommunar følgde opp. Vi valde å innrette arbeidet på denne måten etter at vi først starta med meir generell tilnærming då oppdraget kom. Det er ikkje råd å sjå konkrete forbetringar i Elevundersøkinga enno, men både skolar og kommunar har fått betre kunnskap og auka medvit om ansvar og tiltak.

Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt... (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gjøre rede for hvilke tiltak som er iverksatt for å bidra til implementering av ny rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Fylkesmannen i Rogaland har utarbeidd ein plan for arbeidet med implementering av rammeplanen. Denne planen er først og fremst eit verktøy i Fylkesmannen sitt arbeid med implementeringa, men også nyttig i informasjon til kommunane, Utdanningsdirektoratet og andre aktuelle aktørar.

Målet med planen er å medverke til at kommunane og barnehagane operasjonaliserer og realiserer den nye rammeplanen i barnehagekvardagen. Tiltaka i planen er primært retta mot å styrkje kompetansen til eigar og mynde. I nokre av tiltaka inkluderer vi også styrar, pedagogisk leiar og fagarbeidar, i tillegg til Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Vi meiner at kunnskap om implementering, barnehagebasert kompetanseutvikling og barnehagen som lærande organisasjon er viktig når ein skal sørgje for at rammeplanen sine mål og verdiar blir forstått og praktisert ute i barnehagane. Derfor har desse emna, i tillegg til sentrale og nye omgrep i rammeplanen, blitt presenterte av ulike fagmiljø.

For å få rammeplanen omsett i praksis er det også sentralt med felles forståing av innhaldet i og kunnskap om korleis rammeplanen blir broten ned til kvardagspraksis. Faglege innlegg på samlingar har derfor blitt etterfølgde av diskusjonar i grupper og plenum der temaet skulle konkretiserast med eksempel på god praksis. Slik operasjonalisering er viktig for å realisere planen ute i barnehagane, og dette arbeidet må sjåast i samheng med risikovurdering og tilsyn.

Implementeringa starta opp med Høyringskonferansen våren 2016, etterfølgd av saksbehandlarsamlingar, nettverk i kommunane, dialogmøte med UH-sektoren og kompetanschevande tiltak - alt med same mål som er gitt i planen vår for implementeringa.

Som kompetanshevande tiltak har vi samarbeidd med IMTEC om eit prosjekt der målet var å auke forståing hos barnehagemynden og barnehageeigar om implementeringsteori, barnehagebasert kompetanseutvikling og lærande organisasjonar. Prosjektet gjekk over 3 samlingar med 2 dagar i kvar samling, og dei fleste kommunane deltok.

Etter initiativ frå KS og Fylkesmannen har Rogaland etablert Kommunalt barnehageforum Rogaland (KB-R) med eit eige arbeidsutval og faste møte der alle kommunar er representerte. Dette er ein viktig samarbeidsarena for å setje i verk nasjonal barnehagepolitikk og finne gode regionale løysingar. Det er oppretta eit gjensidig samarbeid mellom Universitetet i Stavanger, Høgskolen på Vestlandet, Fylkesmannen og kommunane i Rogaland. Vi møtest til to dialogmøte årleg for å sjå til at blant anna studietilboda og praksisbarnehagane gjenspeglar den nye rammeplanen. Dialogmøta er organisert slik at Høgskolen på Vestlandet, Fylkesmannen og kommunane nord i fylket har eigne dialogmøte, medan Universitetet i Stavanger, Fylkesmannen og fire kommunar sør i fylket har eigne dialogmøte. Denne inndelinga er gjort av omsyn til geografi og tilhøyring.

Barnehagekonferansen har gjennom fleire år vore ein fagleg møteplass for tilsette som jobbar med barn i Rogaland. Tema for konferansen i 2017 var implementering av rammeplanen, og Utdanningsdirektoratet hadde innlegg saman med fleire andre om nye omgrep og tema i rammeplanen. Det var 650

deltakarar på konferansen.

Fylkesmannen har også utarbeidd ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling. Denne planen er forankra i *Kompetanse for fremtidens barnehage* og skal sikre eit meir langsiktig og systematisk arbeid med kompetanseutvikling i fylket. Denne planen og plan for implementering må sjåast i ein samanheng.

Vi har fått gode tilbakemeldingar frå barnehagesektoren om arbeidet vårt med implementeringa. Vi er tydelege på at dette er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som skal gå over lengre tid. Alle nivå i barnehagesektoren skal bidra til at rammeplanen sine intensjonar blir iverksette og realiserte. Vi er opptatt av at det går ein «rød tråd» frå formålsparagraf og rammeplan til nasjonale tiltak, strategiar og satsingar, og at desse må så sjåast i samanheng med lokale planar og prioriteringar.

Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring... (fra kapittel 7.3.8.10 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en vurdering av arbeidet med ny modell for styring og finansiering av kompetanseutvikling i grunnopplæringen, og særleg trekke fram resultater fra arbeidet med desentralisert ordning for kompetanseutvikling og oppfølgingsordninga.

Fylkesmannen var, i samråd med Udir, tidleg ute med brev til kommunane med informasjon om den nye ordninga. Brevet vart også delt med andre embete. At vi var så tidleg ute, gjorde at vi kom godt i gang med prosessane og arbeidet med den nye etterutdanningsordninga.

Skoleeigarforum Rogaland, der alle offentlege skoleeigarar er med, avgjorde at samarbeidet om etterutdanning skulle forankrast i dei tre etablerte og godt fungerande nettverka i fylket. Nettverka oppretta så eigne arbeidsutval for arbeidet med ny regional ordning for etterutdanning og fekk med UH-sektoren allereie frå første møte. Fylkesmannen tok også initiativ til å samle friskolane i eit eige nettverk. Det vart særst godt mottatt.

Fylkesmannen deltar i alle nettverka sine arbeidsutval. Dette har vore nyttig, fordi vi då kan avklare problemstillingar og utfordringar direkte i desse møta. Fylkesmannen får også høve til å sjå til at dei regionale nettverka arbeider etter intensjonane om skolebasert kompetanseutvikling med utgangspunkt i ein heilskapeleg plan slik at midla kjem flest mogleg lærarar til gode. Arbeidet går godt, og vi ventar at fleire tiltak kjem i gang våren 2018. I privatskolenettverket var tiltak sette i verk allereie hausten 2017.

Vi har møtt nokre problemstillingar når det gjeld tildeling av midlar. Kommunar, private skolar og UH-sektoren har sine eigne økonomireglement å ta omsyn til, men dette er løyst med god dialog. Kommunane er kritiske til at UH-sektoren kan ta "overhead" medan kommunane ikkje får bruke midlar til administrasjon i det heile. Dei held fram at det burde vere rom for å bruke litt midlar til administrasjon av nettverka. Det har vore nødvendig for Fylkesmannen å minne om at kostnader til administrasjon ikkje ligg i denne ordninga.

Vi har kravd at alle nettverka skal lage ein plan for organisering av ordninga og for kva tiltak som skal setjast i verk. Fylkesmannen har gjennomgått planane og gitt tilbakemelding på kva som må rettast før vi utbetalar midlar. Vi har vurdert planane ut frå intensjonane i ordninga, og at det ikkje tildelt noko til administrasjon av ordninga i kommunane. Alle har gitt oss ny tilbakemelding, sjølv om dei nok meiner at vi har sett høge krav til innhaldet i planane. Alle kommunane er nok ikkje like nøgde med oss i denne prosessen, men det har vore naudsynt å vere tydeleg, og dei er meir nøgde no. Midla er tildelt etter nøkkelen om heile årsverk i nettverka. Denne fordelinga er alle nettverka einige i. Etter vårt skjønn er dette oppdraget løyst på godt vis til no.

Når det gjeld oppfølgingsordninga, viser vi til rapport i kap 7.3.8.8.

Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen... (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i landbruksavdelingen per 31.12.2016, antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2016, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i fylket.

Årsverk i landbruksforvaltningen mm.

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos FM per 31.12.2017	23.8
Antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2017	51.2
Antall enheter/landbrukskontor i fylket per 31.12.2017	20.0

Fylkesmannen si landbruksavdeling hadde pr 31.12.2017, 23,8 årsverk og av desse er 2,5 årsverk eksternt finansiert. Tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane var pr 31.12.2017, 51,2 årsverk. Det er totalt 20 landbrukskontor i fylket. I tillegg er det to kommunar som har ein liten del av ein stilling med ansvar for landbruksforvaltning, en der dei store oppgåvene som til dømes tilskotsforvaltninga er tenester dei "kjøper" frå andre kommunar.

Rapporter på antall årsverk i avdeling... (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning.

Har ikkje reindriftsforvaltning i Rogaland.

Årsverk i reindriftsforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos FM per 31.12.2017	0.0

Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis... (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

Rapportere på

Ressurser avsatt til kontrollarbeid skal oppgis, fordelt på årsverk og antall personer.

På grunn av sjukemeldingar har vi hatt noko redusert kapasitet i 2017.

Ressurser avsatt til kontrollarbeid

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	1.1
Antall årsverk avsatt til kontroll hos FM i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	10.0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2017 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0.0

Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett... (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**Rapportere på**

Rapporter på tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsvegnett, herunder omfang (kilometer/kroner) for nybygging, ombygging og vedlikehold av skogsvegnettet.

Vegbyggingsaktiviteten har gått litt ned samanlikna med 2016. Totalt er det ferdigmeldt 10 km med skogsbilveg og traktorveg i 2017. Det blei ferdigmeldt 6 km med skogsbilveg, der mesteparten har vore ombygging (5 km) frå traktorveg til skogsbilveg. Kostandane for nyanlegg for skogsbilveg utgjør 1300 kr/meter. Ombygging til skogsbilveg ligg i gjennomsnitt på 600 kr/meter.

Rogaland er eit fylke med låg skogsbilvegdekning der det er store behov felles vegløyningar uavhengig av eigedomsgrenser og modernisering av eksisterande skogsvegnett. Hovudplan for skogsvegar som no er på plass i alle dei viktigaste kommunane, og er styrande for den vidare skogsvegutbygginga. Realisering av hovudplanane er tidkrevjande arbeid og krev mobilisering for å få gjennomslag for dei beste vegløyningane. Situasjonen i dag er at mange kommunar står utan skog- og vegkompetanse til å ta tak i dette viktige arbeidet. Vegplanleggarane blir difor nøkkelpersonar for å drive fram gode skogsvegløyningar i samarbeid med kommunane. Vi ser gode resultat av oppbygging av kompetanse og kapasitet på skogsvegbygging/vegplanlegging – blant anna gjennom samarbeid om ein 50 % vegplanleggarstilling kombinert med skogforvaltningsoppgåver i Hjelmeland kommune. I tillegg hadde vi samarbeid om ein vegplanleggarstilling i samarbeid med Hordaland og Sogn-Fjordane, men dette samarbeidet gjekk i oppløysing midtvegs i 2017 på grunn av overgang til ny og fast jobb. Det betyr at vi no er inne i ein situasjon med vesentleg redusert kapasitet på vegplanlegging. Vegplanleggarane har vore flinke til å ta tak i store og viktige vegplanlegg, som vi har prioritert og følgd opp med tilskotsmidlar. Den store utfordringa med desse stillingane er at det er prosjektbaserte løysingar med kort tidshorisont. Det hadde difor vore ønskeleg med vesentlege meir permanente og varige løysingar for å sikre god bruk av tilskota til infrastrukturtiltak. Vi vil arbeide for å auke kapasiteten på vegplanlegging i samarbeid med nabofylka.

Det er gjennomført vedlikehaldskontroll på i alt 7 større skogsbilveganlegg. 5 av 7 vegelegg fekk pålegg om vedlikehaldstiltak. Vedlikehaldskontrollane og rapportane frå kontrollen erlagt inn i ØKS for vidare oppfølging. Erfaringa frå kontrollen var gode, og vi registrerte at fleire var godt i gong med vedlikehald allereie på kontrolltidspunktet.

Nasjonalt har det foregått eit stort arbeid med å få oppskrive vegnettet til 24 meter og 60 tonn for 7-aksla tømmervogntog. Ca 15-20 % kostnadsgevinst med å få køyra med 60 tonn samanlikna med 50 tonn. Realitetane i Rogaland er at kostnadsgevinsten her er enda større fordi lengderestriksjonar ofte er den største flaskehalsen på både kommunale og fylkeskommunale vegar. Dei offentlege vegane i Rogaland har ei stor andel med lengdebegrensning - 12,4 meter og 15 meter. Det betyr at ein ikkje kan transportere tømmer med hengar/fulle vogntog. Hovudutfordringa i Rogaland vil i fyrste omgang vere å få bruka vogntog i heile tatt, og ikkje aksellast og totalvekt. Vi har no jobba fram ei prosjekt i lag med skognæringa og i samarbeid med Kystskogbruket som skal avklara kva vegar som administrativt kan oppskrivast til 19,5 meter utan tiltak, og kva vegar det må fysiske tiltak til. Oppstart vil vere mars/april 2018.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart... (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Eventuelle kommuner i fylket som ikke har ajourført AR5 og sendt nye jordregisterfiler til Landbruksregisteret (Lreg).
- Eventuelle utfordringer kommunene har med ajourføring av arealressurskart (AR5).

Desse kommunane har ikkje levert ajourhald av AR5 i 2017: **Forsand, Finnøy og Utsira.**

Desse kommunane har ikkje sendt inn nye jordregisterfiler til landbruksregisteret: **Forsand, Finnøy, Gjesdal, Sola, Strand og Utsira.**

Utsira er så liten at dei ikkje treng å sende inn oppdateringar kvart år.

Det er først og fremst kommunar med lite kompetanse eller ressursar på kartsida som heng etter med ajourføringa av AR5 og landbruksregisteret. Nokon er av midlertidig art, mens andre er meir kroniske. Forsand og Finnøy skal slåst saman med andre kommunar i 2020, og då blir vi kvitt dei verste gjengangarane. Med unntak av Utsira reknar vi med at dei andre kommunane sender inn oppdaterte data i 2018.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Kommuner uten ajourføring/oppdatering	Antall kommuner som ikke har ajourført/oppdatert	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	12 %	3	26
Jordregister tilstand	23 %	6	26

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren... (fra kapittel 7.3.9.6 i TB)

Rapportere på

Beskriv kort arbeidet med klimatiltak innenfor landbrukssektoren, og gi en vurdering av måloppnåelse for miljøvirkemidlene.

Skogbruk

Utviklinga i det ordinære skogbruket er ikkje berekraftig. Ubalansen mellom hogst og investeringar i ny skog held ikkje tritt med rekordstor hogstaktivitet over mange år. Store og høgproduktive areal gå ut av skogproduksjon.

Statistikken og ein analyse av utviklinga dei siste 10 år viser eit total hogstareal etter barskoghogst på om lag 32 000 dekar der;

- 12 000 dekar blitt forynga med nykvalitetsskog
- 10 000 dekar har blitt omdisponert til andre formål – mest jordbruksformål. Ein god del av dette arealet er ennå ikkje er godkjent/held krav til blant anna innmarksbeite.
- 10 000 dekar seilar sin eigen sjø utan tiltak, der krattskog og ukrut tek overhand.

Dette betyr at relativt store høgproduktive areal går ut av skogproduksjon. Avskoging av høgproduktive areal, og areal utan aktive foryngingstiltak bidreg til auka utslepp av CO2. Klimanytten svekkast ytterlegare ved at den mest produktive skogen i stor grad hoggast lenge før den er hogstmoden og når tilveksten er på sitt beste. Det å unngå tidleg hogst av skog i sin beste alder og produksjon vil vere eit svært effektivt klimatiltak som vil virke frå dag 1. Samanlikna med gjødsling i skog som klimatiltak på austlandet der ein oppnår 1-2 m3/dekar ekstra etter 10 år, vil det å vente 1 år med hogst på høgproduktive areal med gran på vestlandet gi minst same tilvekst og klimanytte allereie etter eitt år.

Tilskot til tettare planting som klimatiltak er positivt. Men for Rogaland med svært gode forhold for skogproduksjon, har eit utplantingstall på rundt 250 planter/dekar i stor grad vore hovudregelen og praksis over lengre tid. Tilskotet til tettare planting vil difor isolert sett ha relativt liten effekt hos oss, fordi svært mange plantefelt uavhengig av ordninga ligg godt over innslagspunktet for å få tilskot til tettare planting. Men for motivasjon og fokus på skog som eit viktig og kostnadseffektivt klimatiltak er ordninga svært positiv – spesielt i onråder med svake tradisjonar for skog.

Planting på nye areal (klimaskogprosjektet)

Pilotprosjektet «Planting av skog på nye arealer som klimatiltak» har i 2017 planta over 1000 dekar, og dermed nådd målsettinga for 2017. Dette har gitt mange erfaringar både med kostnader knytt til felta, saksbehandling og ressursbruk for kommunane. Prosjektet har opplevd auka interesse frå grunneigarar i 2017, som eit resultat av oppsøkande verksemd. Prosjektet søkte difor om meir midlar frå sentral prosjektleiing, noko som har blitt innvilga. Det er forventna auke i planta areal i 2018.

SMIL

Rogaland fekk tildelt 7,8 mill. kr. i SMIL-midlar i 2017. Med unytta midlar frå 2016 og inndratte midlar hadde Rogaland 11,045 mill. kr. til disposisjon i 2017. Løyvingane til SMIL-tiltak i 2017 var 10,71 mill. kr. Dette blei fordelt på 138 søkjarar.

Fylkesmannen informerte kommunane i 2016 at vedtak etter SMIL-forskrifta utan ein politisk godkjend SMIL-strategi er å anse som eit ugyldig vedtak. Med unntak av ein kommune har alle kommunane i Rogaland ein gyldig lokal SMIL-strategi.

Fordelinga av løyvde SMIL-tilskot 2017

Tiltak	kr 2016	andel	kr 2017	andel	Kulturlandskapstiltak	6 356 000	59,5%	5 424 000
50,6%	Miljøtiltak	2 302 000	21,6%	4 470 000	41,7%	Planleggingstiltak		2 019 000
18,9%	816 000	7,6%	Sum	10 677 000		10 710 000		Tal
søkjarar	141		138					

a - SMIL til kulturlandskapstiltak (50,6%)

- 21% gjekk til tiltak og skjøtsel etter naturmangfaldlova. 21% av desse midlane blei løyvd til tiltak for å ivareta biologisk mangfald. Løyvingane er spreidd over heile fylket.
- 3% gjekk til tilrettelegging for opplevingar og ferdsel i kulturlandskapet. Etter mange års satsing på turstiar i Rogaland er det ikkje uventa at det er ei nedgang i tiltak på turstiar i fylket.
- 26% gjekk til restaurering av bygningar og andre kulturminne. Ivaretaking og synleggjering av heilskapen i kulturlandskapet er viktig. Fylkesmannen har likevel oppmoda kommunane til å prioritere løyvingar til tiltak innan biologisk mangfald og ureining framfor bygningar.

b - SMIL-tilskot til miljøtiltak: 2,3 millionar (41,7 %)

Tiltak innan ureining har hatt eit særskilt fokus i Rogaland dei siste åra. Løyvingane mot ureining var i 2016 på 21,6% av samla disponible midlar. Målet på minst 30 % til ureiningstiltak for 2017 blei nådd med god margin. Løyvingane til ureiningstiltak er i hovudsak i kommunar med størst utfordringar etter vassforskrifta. Det er løyvd SMIL-midlar til 7 nye reinseparar og 11 hydrotekniske anlegg samt 8 sakar i samband med oppsamling frå veksthus.

c - SMIL til planlegging og tilrettelegging (7,6%)

Tilretteleggingstiltak legger til rette for at aktive bønder kan søkja SMIL til tiltak som kjem fram av plana på eigen gard. Døme på tiltak er mellom anna overordna skjøtelsplanar, kart over turstiar, ferdsels- og informasjonstiltak,- og planlegging av samordna tiltak mot ureining over større område.

SMIL er ein god innfallspurt til positive tiltak for kulturlandskapet som til dømes restaurering av habitat for biologisk mangfald, gjennomføre ureiningstiltak eller tilrettelegging for friluftsliv. Skjøtsel- og vedlikehaldskrava i RMP bidrar til å sikre at SMIL-investeringar blir ivaretekne og vedlikehalde. Denne «symbiosen» er sær viktig for å gi heilskap i tilskotsordningane SMIL og RMP.

Tilskot til drenering

Rogaland fekk ikkje fekk tildelt friske midlar våren 2017 men hadde 5,4 mill. i unytta og inndregne midlar frå tidlegare år. Endringane i satsen for dreneringstilskot sommaren 2017 førte raskt til stor aktivitet på søknadar om drenering. Rogaland søkte og fekk løyvd totalt 3 millionar frå Landbruksdirektoratet hausten 2017. Av dei totalt 9,716 millionar Rogaland hadde til disposisjon til drenering i 2017 ble det løyvd 7,7 millionar fordelt på

336 søkjarar. fleire kommunar ikkje fått handsama alle innkomne søknadar på tilskot til drenering ved utgangen av 2017. Dette skuldast at sakshandsaming på RMP og produksjonstilskot måtte prioriterast.

Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven... (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

Beskriv kort arbeidet med saker etter naturmangfoldloven, verneplaner, energisaker og konsekvensutredninger som berører landbruk.

Skog

Det har vore relativ stor aktivitet rundt arbeidet med skogvern med i alt 11 større og mindre område som er aktuelle for skogvern. Det varierer kor langt dei ulike områda er komen i prosessen, men 2 av de større områda er i slutfase. Alt arbeid med skogvern er basert på prinsippa for frivillig vern. Skogeigarsamvirke - Vestskog SA har ei sentral rolle i prosessen, og for å skaffe fram aktuelle areal. Arbeidsmetoden og opplegget rundt frivillig vern har fungert godt.

Det har ikkje vore saker etter landbruksvegforskrifta der krav om konsekvensutgreiing slår inn – landbruksvegar over 5 km.

Nydyrking

Det blei i 2017 sett fokus på krav til konsekvensutgreiing i nydyrkingsaker. Her er det få erfaringar i Rogaland og i landet for øvrig, og vi ser behov for betre rettleiing på temaet. Omsyn til naturmangfold og krav til konsekvensutgreiing var tema som blei tatt opp då vi arrangerte fagdag for nydyrking hausten 2017.

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning... (fra kapittel 7.3.9.8 i TB)

Rapportere på

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Avløysartilskott ved sjukdom og fødsel mv.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at ordninga er ganske krevjande for kommunane. Fleire kommunar meiner at dei forenklingane som vart gjennomført i siste tid har ført til mykje meir arbeid for dem. Det er også varierende kvalitet på arbeidet i kommunane. I 2017 har vi gjennomført risikobasert forvaltningskontroll innan sjukdomsavløsning. Vi har kontrollert tre kommunar.

Fylkesmannen prøver med god rettleiing og god dialog til å bidra til god forståing av ordninga.

Tidlegpensjon til jordbrukarar

Fylkesmannen har gjennomført kontroll i 2017 av tidlegpensjonsmottakaranes inntekter i 2015. Vi har kontrollert 4 brukare av 166 som var på Skattedirektoratet si liste for 2015. Vi har kontakta brukarane direkte med brev. Alle har svart innan fristen og har sendt dokumentasjon. Basert på kontrollen har Fylkesmannen registrert avvik i ein sak. Det viste seg at Fylkesmannen hadde gjort eit vedtak om tidlegpensjon i strid med regelverket og vi omgjorde vårt første vedtak.

I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt... (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

Rapportere på

I henhold til tabell i årsrapport skal det gis en oversikt over og en vurdering av klager og dispensasjonssøknader behandlet av fylkesmannen.

Produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved ferie og fritid

Dei fleste klagesaka omhandla avkorting på grunn av brot på forskrift om gjødslingsplanlegging, brot på dyrevelferdsregelverket eller avkorting på grunn av feilopplysningar.

Vi har i 2017 behandla 5 dispensasjonssaker som omhandla søknadsfrist. Vi fekk vidare mange dispensasjonssaker på grunn av nedbørsmengda som var i året 2017. Herunder omhandla 10 av sakene dispensasjon frå kravet om aktiv drift, og 50 omhandla dispensasjon frå kravet om tal veker beitetid for å kunne få beitetilskotet.

Frist for miljøvennleg gjødselspreiing ble utsett frå 10.august til 1. september som følgje av den ekstraordinært våte summaren.

Klage- og dispensasjonssaker

Betegnelse på rapporteringskrav	Klager medhold	Klager delvis medhold	Klager avslag	Klager under behandling	Dispensasjoner innvilgelse	Dispensasjoner avslag
Produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid	0	0	7	6	59	7
Avløsning ved sykdom og fødsel mv.	1	0	2	0	22	1
Tidligpensjon for jordbrukere	1	0	0	0	0	1
Regionale miljøtilskudd	0	0	0	0	3	3
SMIL	0	0	0	0	0	1
NMSK	0	0	0	0	0	0

PT: 3 dispensasjonssaker blei i tillegg delvis innvilget og delvis avslått. 1 dispensasjonssak som gjaldt beitetidskravet blei behandla ferdig i 2018 (delvis innvilget og delvis avslått).

Rapporter i henhold til tabell... (fra kapittel 7.3.9.10 i TB)

Rapportere på

Rapporter i henhold til tabell:

- Antall mottatte redegjørelser fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt søker), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).
- Antall mottatte redegjørelser fra kommunene i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse skal sendes FM i PT-4100B), samt antall kommuner som har sendt dette (søknadsomgangen januar 2017).

Dette gjelder reindrift og er uaktuelt i Rogaland.

Avkortinger produksjonstilskudd

	Antall mottatte redegjørelser	Antall kommuner som skulle sendt redegjørelse	Antall kommuner som har sendt redegjørelse
Redegjørelse fra kommunen for avkortning av tilskudd (kopi av brev som er sendt til søker)	32	16	10
Redegjørelse fra kommunen i saker hvor det ikke avkortet selv om det er avdekket avvik som ville medført merutbetaling (begrunnelse i PT4100B)	382	26	25

Når det gjeld kopi av vurderingar av avkortning av tilskott fekk vi inn kopi av brev i 32 av dei 46 søknadane som blei avkorta. 15 av dei 32 avkortingane som blei gjort omhandla brot på Mattilsynets regelverk, 2 omhandla brot på anna regelverk, og resten gjaldt avkortning på grunn av feilopplysningar. Når det gjeld vurderingar av kvifor det ikkje blei avkorta i visse saker i søknadsomgangen januar 2017, knyta fleire seg til at søkjar hadde meldt frå om feilen sjølv, at opplysningane blei retta før søknadsfristen, og at det var nokre som hadde søkt om tilskott til økologisk ved ei misforståing. Det var 6 kommunar som ikkje hadde gjort noko avkortning i tilskottsøknadene i denne søknadsomgangen.

Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering... (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet egenvurdering av hvordan arbeidet med 0-24 samarbeidet har fungert i henhold til embetets målsettinger og ambisjoner. Herunder skal det framkomme hvilke egne mål som er satt for arbeidet. I egenvurderingen skal fylkesmannen vurdere hvilke tiltak som har gitt de beste resultatene og i størst grad bidratt til samarbeid og samordning i og mellom kommuner og fylkeskommunen, tjenester og institusjoner som arbeider for og med utsatte barn og unge og deres familier.

Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland har vore eit treårig prosjekt med følgjande målstjng:

Alle barn og unge i Rogaland har ein trygg oppvekst og får forsvarleg tenestetilbod der dei bur. Barnekonvensjonen er kjend og forande for alt arbeid retta mot barn og unge både i kommunane, fylkeskommunen og i fylkesmannsembetet. Tverrfagleg samarbeid har tenleg omfang og er rutinert, effektivt og godt. Utsette barn og unge får tidleg og rett hjelp.

Samordna innsats mot kommunar og fylkeskommunen har i stor grad blitt ivaretatt gjennom satsinga Sjumilssteget for god oppvekst i Rogaland. I kommunane si kartlegging av tenestetilbodet til barn og unge er det avdekt mangelfullt samordna tenestetilbod, og det er sett søkjelys på desse utfordringane og aktuelle tiltak i alle koordinatorsamlingane med kommunane undervegs i prosjektet.

Gjennom kommunane sine kartleggingar har det også kome fram at få kommunar har hatt handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Gjennom koordinatorsamlingane har kommunane fått høve til erfaringsutveksling saman med kvarandre og Fylkesmannen når det gjeld planarbeid.

Prosjektet Sjumilssteget går no over i ordinær drift. Det er etablert ei intern arbeidsgruppe som skal ha ansvar for implementering av barnekonvensjonen både internt og eksternt. Dette arbeidet skal koplatt opp mot 0-24 samarbeidet, og avdelingane sine oppgåver innanfor 0-24 samarbeidet skal samordnast i den interne *Barnekonvensjonen i praksis*-gruppa.

Det har vore nødvendig å finne ei felles plattform for at alle avdelingane skal kjenne tilhøyr til arbeidet. Barnekonvensjonen gir ei slik felles plattform. Arbeidsgruppa kan hjelpe med kunnskap om barnekonvensjonen og kreative, tverrfaglege diskusjonar for å kome fram til ei felles problemforståing. Dette er viktig også ut frå eit folkehelseperspektiv og ein tanke om at tiltak som gjeld alle barn, også vil kome utsette barn til gode. I tillegg vi vi ha eit spesielt blick for situasjonen for utsette barn og unge.

Fylkesmannen har deltatt i prosjektgruppe for BTI. Denne samhandlingsmodellen for tidleg, heilheitleg og koordinert tverrfagleg innsats overfor barn og foreldre er godt etablert i kommunane i Helse Fonna-området. Det er samarbeid med fylkesmannen i Hordaland og KoRus i Rogaland og Hordaland om felles innsats retta mot kommunane. I 2017 har Fylkesmannen i Rogaland saman med KoRus også invitert kommunar i sørfylket med i BTI. Haugesund kommune har i samarbeid med Comexus utvikla Stafettloggen, eit elektronisk verktøy til hjelp i tverrfagleg samarbeid. *Stafettloggen* er godkjend på tryggleiksnivå 4 og er dermed svært tenleg i saker der teieplikta kan hindre og samordning til beste for barnet. Med samtykke frå foreldre blir det altså oppretta ein "stafettlogg" der ansvar for tiltak er fastsett, alle tiltak er gjort greie for, og opplegg for evaluering inngår. Den som er tettast på barnet, har ansvar for loggen gjennom barnehage og grunnopplæring. Loggen skal sikre samhandling og informasjonsflyt mellom foreldre, barn/elevar og ulike faggrupper i kommunen. Målet er å hindre brot i oppfølginga. Fylkesmannen har medverka til å spreie informasjon om dette verktøyet i fleire samanhengar, og mest 30 kommunar og ein fylkeskommune brukar no dette verktøyet.

Kunnskap om reglane for teieplikt og meldeplikt er ei stadig utfordring i det tverrfaglege arbeidet knytt til det enkelte barn. Fylkesmannen og KoRus vil derfor utarbeide ein opplæringspakke om desse emna for å trygge tenestene og medverke til at barn får rett hjelp til rett tid. Fylkesmannen i Hordaland og Bergensklinikkene er også med i dette arbeidet.

Fylkesmannen v/Helse-, sosial- og barnevernavdelinga og Utdanningsavdelinga har etablert nettverk med Rogaland fylkeskommune, Bufetat og Bufdir. Målsetjinga er å gjere kjend den digitale rettleiarer for samarbeid mellom skole og barnevern. I tillegg set vi særleg søkjelys på opplæring for barn som bur i institusjon, og vi gjennomførte to fagsamlingar der tilsette på institusjonane inkl. skoleansvarleg, PPT (fylkeskommune og kommune), fylkeskommunen og kommunane deltok.

Etter vår vurdering har Sjumilssteget vore eit viktig tiltak for styrkje samarbeid om og samordning av tenestetilbodet til utsette barn og unge. Men også dei

andre tiltaka vi nemner her, har effekt, sjølv om det er vanskeleg å sjå resultat på kort sikt.

Interne tiltak for implementering av barnekonvensjonen har medverka til felles fokus på rettane til barn og unge. Vi har hatt ein felles verksemdsplan som har fungert bra for å synleggjere dei ulike avdelingane sine ansvarsområde mot barn og unge. Tiltak i verksemdsplanen som har gitt gode resultat, er til dømes:

- etablerte rutinar for å sikre at barn har fått medverke i planarbeid
- rutinar for å sikre at barn blir høyrde i klagesaker
- barns behov skal vere vurdert i alle saker om stønad knytt til Lov om sosiale tjenester i NAV
- barn blir høyrde ved oppnemning av verje
- kurs i samtalar med barn i regi RVTS
- lunsjmøte på tvers i embetet for å knyte BK opp mot konkrete arbeidsområde i avdelingane
- rutinar for å sikre tryggleik for barn som deltek i gardsarbeid
- grunnkurs i heile embetet om barnehagelova og opplæringslova
- kompetanseheving om rettane for barn med funksjonshemmingar, flyktningar og asylsøkarar
- involveringsprosjektet som har hatt fokus på involvering av pasientar, brukarar og pårørande i tilsyn har medverka til at barnet si meining er kome fram i tilsyn med undersøkingsaker i barnevernet

Gjennom klagebehandling etter kap 9A og kap 5 i opplæringslova ser vi tydeleg at samordning av tenestetilbod for utsette barn og unge er ei utfordring for kommunane. Innanfor desse tenestene er det ofte heilt avgjerande at ein utvekslar informasjon og kompetanse mellom etatane og verksemdene for å avdekkje behov og setje i verk dei rette tiltaka. I samband med sjumilsstegskartlegginga såg ein tydeleg at der ein manglar forankring i strategiske planar på dette området, kan ein utvikle eit sprikande tenestetilbod der det tverrfaglege samarbeidet blir etablert først etter at behova blir synlege. IP burde i langt større grad vore brukt som verktøy i denne samanhengen.

Fylkesmannen skal også kort redegjøre... (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal også kort redegjøre for områder der det er særlege utfordringer knyttet til tenestetilbud for utsatte barn og unge.

Ei av dei store utfordringane i fylket i følgje *Brukarplan* er å fange opp rus og psykisk helseproblematikk i ei tidleg fase. Fylkesmannen har i ei årrekke hatt ei kompetansegruppe for rus og psykiske helse i samarbeid med KORUS region vest, kommunane, brukarorganisasjonar, helseforetak, universitet og høgskule, NAPHA, KORFOR m. fl. Dei siste tre åra er også Fylkesmannen i Hordaland og Husbanken inviterte med.

Trass i fokus på og tiltak retta mot opplæring for barn og unge i barnevernet, ser vi at det knytt stor risiko til denne gruppa. Barna/dei unge har ulike utfordringar, og det er krevjande å administrere tenestetilbodet raskt nok til at det er tilfredstillande. Barna/ungdommane har behov for at opplæringstilbod kjem på plass straks, og dei har i tillegg ofte behov for tverrfagleg tenester som helse, psykiatri og oppfølging i fritida. Dette er også ei gruppe som viser igjen i tal over fråfall i vidaregåande skole.

Det siste året har vi hatt fleire saker knytte til elevar som ikkje kjem på skolen. Sakene gjeld både elevar i grunnskole og i vidaregåande skole. Skolevegring krev stor innsats i mange kommunar, og det er vanskeleg å finne løysingar som gjer at ein lukkast.

Tal frå Ung-data viser auke i talet på elevar som har psykiske vanskar. Dette gjeld oftast jenter som opplever stort forventningspress frå mange hald, både i skole og fritid.

Vi ser at elevar som har behov for og rett til spesialundervisning i skolen, er ei sårbar gruppe. Kapasitet og kompetanse i PP-tenesta er ein viktig føresetnad for å ivareta rettstryggleiken til barn og unge med særlege behov. Rogaland har for få pedagogar med kompetanse i spesialpedagogikk. Dette gjeld også synspedagogar, teiknspråklærarar og pedagogar med kompetanse i ASK.

Etter Fylkesmannen sitt syn er det behov for avklaring i regelverket om bruk av makt og tvang i opplæringa overfor elevar med psykisk utviklingshemming. Vi har gjennomført fleire hendingsbaserte tilsyn, og blir ofte bedt om å formidle informasjon om dette emnet på samlingar. Fleire kommunar ber også om rettleiing i konkrete saker på dette området. Etter vår vurdering er det stort behov for kompetanse både til å førebyggje at situasjonar oppstår og til alternativ handtering.

Samordning av tenestetilbod for utsette barn og unge er ei utfordring for kommunane. Innanfor desse tenestene er det ofte heilt avgjerande at ein utvekslar informasjon og kompetanse mellom etatane og verksemdene for å avdekkje behov og setje i verk dei rette tiltaka. I sjumilsstegskartlegginga såg vi tydeleg at der ein manglar forankring i strategiske planar på dette området, kan ein utvikle sprikande tenestetilbod der det tverrfaglege samarbeidet blir etablert først etter at behova blir synlege.

Gjennom klagebehandling både på kap 9A og kap 5 i opplæringslova ser vi også tydeleg at samordning av tenestetilbod for utsette barn og unge er ei utfordring for kommunane.

IP (Individuell plan) kan vere eit svært godt verktøy i arbeidet med barn med samansette og langvarige vanskar, men dette blir brukt og utnytta i altfor liten grad. Kommunane er ikkje godt nok kjende med IP som eit lovpålagt verktøy, og vi erfarer at terskelen for å bruke det er for høg.

Gjennom Helsedirektoratet si tilskotsordning til *personar med langvarige og sammansette behov og utsette barn og unge* har fylkesmannen gitt midlar til ulike samhandlingstiltak mellom kommune og spesialisthelseteneste. Fylkesmannen ser med bekymring på ei utvikling der fleire alvorlege tilsynssaker handlar om manglande samhandling mellom forvaltningsnivå og internt i begge nivå overfor unge med adferdsvansker, rus, psykiske vanskar og kontakt med barneverntenesta

Ein stabil busituasjon i eit trygt boemiljø er viktig for barn. Fylkesmannen har difor saman med Husbanken i 2017 hatt særleg merksemd på at ingen familiar med barn skal bu i mellombels bustad meir enn 3 månadar. Dette er eit tema som er sett på dagsorden overfor både politisk og administrativ leiing i kommunane, og i fylket er det no gjennomgåande at ingen barnefamiliar bur i mellombels bustad lenger enn få dagar. Husbanken og Fylkesmannen i ei samordningsrolle har gjennom et eige kommuneprogram for dei største kommunane hatt fokus på at vanskelegstilte barnefamiliar skal kunne kjøpe eigen bustad.

Elevar melder frå om at helsesøster er svært viktig for dei som eit lågterskeltilbod. Det er ei utfordring at det er så store skilnader mellom kommunar og skular på helsesøsterdekning.

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet for å bedre opplærings situasjonen og skoleresultatene til barn og unge i barnevernet. Herunder bes det om en redegjørelse for status rundt embetets arbeid med informasjon og motivasjon til bruk av veilederen «Samarbeid mellom skole og barnevern – En veileder».

Fylkesmannen i Rogaland har etablert samarbeid med Bufetat Region Vest og Rogaland fylkeskommune om tiltak for risikoutsette barn og unge. Vi har jamlege samarbeidsmøte og hadde seks møte i 2017. Hovudmålet vårt er å gjere kjent rettleiaren "Samarbeid mellom skole og barnevern". Dette året har vi særleg hatt fokus på opplæring for barn i barneverninstitusjonar. Vi opplever at det er stor fagleg nytte at dette tverrfaglege samarbeidet.

I 2017 gjennomførte vi ein fagdag for tilsette i kommunane, fylkeskommunen, m.a. skole, PPT, barnevern og barneverninstitusjonar. Tema på fagdagen var «alvorleg skolefråver». Fagdagen hadde stor og brei oppslutning og fekk svært gode tilbakemeldingar.

Vi har dette året etablert nettverk for skoleansvarlege på barneverninstitusjonane i fylket (både statlege, private og ideelle). Det er gjennomført to samlingar. Tema på samlingane har vore meldeplikt og melderutinar når barn blir flytta til ein barneverninstitusjon, Bufdir sine rutinar for skoleansvarlege, informasjon om reglane i opplæringslova om rett og plikt til opplæring. I tillegg er også nettverket ein arena for drøfting av aktuelle problemstillingar.

Fylkesmannen har også hatt innlegg om rett og plikt til opplæring på barnevernleiersamling. Dette emnet var ein del av programmet på fagdagar om psykisk helse i regi av Fylkesmannen.

Fylkesmannen ved Helse-, sosial- og barnevernavdelinga og Utdanningsavdelinga har saman tatt initiativ og gjennomført møte med kommunar i krevjande saker.

Vi har erfart at engasjementet og kunnskap om barn i barnevernet og deira rett og plikt til opplæring, har auka i fylket. Vi får oftare spørsmål knytt til dette, vi blir spurt om råd i vanskelege saker og vi opplever at det er god deltaking på fagsamlingane.

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse... (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en samlet redegjørelse for arbeidet og erfaringene embetet har gjort seg i det tverretatlige samarbeidsprosjektet med Arbeids- og velferdsdirektoratet med «Forsøk med NAV-veileder i videregående skoler». Herunder bes det om en redegjørelse av konkrete tiltak i embetet og planer embetet har for det videre arbeid i fylket.

Rogaland har ikkje hatt forsøk med NAV-retteleiar i vidaregåande skule i 2017. NAV fylke har ei anna prioritering av innsats når det gjeld unge. Nav-kontora har ei eiga ungdomssatsing.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Fylkesmannen har fullt ut tilpassa verksemda til ressursane. Dette innber at ikkje alle oppgåvene blir løyste, dvs. nokre mindre avvik og oppgåver som vi meiner vi burde brukt meir tid og ressursar på kap 0525 gjekk med eit mindreforbrucl på ca 250 000 i 2017. Løyvingane frå særbudsjetta vart fullt ut brukt til tildelte føremål. Midlar til dekning av lønskostnader ga i tillegg ei administrativ kostnadsdekning på. Embetet har fleire fast tilsette medarbeidarar som er løna over særkapittel og er såleis avhengig av føreseielege løyvingar både av omsyn til planlegging og av omsyn til personalet. Årlege kutt i budsjettet er utfordrande. Til no har vi løyst dette ved ekstra innsats frå dei tilsette og tett oppfølging frå leiinga. Vi har likevel i utgangspunktet for lite ressursar på nokre område. Dette blir forverra ved auka saksmengde m.a på klagesaker.

Vi har ingen avvik når det gjeld bruk av tildelte midlar.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2017	Fagdep. 2017	Kapittel 0525, 2016	Fagdep. 2016
Arbeids- og sosialdepartementet	2 291	1 686	2 038	1 876
Barne- og likestillingsdepartementet	6 112	129	4 023	1 508
Helse- og omsorgsdepartementet	17 761	6 508	15 020	5 989
Justis- og beredskapsdepartementet	6 774	12 025	6 488	11 556
Klima- og miljødepartementet	12 005	5 007	9 661	3 399
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	49 497	1 433	43 638	1 957
Kunnskapsdepartementet	9 472	19 853	8 155	17 131
Landbruks- og matdepartementet	15 032	0	13 523	0
Andre	226	0	202	0
Sum	119 170	46 641	102 748	43 416

På kap.p. 0525 er det belasta to tilskot som ikkje er med i talla i tabellen. Lønskostnadane har auka hos alle departement i år 2017 på grunn av SPK, noko er verknad av lønskompensasjon. Barne- og likestillingsdep: "Styrking av tilsyn og adm.satsing på barnevern" vart gjort om til ramme (inn på hovud.kap). Justis- og beredskapsdep: "Rettleiing og tilsyn med kommunal beredsk.plikt" vart og gjort om til ramme. Når det gjeld KMD kan her nemnast at det har vore ein ekstraordinær lønsutbetaling.

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Fylkesmannen er godt nøgd med oppnådde resultat i forhold til samfunnsoppdraget og dei ressursane vi har til rådvelde. Embetet har svært god økonomistyring

og kom ut av 2017 med eit lite mindreforbruk på kap. 0525.

Som nemnt ovenfor gir stadige kutt i grunnløyvinga utfordringar, samstundes som vi blir endå meir avhengige av løyvinga på særkspittel. Vi såg helst at meir av særmidlane vart lagde inn i fellesbudsjettet (0525), noko som ville gje større flsksibilitet og forenkle planlegginga og gjere verksemda meir føreseieleg.

3.6 Andre forhold

Ingen særskilde forhold

4 Styring og kontroll i embetet

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Fylkesmannen, i tett samarbeid med leiargruppa, utarbeider/oppdaterer kvart år langtidspan/langtidsbudsjett, verksemdsplan og andre sentrale styringsdokument. Kutt i årelege budsjett, og storleiken på desse kutta, gjer planarbeidet krevjande og mindre føreseieleg enn ønskjeleg. Vi utarbeidde frå og med 2017 felles verksemdsplan for dei viktigaste fellestiltaka i embetet. Vi oppdaterer årleg strategiar og arbeidsmåtar for å nå måla i tildelingsbrev og VØL.

Oppfølging skjer gjennom leiarmøta og tertialmøte med leiinga i dei einiskilde avdelingane. Budsjettprognosar, riskovurderingar, måloppnåing og bemanningssituasjonen er vesentlege og faste element i desse samatalane.

4.1.1 Embetets risikostyring

Vi har etablert rutinar for risikostyring og riskovurdering som ledd i verksemdsplanarbeidet. Riskovurderingar føregår både på avdelings- og embetsleiar nivå. Riskovurderingar er fast tema på tertialmøta, mellom embetsleiinga og avdelingsleiinga, samt tema i fleire leiarmøte. System for avvikshandling er lagt inn i Risk Manager. Riskovurderingssystemet i Risk Manager blir tatt i bruk i 2018.

Dei viktigaste risikofaktorane er: tilstrekkelege personalressursar og kompetanse, der stabil bemanning er ein viktig faktor.

4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Embetet har etablert eit godt system for internkontroll og embetsstyring. Dei viktigaste elementa i dette er: Overordna strategi- og styringsdokument, Felles VP, Intern økonomiinstruks, Årleg budsjettvedtaksdokument, Delegeringsreglement og Retningsliner for samordning. Desse dokumenta er å finne i Risk Manager og på intranettet. Oppfølging frå embetsleiinga skjer gjennom tertialsamtalar med avdelingsleiinga og i leiarmøte.

Sidan 2016 har embetet hatt ein eigen controllerstilling kor hovudoppgåvene er knytt til økonomistyring og internkontroll.

Embetsleiinga gjennomfører fleire allmøte i året, der særleg nye og viktige styringssignal frå sentrale styresmakter er tema.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Embetet har ei stabil bemanning og vi får nok kvalifiserte søkjarar ved rekruttering. Det er ei utfordring at vi ikkje kan konkurrere med kommunane når det gjeld lønnsnivået. Det er nå ein markant skilnad på lønnsnivået i kommunane i Rogaland og andre statlege etatar i regionen. Risikoen for at godt kvalifiserte søkjarar fell frå undervegs i rekrutteringsprosessen er difor stor.

Kjønnsbalansen viser at embetet har stor overvekt av kvinner. Av 183 ansatte er 116 kvinner (63,4%) og 67 menn (36,6%).

Aldersfordelinga er slik:

16 ansatte 20 – 29 år

38 ansatte 30 – 39 år

46 ansatte 40 – 49 år

54 ansatte 50 – 59 år

28 ansatte over 60 år.

Embetet har ein eigen livsfasepolitikk som seier noko om å leggje til rette for å ivareta de ansatte sine behov i alle fasar av livet. Vi har også eigen avtale om seniorfri.

Kapasiteten til å løyse oppgåvene og innfri måla blir redusert frå år til år. Vi gjer ein nøye prioritering og riskovurdering.

Vi arbeider med effektivisering, digitalisering og smartare løysingar, men på dei aller fleste område kan ikkje menneskeleg kapasitet og kompetanse erstattast. Vi opplever i tillegg vekst i oppgåvemengde på fleire felt.

Kompetansesituasjonen er god. Avdelingane arbeider jamt med å kartlegga kompetansen og behov for opplæring. Vi har satt i gang intern opplæring ved bruk av egne folk i til dømes i kommunelova, forvaltningslova, offentleglova, barnekonvensjonen og innan PBL med hovudvekt på plandelen.

Heile leiargruppa har gjennomført leiirutviklingsprogram med Organisasjonspsykologene Bjørnson.

Vi nyttar også e-læringskurser til Difi.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Embetet har god oversikt over innkjøp av inventar, IKT-utstyr og anna. Omfanget av egne eignelutar med vesentleg materiell verdi er relativt avgrensa.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje motteke revisjonsberetning fra Riksrevisjonen for regnskapsåret 2017. Etter besøk og dialog med RR har vi ikkje kjennskap til spesielle svake punkt eller særlege utfordringar.

Alle tidligare merknader, mellom anna knytt til innkjøp er retta opp.

Embetet har eit fungerande system for informasjonstryggleik. Systemet er under revidering, mellom anna ved bruk av Risk Manager, og revisjonen vil bli ferdigstilt i 2018.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Personalmessige forhold

Embetet har pr 31.12.2017 183 tilsette; 116 kvinner (63,4%) og 67 menn (36,6%). Vi har flest tilsette i aldersgruppa 50-59, deretter 40-49. Vi har éin lærling i kontor- og administrasjonsfaget.

Embetet har inngått avtale med UiS om å ta inn 3 studenter på bachelornivå i sosiologi og statsvitenskap i arbeidspraksis (20 studiepoeng). Dette er eit ledd i å betre samhandlinga mellom akademia og arbeidsliv. Gjennom observasjon, samhandling, rettleiing og praktisk utøving skal studentane bli meir bevisste på si yrkesrolle og sine yrkes moglegheiter.

Fylkesmannen i Rogaland skal ha eit triveleg og inkluderande arbeidsmiljø som er kjenneteikna ved:

Meistring, trivsel og utvikling

Vi har hatt personalsamling for alle tilsette, med stor deltaking frå alle avdelingane. Etikkk var hovudtema for konferansen. Dette er eit årleg tiltak med mellom anna interessante foredrag, underhaldning, og som blir avslutta med middag.

Medbestemmelse

Vi har eigen tilpassingsavtale til hovudavtalen som regulerer samarbeidet med fagorganisasjonane og handtering av medbestemmesretten. Vi har faste møte i Samarbeidsutvalet (leiinga og hovudsamanslutningane) minimum 4 gonger per år.

I februar 2017 er det inngått avtale med bedriftshelseteneste. Vi har ikkje hatt slik avtale tidlegare. Alle tilsette har fått ergonomisk kartlegging og rettleiing. Vi har gjennomført 2 kurs i førstehjelp med hjartestartar.

HMS - arbeidsmiljø

Fylkesmannen i Rogaland er IA-verksemnd. Målet i IA-handlingsplanen er sjukefråvær på maksimum 3,5 prosent. I 2017 var fråværet på 4,1prosent, som er stabilt samanlikna med 2016. Det er avdelingsvise variasjonar i fråværet. Det er også vesentlege forskjellar mellom kvinner og menn. Ein del langtidssjukemeldte dreg snittet opp. Det er lite som tyder på at noko av sjukefråveret er arbeidsrelatert. Fråværsstatistikken blir kvart kvartal gjennomgått i leiarmøtet og årleg i arbeidsmiljøutvalet. Vi har også hatt sjukefråver som tema for alle leiarane i samarbeid med bedriftshelsetenesta.

HMS-systemet til embetet er i Risk Manager og blir revidert etter ein fast syklus.

Fylkesmannen i Rogaland fekk fornya tillit som Miljøfyrtårn i 2016.

4.3 Andre forhold

Ingenting å rapportere her

5 Vurdering av framtidssutsikter

5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Det vart i 2017 avklart at Rogaland held fram som eigen region. Det same gjeld fylkesmannsembetet. Dette er viktige føresetnader for å kunne planlegge framover. Frå 2020 får fylket to nye kommunar ved at Rennesøy og Finnøy går saman med Stavanger og Forsand med Sandnes. Nokre grensejusteringar er enno uavklarte, og vil til dels prege arbeidet også i 2018. Regjeringa arbeider vidare med kommunsstruktur. Dette arbeidet vil venteleg også involvere fylkesmennene.

I 2019 vil FMFA vere etablert. Alt etter kor mykje av Fylkesmannen sine oppgåver som vil bli samla i FMFA, vil etableringa få stor innverknad på Fylkesmannen sin organisasjon og verksemd.

Når det gjeld framtidssiktene for regionen så viser vi til den relativt låge veksen i 2017, om lag den same som i 2016. At nær halvparten av kommunane i fylket har nedgang i folketalet, er uvanleg. Vi ser ikkje for oss vesentleg endring i åra som kjem. Dette trass i at vi ser lysning i oljenæringa og reduksjon i arbeidsløysa. Sysselsetjinga i olje- og gassnæringa vil aldri kome attende på same nivå som for 4-5 år sidan.

Statistikk viser at skilnadene, og dermed også fattigdomen veks i regionen. Dette er ei utvikling det er all grunn til å følgje med på.

Samstundes er regionen midt oppe i store vegprosjekt, og vil få fleire framover (Ryfast og Rogfast m.m.). Det er dessutan vedtatt å bygge nytt sentralsjukehus i Stavanger om nokre år. Desse tiltaka vil verke positivt på aktivitet og sysselsetjing.

Av interne forhold så nemner vi igjen uballanse mellom oppgåver og ressursar, som berre blir forsterka av årlege budsjettkutt. Vi forventar at ny ressursfordelingsmodell vil rette opp i dette forholdet.

Klimaendringane gir mellom anna meir uvær og set derved fylket og kommunane sitt beredskapsarbeid på prøve. Fylkesmannen må såleis også prioritere dette framover.

5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Trass i redusert vekst er fylket prega av stor aktivitet og innovasjonskraft. Dei store prosjekta, nemnde ovanfor, vil også få innverknad på fylkesmannen si verksemd, særleg når det gjeld planarbeid og forureining/utslepp.

Auka skilnader mellom folk og auka fattigdom er forhold Fylkesmannen vil måtte følgje ekstra godt med på, særleg med tanke på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Redusert vekst kan gje mindre press på arealet, men også utfordringar for kommunane, både når det gjeld økonomi og sosiale ytingar. Dette vil også prege Fylkesmannen si verksemd. Eventuelt overføring av statlege oppgåver til fylkeskommunen vil også merkast hos Fylkesmannen, både fagleg og personalmessig.

Det er svært viktig at Fylkesmannen blir gitt handlingsrom, både organisatorisk og fagleg til å handtere slik utvikling. Tilstreккеlege og føreseielege budsjetttrammer er viktige element i dette. Og så skal vi følgje opp arbeidet med effektivisering og digitalisering.

5.3 Andre forhold

Ingenting å melde her.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Rogaland.pdf](#)



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Org. nr.: 974763230

Riksrevisjonens beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Fylkesmannen i Rogalands årsregnskap for 2017. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2017.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 447 712 711 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Fylkesmannen i Rogalands årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2017 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2017, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen. Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsen og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde

Vi kommuniserer med ledelsen og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss med moderat sikkerhet om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk for økonomistyring.

Oslo; 27.04.2018

Etter fullmakt

Erna Jørgensen Lea
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur